

KARTLEGGING AV BIOLOGISK MANGFALD I VESTNES KOMMUNE, MØRE OG ROMSDAL

av John Bjarne Jordal



Vestnes kommune
2003

Forfattar:

John Bjarne Jordal
6610 Øksendal
Telefon 71 69 54 45
epost: bjjordal@online.no

Kan siterast fritt når ein viser til kjelde.

Rapporten kan bestillast fra:

Vestnes kommune
6390 Åndalsnes
Telefon 71 18 40 00

Denne rapporten kan refererast som:

Jordal, J. B., 2003: Kartlegging av biologisk mangfald i Vestnes kommune, Møre og Romsdal. Vestnes kommune, rapport. 114 s. + kart. ISBN 82-993116-1-6.

Framsidedfoto, øvst: Feøya har mange kvalitetar, m.a. som naturbeitemark og hekkeområde for sjøfugl.

Framsidedfoto, nedst: Tresfjordreira er eit av dei store elveos-områda i fylket.

Foto: John Bjarne Jordal.

FØREORD

Prosjektet kartlegging av biologisk mangfald i Vestnes kommune ligg no føre i rapportform. Bakgrunnen for prosjektet er konvensjonen om biologisk mangfald som vart vedteken på verdskonferansen i Rio de Janeiro i 1992. Som ein følge av dette har Stortinget vedteke at alle norske kommunar innan 2003 skal ha kartlagt det biologiske mangfaldet i sitt område. Arbeidet i Vestnes er utført av biolog John Bjarne Jordal på oppdrag av Vestnes kommune og etter retningsliner frå Direktoratet for Naturforvaltning. Ein ønskjer å takka alle som har hjelpt til undervegs i arbeidet.

Vi har no eit langt betre grunnlag til å kunne ta vare på naturverdiane i Vestnes kommune. Rapporten bør nyttast av alle som arbeider med planarbeid i kommunen.

Rapporten bør ellers vere nyttig for skuleverket, foreiningar innan natur og friluftsliv og einskildpersonar som er opptekne av å ta vare på mangfaldet i naturen i Vestnes.

For Vestnes kommune

John-Ole Aarsæther
skogansvarleg

INNHALD

SAMANDRAG	6
INNLEIING.....	11
BAKGRUNN	11
FORMÅL	11
NOKRE BEGREP	11
METODAR OG MATERIALE	13
INNSAMLING AV INFORMASJON	13
ARTSBESTEMMING OG DOKUMENTASJON	15
VERDSETTING OG PRIORITERING	15
PRESENTASJON	17
NATURGRUNNLAG OG NATURTYPAR	18
LANDSKAP M.M.	18
KLIMA.....	18
GEOLOGI	18
LAUSMASSAR	19
NATUR- OG BIOGEOGRAFISK Plassering	19
KULTURLANDSKAP	20
HAVSTRAND/KYST	21
SKOG.....	21
MYR.....	22
FERSKVATN/VÅTMARK	22
BERG, RASMARK OG KANTKRATT	22
FJELL	23
UNDERSØKTE OMRÅDE.....	24
01 REKDAL: REKDALSSETRA (NATURBEITEMARK)	24
02 REKDAL: REITHAMRAN (HASSELSKOG)	24
03 REKDAL: VED SKIFTINGSELVA (NORDVENDTE KYSTBERG)	25
04 GJELSTEIN: SOLLIA (KYSTFURUSKOG)	26
05 GJELSTEIN: GJELSTEINSTRANDA (SVARTORSKOG).....	27
06 FIKSDAL: ELLINGSÆTERSETRA (NATURBEITEMARK)	27
07 FIKSDAL: STORMYRA (INTAKT LÅGLANDSMYR)	28
08 TOMREFJORD: UNDER STRANDASTOLEN (BERG, EDELLAUVSKOG)	29
09 TOMREFJORD: JUVIKPLASSEN (SLÅTTEENG)	29
10 TOMREFJORD: TOMREFJORDBOTNEN (BRAKKVASSDELTA)	30
11 TOMREFJORD: KLINGRÅ (SLÅTTEENG).....	31
12 TOMREFJORDFJELLET: FROSTADSETRA (NATURBEITEMARK).....	31
13 TOMREFJORDFJELLET: FROSTADSETRA (BARLIND)	32
14 TOMREFJORDFJELLET: FROSTADSETRA (SUMPSKOG).....	32
15 TOMREFJORDFJELLET: JOSTØLEN (NATURBEITEMARK).....	33
16 TOMREFJORDFJELLET: NORD FOR LITTLESTØYLEN (BARLIND)	34
17 TOMREFJORDFJELLET: BYGDESETRA (NATURBEITEMARK)	34
18 TOMREFJORD: LANGSTEIN (GAMMAL LAUVSKOG).....	35
19 TOMREFJORD: BÅTSNESHOLMEN (NATURBEITEMARK, VILTLOKALITET)	36
20 ØVERÅS/FURLAND: VED ELVESTAD (INTAKT LÅGLANDSMYR)	36
21 ØVERÅS/FURLAND: ØVERÅSLIA (INTAKT LÅGLANDSMYR).....	37
22 ØVERÅS: VED ØVREBØ (INTAKT LÅGLANDSMYR).....	38
23 ØVERÅS: ØVERÅSTJØNNENE (INTAKT LÅGLANDSMYR)	38
24 LEIRVÅGEN (STRANDENG)	39
25 LEIRVÅGFJELLET: LAUGA (FERSKVATN/VÅTMARK).....	39
26 LEIRVÅGFJELLET/ÅSFJELLET: BARLINDNAKKEN (KYSTFURUSKOG M. BARLIND)	40
27 LEIRVÅGFJELLET/ÅSFJELLET: BARLINDTJØNNA (FERSKVATN/VÅTMARK).....	41
28 LEIRVÅGFJELLET/ÅSFJELLET: LANGVATNET (FERSKVATN/VÅTMARK).....	42
29 LEIRVÅGFJELLET/ÅSFJELLET: LANGVASSDALEN-FAKSEÅSEN (KYSTFURUSKOG).....	42

30	ÅSBYGDA: SØRÅSVATNET (FERSKVATN/VÅTMARK)	43
31	ÅSBYGDA: DJUPMYRA (INTAKT HØGMYR)	44
32	ÅSBYGDA: LØKEN (BEKKEN FRÅ SØRÅSVATNET) (VIKTIG BEKKEDRAG)	44
33	FLATEVÅGEN (BRAKKVASSPOLL)	45
34	VESTNES-STRAUMEN (GRUNN STRAUM)	46
35	FLATEVÅGEN: FLATEBUKTA (UNDERVASSENGER)	47
36	FLATEVÅGEN: LEIRVIKA (UNDERVASSENGER)	47
37	FLATEVÅGEN: KRÅKVIKA (UNDERVASSENGER)	48
38	FLATEVÅGEN: SVINGEILEN-LEIRVIKA (HAVSTRAND)	49
39	FLATEVÅGEN: LEIRVIKA (SVARTORSKOG)	50
40	FLATEVÅGEN: BERGA (STRANDBERG)	50
41	VESTNES: FEØYA (NATURBEITEMARK, EDELLAUVSKOG, SJØFUGL)	51
42	VESTNES: RAMBERGKOLLEN (GAMMEL SKOG)	53
43	SKORGEDALEN: KJELBOTNBAKKEN (RIKMYRER)	54
44	SKORGEDALEN: KJELBOTN-HAGGARDEN LANGS SKORGELVA (GRÅOR-HEGGESKOG)	54
45	SKORGEDALEN: KJELBOTN (SLÅTTEENG)	55
46	SKORGEDALEN: VED ELLINGSGARDEN (NATURBEITEMARK)	56
47	SKORGEDALEN: MELLOM FREMSTEDAL OG ELLINGSGARDEN (RIKMYR)	57
48	SKORGEDALEN: VEST FOR ELLINGSGARDEN (ARTSRIK VEGKANT)	57
49	SKORGEDALEN: VED HELLAND (SKOGENG)	58
50	SKORGEDALEN: HELLAND (SLÅTTEENG)	59
51	SKORGEDALEN: BAKKESÆTRA (NATURBEITEMARK)	59
52	SKORGEDALEN: FREMSTEDAL, VED HYTTE (GML. SLÅTTEENG)	60
53	SKORGEDALEN: TROLLBOTNMYRA (MYR)	60
54	ØRSKOGFJELLET: AUST FOR SKITNESETRA (RIKMYRER)	61
55	ØRSKOGFJELLET: VED SMÅTJØNNAN (RIKMYR)	62
56	ØRSKOGFJELLET: SMÅTJØNNAN (FERSKVATN/VÅTMARK)	62
57	ØRSKOGFJELLET: NYSETERVATNET NATURRESERVAT (MYR)	63
58	ØRSKOGFJELLET: MÅSLIA (MYR)	64
59	TRESFJORDEN: AUSTSIDA AV BJERMELANDSNAKKEN (EDELLAUVSKOG)	64
60	TRESFJORDEN: LØVIKSETRA (NATURBEITEMARK)	65
61	TRESFJORDEN: EIDHAMMARSETRA (NATURBEITEMARK)	65
62	TRESFJORDEN: LØVIKA: KRIKEN (SLÅTTEENG)	66
63	TRESFJORDEN: TRESFJORDLEIRA (BRAKKVASSDELTA)	67
64	KJERSEMDALEM: VARLIBAKKEN LOK. 1 (RIKMYR)	68
65	KJERSEMDALEM: VARLIBAKKEN LOK. 2 (RIKMYR)	69
66	KJERSEMDALEN: SMÅLIHAMRANE (RIK EDELLAUVSKOG)	69
67	KJERSEMDALEN: KJERSEMSETRA (NATURBEITEMARK)	70
68	KJERSEMDALEN: KJERSEMVATNET (FERSKVATN/VÅTMARK)	71
69	TRESFJORDEN: ELVEMØTET DALELVA/DALSELVA (GRÅOR-HEGGESKOG)	71
70	TRESFJORDEN: RYPDAL, UNDER VARDFJELLET (EDELLAUVSKOG)	72
71	TRESFJORDEN: RYPDALSSETRA (NATURBEITEMARK)	73
72	TRESFJORDFJELLET: DALSBOTNEN (RIK FJELLVEGETASJON)	74
73	TRESFJORDFJELLET: DALSKLEIVA (RIK FJELLVEGETASJON)	74
74	DAUGSTAD: LIAFOSSEN (FOSSESPRØYTSONE)	75
75	DAUGSTAD: SAKSELIA (SLÅTTEENG)	75
76	DAUGSTAD: SÆSÆTRA	76
77	DAUGSTAD: DAUGSTADSETRENE	77
78	VILLA: VILLASETRA (NATURBEITEMARK)	77
79	SKJEGGSTAD: OLASETRA (ØVSTE SKJEGGSTADSETRA) (NATURBEITEMARK)	78
80	SKJEGGSTAD: (NEDSTE) SKJEGGSTADSETRA (NATURBEITEMARK)	78
81	SKJEGGSTAD: UNDER HELSETNAKKEN (SKOG)	79
82	VIKESÆTRA (NATURBEITEMARK)	80
RAUDLISTEARTAR OG ANSVARSARTAR		81
	GENERELT	81
	FUNNOVERSIKT	82
	SOPP	85
	LAV	85
	MOSE	85
	PLANTER	85

FUGL.....	86
PATTEDYR.....	87
OPPSUMMERING OG TILRÅDINGAR.....	88
NATURTYPAR SOM ER UVANLEGE/TRUGA	88
RAUDLISTEARTAR.....	88
KUNNSKAPSSTATUS	88
UTFORDRINGAR I LOKALFORVALTNINGA	89
LITTERATUR	90
LITTERATUR SOM BERØRER VESTNES	90
ANNAN LITTERATUR	100
VEDLEGG.....	102
PLANTELISTE FOR VESTNES	102
PLANTELISTER FOR LOKALITETAR	104
SOPPLISTE FOR VESTNES.....	112
SOPPLISTER FOR LOKALITETAR	113
LAVLISTE FOR VESTNES.....	114
LAVLISTER FOR LOKALITETAR	115

SAMANDRAG

Bakgrunn og formål

Bakgrunnen for rapporten er tilgang på statlege tilskott til kartlegging av biologisk mangfald, kombinert med kommunen sitt ønske om betre kjennskap til område med naturverdiar som bør takast omsyn til i kommunalt planarbeid. Dette er ledd i ei statleg satsing for å auka kompetansen og styrka det lokale nivået i forvaltninga av det biologiske mangfaldet.

Hovudføremålet med prosjektet er å gje kommunen og dei einskilde grunneigarane eit godt naturfagleg grunnlag for den framtidige forvaltninga av naturen i kommunen, slik at ein betre kan ta omsyn til det biologiske mangfaldet i alt planarbeid.

Metodikk

Metoden går i hovudsak ut på å identifisera område som er særleg verdifulle for det biologiske mangfaldet, fordi dei er levestader for særleg mange artar, eller for uvanlege eller kravfulle artar som har vanskeleg for å finna leveområde elles i landskapet. Kva naturtypar dette gjeld, er definert i ei handbok i kartlegging av biologisk mangfald (Direktoratet for naturforvaltning 1999a).

For å få tak i eksisterande kunnskap er det brukt litteratur, Naturbasen m.m. hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal, databasar på Internett, museumssamlingar, og samtalar med fagfolk og lokalkjente folk. For å skaffa fram ny kunnskap er det satsa ein del på feltarbeid, i alt 14 feltdagar. Informasjonen er samanstilt og lokalitetane er prioritert etter metodane i DN-handboka. Dette omfattar mellom anna vektlegging av indikatorartar (signalartar). Informasjonen er presentert på kart, i rapport og i database.

Lokalitetane er verdsett etter metodikken i DN (1999a) med unntak av rik edellauvskog og kulturlandskap. Her er verdsettinga justert ned (sjå metodekapitlet), fordi ein etter underteikna sitt syn får for mange A-lokalitetar.

Naturgrunnlag

Naturgrunnlaget er kort oppsummert når det gjeld landskap, arealstatistiske data, klima, geologi, lausmassar, og naturgeografisk og biogeografisk plassering. Vidare er dei ulike hovudnaturtypane i Vestnes kort skildra.

Tabell 1. Naturtypar kartlagte etter DN-handboka i Vestnes kommune.

Hovudnaturtype	Undernaturtype	Kommentar
Berg/rasmark	Sørvendte berg/rasmarker	Solrike berg/rasmarker med interessant flora
Berg/rasmark	Nordvendte kystberg	Berghamrar og steinblokker med fuktkevande mose- og lavflora i fuktig, vintermildt klima (Rekdal). Ikkje i DN (1999a), skildra av Gaarder m.fl. (2001).
Ferskvatn/våtmark	Viktige bekkedrag	Bekkar med interessant flora eller fauna
Ferskvatn/våtmark	Fossesprøytoner	Område nær fossar påverka av fossegov
Ferskvatn/våtmark	Andre viktige førekomstar	På Vestlandet kan det vera grunn til å ta med ein del innsjøar/tjønner i låglandet (ikkje berre i kulturlandskapet, og ikkje berre dei næringsrike slik som i DN-permen), desse har ofte viltfunksjon
Fjell	Kalkrike område i fjellet	Område med kalkkevande fjellplanter
Havstrand/kyst	Brakkvassdelta	Tresfjordleira er døme på eit brakkvassdelta
Havstrand/kyst	Brakkvasspollar	Flatevågen er ein brakkvasspoll, med ei blanding av salt og ferskt vatn
Havstrand/kyst	Grunne straumar	Sund med sterke tidevass-straumar (Vestnesstraumen)
Havstrand/kyst	Strandenger/strandsump	Saltpåverka enger og sumpar i fjøra
Havstrand/kyst	Undervassenger	Område med havgras eller ålegras, oftast lite tørrlagt (m.a. Flatevågen)
Kulturlandskap	Artsrike vegkantar	Vegkantar som blir slått, og som har ein artsrik flora
Kulturlandskap	Naturbeitemark	Artsrike, helst ugjødsla beitemarker med lang hevd
Kulturlandskap	Slåtteeng	Artsrike, helst lite gjødsla slåtteenger med lang hevd
Myr	Rikmyr	Myr med høg pH og innslag av kalkkevande planter og mosar
Myr	Intakt høgmyr	Myr (nedbørsmyr) som er høgast innpå myra, fuktig klima, låglandet
Myr	Intakt låglandsmyr	Myr i låglandet som er lite påverka av fysiske ingrep
Skog	Rik edellauvskog	Skogar m. alm, hassel og varmekjære planter.
Skog	Gråor-heggeskog	Fuktig skog langs vassdrag (flommark), m.a. Skorgedalen.
Skog	Kalkskog	Skog med gras- og urterik vegetasjon av kalkkevande planter, eller lågurtskog (svakt utvikla fleire stader, m.a. Helsetnakken)
Skog	Kystfuruskog	Furuskog på kysten, helst større, velutvikla område med ein del gamle tre
Skog	Gammelskog (furuskog)	Lite påverka furuskog med god tilgang på læger og gadd, og med kravfulle artar knytt til daud ved, overlapp med kystfuruskog
Skog	Gammel lauvskog	Lite påverka lauvskog med god tilgang på læger, og med kravfulle artar knytt til daud ved
Skog	Rikare sumpskog	Skog med høg grunnvass-stand, i Vestnes mest nytta om svartorskog

Viktige lokalitetar i Vestnes

Nedanfor er lista opp alle lokalitetar i kategori A (svært viktig), B (viktig) og C (lokalt viktig). Lokalitetane er gjeve nummer frå 10001 og oppover. Lokalitetar som er med i Naturbasen (Fylkesmannen 1999) har også eit nummer i denne basen, dette er i denne rapporten nemnt i parentes under i områdeskildringane.

Tabell 2. Viktige lokalitetar i Vestnes. Tabellen gjev ei oversikt over avgrensa og verdsette lokalitetar sorterte etter nummer. Nummersettinga er prøvd gjort slik at nærliggjande lokalitetar hamnar saman. A=svært viktig, B=viktig, C=lokalt viktig. Alle lokalitetsnummer tek til med 1535- som er kommunenummeret. I tabellen er berre siste del av nummeret teke med.

Nr.	Lokalitet		Naturtype	Verdi
10001	Rekdal: Rekdalssetra	kulturlandskap	naturbeitemark	A
10002	Rekdal: Reithamran	skog	rik edellauvskog	C
10003	Rekdal: ved Skiftingselva	rasmark, berg og kantkratt	nordvende kystberg	C
10004	Gjelstein: Sollia	skog	kystfuruskog, viltområde	A
10005	Gjelstein: Gjelsteinstranda	skog	rikare sumpskog	B
10006	Fiksdal: Ellingsætersetra	kulturlandskap	naturbeitemark	B
10007	Fiksdal: Stormyra	myr	intakt låglandsmyr	B
10008	Tomrefjord: under Strandastolen	rasmark, berg og kantkratt	nordvende kystberg	C
10009	Tomrefjord: Juvikplassen	kulturlandskap	slåtteenger	B
10010	Tomrefjord: Tomrefjordbotnen	havstrand/kyst	brakkvassdelta, viltområde	C

Tabell 2 forts. Viktige lokaliteter i Vestnes.

Nr.	Lokalitet		Naturtype	Verdi
10011	Tomrefjord: Klingrå	kulturlandskap	slåtteenger	B
10012	Tomrefjordfjellet: Frostadsetra	kulturlandskap	naturbeitemark	B
10013	Tomrefjordfjellet: Frostadsetra	skog	andre viktige førekomstar	C
10014	Tomrefjordfjellet: Frostadsetra	skog	rikare sumpskog	C
10015	Tomrefjordfjellet: Jostølen	kulturlandskap	naturbeitemark	A
10016	Tomrefjordfjellet: nord for Litlestøylen	skog	edellauvskog	B
10017	Tomrefjordfjellet: Bygdesetra	kulturlandskap	naturbeitemark	B
10018	Tomrefjord: Langstein	skog	gammal lauvskog	B
10019	Tomrefjord: Båtsnesholmen	kulturlandskap	naturbeitemark, viltområde	B
10020	Øverås/Nerås: ved Elvestad	myr	intakt låglandsmyr	C
10021	Øverås/Nerås: Øveråslia	myr	intakt låglandsmyr	C
10022	Øverås/Nerås: ved Øvrebø	myr	intakt låglandsmyr	C
10023	Øverås/Nerås: Øveråstjønnene	myr	intakt låglandsmyr, viltområde	C
10024	Leirvågen	havstrand/kyst	strandeng og strandsump	C
10025	Leirvågfjellet: Lauga	ferskvatn/våtmark	andre viktige førekomstar, viltområde	C
10026	Leirvågfjellet: Barlindnakken	skog	kystfuruskog	B
10027	Leirvågfjellet: Barlindtjønna	ferskvatn/våtmark	andre viktige førekomstar, viltområde	C
10028	Leirvågfjellet: Langvatnet	ferskvatn/våtmark	andre viktige førekomstar, viltområde	C
10029	Leirvågfjellet: Langvassdalen-Fakseåsen	skog	kystfuruskog, viltområde	B
10030	Åsbygda: Søråsvatnet	ferskvatn/våtmark	andre viktige førekomstar, viltområde	C
10031	Åsbygda: Djupmyra	myr	intakt høgmyr	B
10032	Åsbygda: Løken (bekken frå Søråsvatnet)	ferskvatn/våtmark	viktig bekkedrag	B
10033	Vestnes: Flatevågen	havstrand/kyst	brakkvasspoll, viltområde	B
10034	Vestnes: Vestnes-straumen	havstrand/kyst	grunn strau	B
10035	Vestnes: Flatevågen: Flatebukta	havstrand/kyst	undervasseng	B
10036	Vestnes: Flatevågen: Leirvika	havstrand/kyst	undervasseng	B
10037	Vestnes: Flatevågen: Kråkvika	havstrand/kyst	undervasseng	B
10038	Vestnes: Flatevågen: Svingeilen-Leirvika	havstrand/kyst	strandeng og strandsump, viltområde	B
10039	Vestnes: Flatevågen: Leirvika	skog	rikare sumpskog	B
10040	Vestnes: Flatevågen: Berga	rasmark, berg og kantkratt	sørvendt berg og rasmark	C
10041	Vestnes: Feøya	kulturlandskap	naturbeitemark, viltområde	A
10042	Vestnes: Rambergkollen	skog	gammel skog	C
10043	Skorgedalen: Kjelbotnbakken	myr	rikmyr	B
10044	Skorgedalen: Kjelbotn-Haggarden langs Skorgelva	skog	gråor-heggeskog	B
10045	Skorgedalen: Kjelbotn	kulturlandskap	slåtteenger	A
10046	Skorgedalen: ved Ellingsgarden	kulturlandskap	naturbeitemark	B
10047	Skorgedalen: mellom Fremstedal og Ellingsgarden	myr	rikmyr	A
10048	Skorgedalen: vest for Ellingsgarden	kulturlandskap	artsrike vegkantar	B
10049	Skorgedalen: ved Helland	kulturlandskap	slåtteenger	B
10050	Skorgedalen: Helland	kulturlandskap	slåtteenger	B
10051	Skorgedalen: Bakksetra	kulturlandskap	naturbeitemark	B
10052	Skorgedalen: Fremstedal, ved hytte	kulturlandskap	slåtteenger	C
10053	Skorgedalen: Trollbotnmyra	myr	rikmyr	B
10054	Ørskogfjellet: aust for Skitnesetra	myr	rikmyr	B
10055	Ørskogfjellet: ved Småtjønnan	myr	rikmyr	B

Tabell 2 forts. Viktige lokalitetar i Vestnes.

Nr.	Lokalitet		Naturtype	Verdi
10056	Ørskogfjellet: Småtjønnan	ferskvatn/våtmark	andre viktige førekomstar, viltområde	C
10057	Ørskogfjellet: Nysetervatnet naturreservat	ferskvatn/våtmark	andre viktige førekomstar, viltområde	C
10058	Ørskogfjellet: Måslia	myr	rikmyr	B
10059	Tresfjorden: austsida av Bjermelandsnakken	skog	rik edellauvskog	A
10060	Tresfjorden: Løviksetra	kulturlandskap	naturbeitemark	B
10061	Tresfjorden: Eidhammarsetra	kulturlandskap	naturbeitemark	B
10062	Tresfjorden: Løvika: Kriken	kulturlandskap	slåtteenger	A
10063	Tresfjord: Tresfjordleira	havstrand/kyst	brakkvassdelta, viltområde	A
10064	Kjersemdalen: Varlibakken lok. 1	myr	rikmyr	B
10065	Kjersemdalen: Varlibakken lok. 2	myr	rikmyr	B
10066	Kjersemdalen: Smålihamrane	skog	rik edellauvskog	C
10067	Kjersemdalen: Kjersemsetra	kulturlandskap	naturbeitemark	C
10068	Kjersemdalen: Kjersemvatnet	ferskvatn/våtmark	andre viktige førekomstar, viltområde	C
10069	Tresfjord: Elvemøtet Dalelva/Dalselva	skog	gråor-heggeskog	C
10070	Tresfjord: Rypdal, under Vardfjellet	skog	rik edellauvskog	B
10071	Tresfjord: Rypdalssetra	kulturlandskap	naturbeitemark	C
10072	Tresfjordfjellet: Dalsbotnen	fjell	kalkrike område i fjellet	C
10073	Tresfjordfjellet: Dalskleiva	fjell	kalkrike område i fjellet	B
10074	Daugstad: Liafossen	ferskvatn/våtmark	fossesprøytsoner	C
10075	Daugstad: Sakselia	kulturlandskap	slåtteenger	A
10076	Daugstad: Sessetra	kulturlandskap	naturbeitemark	B
10077	Daugstad: Daugstadsetrene	kulturlandskap	naturbeitemark	B
10078	Villa: Villasetra	kulturlandskap	naturbeitemark	C
10079	Skjeggstad: Olasetra (Øvste Skjeggstadsetra)	kulturlandskap	naturbeitemark	C
10080	Skjeggstad: (Nedste) Skjeggstadsetra	kulturlandskap	naturbeitemark	C
10081	Skjeggstad: under Helsetnakken	skog	rik edellauvskog	B
10082	Vikesetra	kulturlandskap	naturbeitemark	C

Tabell 3. Fordeling av talet på lokalitetar etter hovudnaturtype og verdi. A=svært viktig, B=viktig, C=lokalt viktig.

Hovudnaturtype\verdi	A	B	C	Sum
havstrand/kyst	1	6	2	9
kulturlandskap	6	15	7	28
ferskvatn/våtmark		1	8	9
myr	1	9	4	14
skog	2	9	6	17
berg, rasmark og kantkratt			3	3
fjell		1	1	2
SUM	10	41	31	82

I tabell 3 kan ein sjå at det er registrert flest lokalitetar innanfor hovudnaturtypene kulturlandskap, skog og myr, noko som ikkje er uventa i ein kommune som Vestnes. Deretter kjem havstrand/kyst og ferskvatn/våtmark, medan naturtypene berg, rasmark og kantkratt og fjell har berre 2 lokalitetar kvar, dels fordi dei har vore lågt prioriterte i feltarbeidet.

Raudlisteartar og ansvarsartar

Ei *raudliste* er ei liste over artar som i ulik grad er truga av menneskeleg verksemd. Det kan vera ulike fysiske inngrep i form av utbygging, det kan vera skogsdrift eller omleggingar i

jordbruket, forureining, samling m.m. Slike artar kallast raudlisteartar, og er lista opp i ein nasjonal rapport (DN 1999b).

Det er registrert 69 funn av raudlisteartar av planter, mosar, sopp og lav i Vestnes, og dei som er kjent, er omtala i eit eige kapittel. Raudlisteartar av virveldyr er også kort presenterte her.

Ansvarsartar er artar der Noreg har eit særleg internasjonalt ansvar fordi vi har ein stor del av bestandane. Slike artar er kort kommentert.

Oppsummering og tilrådingar

Det er sett opp eit oversyn over naturtypar, lokalitetar og artsgrupper som er uvanlege eller truga, og som det derfor er viktig å vera merksam på i det lokale planarbeidet. Råd omkring forvaltning og omsyn er elles gjeve under den einskilde lokaliteten. Viktige naturtypar for det biologiske mangfaldet i Vestnes er havstrand, kulturlandskap (særleg naturbeitemarkar og tradisjonelle slåtteenger), låglandsmyr og skog (særleg kystfurusskog, gråor-heggeskog og ulike typar gammel skog). Dei fleste kjende raudlisteartane er knytt til kulturlandskap eller gammel skog. Viktige forvaltningstiltak vil vera å unngå fysiske inngrep, oppretthalda tradisjonell drift som beiting m.m. i verdifullt kulturlandskap, unngå treslagskifte i verdifull skog, og unngå forureining.

Det er vidare teke med ei kort vurdering av kunnskapsstatus etter dette prosjektet, og på kva område det er behov for meir kunnskap. Det er særleg i skog det er behov for meir kunnskap, og da særleg kunnskap om kvar det finst restar av gammel skog. Elles er kunnskapen om mange organismegrupper i Vestnes svært dårleg.

Eit avsnitt oppsummerer utfordringane i kommunen etter at dette prosjektet er ferdig. Det går særleg på intern og ekstern informasjon, haldningsskapande arbeid, gode planleggings- og saksbehandlings-rutiner og framtidig supplering av kunnskapsgrunlaget.

Litteratur

Ein eigen litteraturliste er under utarbeiding over litteratur om naturen i Møre og Romsdal. Eit søk på Vestnes i denne basen ga 348 treff. Her vil det forhåpentleg finnast noko som har lokal interesse, t. d. til skulebruk.

Vedlegg

I vedlegga er det presentert artslistar for nokre organismegrupper (planter, lav og sopp), dels for heile kommunen, dels for einskildlokalitetar.

INNLEIING

Bakgrunn

Bakgrunnen for rapporten er tilgang på statlege tilskott til kartlegging av biologisk mangfald, kombinert med kommunen sitt ønske om betre kjennskap til område med naturverdiar som bør takast omsyn til i kommunalt planarbeid. Dette er ledd i ei statleg satsing for å auka kompetansen og styrka det lokale nivået i forvaltninga av det biologiske mangfaldet.

Bakgrunnen frå statleg hald er Stortingsmelding nr. 58 (1996-97), "Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling. Dugnad for framtida". Denne vart vedteken i 1998, og legg premissane for kartleggjinga av alle norske kommunar. Forhistoria til dette er igjen Brundtlandkommisjonens rapport frå 1997, og "Konvensjonen om biologisk mangfald" som vart vedteken på verdskonferansen i Rio i 1992, ratifisert av Norge i 1993 og som tredje i kraft i 1994. Heile kartleggingsarbeidet i kommunane er planlagt ferdig innan 2004. Direktoratet for Naturforvaltning (DN) kom i 1999 med ei handbok som gjev retningslinene for korleis arbeidet er tenkt gjennomført (DN 1999a).

Formål

Hovudføremålet med prosjektet er å gje kommunen og dei einskilde grunneigarane eit godt naturfagleg grunnlag for den framtidige forvaltninga av naturen i kommunen, slik at ein betre kan ta omsyn til det biologiske mangfaldet i all planlegging.

Arbeidet har gått ut på å identifisera område som er særleg verdifulle for det biologiske mangfaldet, fordi dei er levestader for særleg mange artar, eller for uvanlege eller kravfulle artar som har vanskeleg for å finna leveområde elles i landskapet (jfr. metodikk-kapitlet).

Nokre begrep

Beitemarkssopp: grasmarkstilknytt soppartar med liten toleranse for gjødsling og jordarbeiding, og med preferanse for langvarig hevd – dei har derfor tyngdepunkt i naturenger og naturbeitemarker.

Biologisk mangfald omfattar mangfald av

- naturtypar
- artar
- arvemateriale innanfor artane

Edellauskog: skog med vesentlig innslag av dei varmekjære lauvtreslaga (alm, bøk, ask, spisslønn, lind, svartor, eik og hassel). I Vestnes er det alm, svartor og hassel som er aktuelle. Desse treslaga krev ein gjennomsnittstemperatur for perioden juni-september på 11-13 °C, medan gran og furu greier seg rundt 8-9 °C og fjellbjørk toler heilt ned i 7-7,5 °C (Hafsten 1972).

Indikatorart (signalart): ein art som på grunn av strenge miljøkrav er til stades berre på stader med spesielle kombinasjonar av miljøforhold. Slike artar kan dermed gje god informasjon om miljøkvalitetane der den lever. Ein god indikatorart er vanleg å treffa på

når desse miljøkrava er tilfredsstilte. For å identifisera ein verdifull naturtype bør helst ha fleire indikatorartar.

Kontinuitet: i økologien bruka om relativt stabil tilgang på bestemte habitat, substrat eller kombinasjon av bestemte miljøforhold over lang tid (ofte fleire hundre til fleire tusen år). Det kan i kulturlandskapet t.d. dreia seg om gjentatt årleg forstyrning i form av beiting, slått eller trakkpåverknad. I skog kan det t. d. dreia seg om kontinuerleg tilgang på daud ved av ulik dimensjon og nedbrytingsgrad, eller eit stabilt fuktig mikroklima.

Naturbeitemark: gammal beitemark med låg jordarbeidingsgrad, låg gjødslingsintensitet og langvarig hevd; omgrepet er ei direkte oversetting av det svenske "naturbetesmark".

Natureng: i snever forstand gamle slåttemarkar med låg jordarbeidingsgrad, låg gjødslingsintensitet og langvarig hevd. I andre samanhengar blir omgrepet bruka i ei vidare tyding om gras- og urterik vegetasjon i både gamle slåttemarkar og naturbeitemarkar.

Nøkkelpotop: ein biotop (levestad) som er viktig for særleg mange artar, eller artar med strenge miljøkrav som ikkje så lett blir tilfredsstilt andre stader i landskapet.

Naturengplanter: planter som er knytta til engsamfunn, og som har liten toleranse for gjødsling, jordarbeiding og attgroing. Dei har derfor tyngdepunkt i naturenger og naturbeitemarkar, og er dermed en parallell til beitemarkssoppene.

Nøkkelpotop: ein biotop (levestad) som er viktig for mange artar, eller for artar med strenge miljøkrav som ikkje så lett blir tilfredsstilt andre stader i landskapet.

Raudliste: liste over artar som i større eller mindre grad er truga av menneskeleg verksemd (DN 1999b).

Signalart: blir i denne rapporten bruka omtrent synonymt med indikatorart. I "signalart" ligg det litt meir at ein bør vakna opp og leita etter fleire teikn på ein evt. verdifull lokalitet.

Tradisjonelt kulturlandskap: dominerande typar av jordbrukslandskap for minst 50-100 år sidan, forma av slått, husdyrbeite, trakk, krattrydding, lauving og lyngheiskjøtsel kombinert med låg gjødslingsintensitet og relativt lite jordarbeiding, med innslag av naturtypar som naturenger og naturbeitemarkar, hagemark, slåttelundar og lynghei.

Truga artar: artar som er oppførte på den norske raudlista, også kalla raudlisteartar.

METODAR OG MATERIALE

Innsamling av informasjon

Informasjonen kjem dels frå innsamling av eksisterande kunnskap, dels frå feltarbeid i samband med dette prosjektet, i første rekkje utført av forfattaren. I hovudsak kan ein seia at arbeidet har gått ut på å identifisera område som er særleg verdifulle for det biologiske mangfaldet, fordi dei er levestader for særleg mange artar, eller for uvanlege eller kravfulle artar som har vanskeleg for å finna leveområde elles i landskapet. Kva naturtypar dette gjeld, er definert i ei handbok i kartlegging av biologisk mangfald (Direktoratet for naturforvaltning 1999a).

Eksempel:

- ein registrerer ikkje alle strender, men t. d. større strandengområde
- ein registrerer ikkje alt kulturlandskap, men t. d. artsrike naturbeitemarkar
- ein registrerer ikkje alle innsjøar, men t. d. næringsrike vatn i låglandet
- ein registrerer ikkje blåbærbjørkeskog, men t. d. rik edellauvskog med alm eller hassel og mange varmekjære planter
- ein registrerer ikkje alle bergskrentar, men t. d. artsrike nordvende berg med sjeldan og kystbunden lavflora

Vilt- og fiskekartlegging inngår ikkje i metodeopplegget, heller ikkje kartlegging av marine område.

Gangen i arbeidet er slik at ein først må setta seg inn i eksisterande kunnskap, så samla inn ny kunnskap (feltarbeid), deretter systematisera materialet, prioritera lokalitetane og til slutt presentera dette på kart, i rapport og database.

Litteratur

Det er leita systematisk i litteratur som kan tenkjast å ha informasjon frå Vestnes. Dette har vorte lettare å få oversikt over frå år 2000, da underteikna saman med Geir Gaarder på oppdrag for Fylkesmannen i Møre og Romsdal har laga eit utkast til litteraturoverføring over naturen i fylket. Denne databasen er søkbar på kommune, og skal etter planen liggja på Fylkesmannens heimesider på Internett frå etterjulsvinteren 2001. Eit søk på Vestnes i databasen er presentert i litteraturoversikta attast i rapporten.

Oversikt over viktige litteraturkjelder med kommentarar

Tabell 4. Dei viktigaste skriftlege kjeldene som er bruka for å kartleggja eksisterande naturinformasjon frå Vestnes, med kort skildring av innhaldet. Sjå litteraturlista for fleire kjelder.

Kjelde	Kommentar
Aksdal (1994)	Omtalar verdifulle kulturlandskap
Bendiksen m. fl. (1998)	Omtalar raudlisteartar av sopp, mange er kjent frå Vestnes
Folkestad & Loen (1998)	Skildrar fleire sjøfuglområde i kommunen
Folkestad (1976)	Skildrar naturkvalitetane i Vestnes kommune
Folkestad (1978)	Gjennomgang av viktige våtmarkslokalitetar
Fremstad & Elven (1997)	Omtalar platanlønn med utbreiingskart, også Vestnes er med
Fylkesmannen i MR (1988)	Verneplanen for myr, omtalar fleire lokalitetar

Tabell 4. Skriftelege kjelder. forts.

Kjelde	Kommentar
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernadv. (2000)	Naturbasen, utskrift for Vestnes m. kart
Fægri (1960)	Utbreiingskart for kystplanter, mange artar også kjent frå Vestnes
Gjershaug m. fl. (1994)	Viser detaljerte kart over alle norske hekkefuglar
Gjærevoll 1990	Utbreiingskart for fjellplanter, einskilde artar også i Vestnes
Gaarder & Jordal (2001)	Gjennomgang av funn av raudlisteartar i fylket av planter, mosar, kransalgar, lav, sopp og sommarfugl, nokre også frå Vestnes
Gaarder m. fl. (2001)	Omtalar ei rekkje viktige naturtypar i Møre og Romsdal, som eit supplement til DN (1999a), mellom desse fleire viktige typar i Vestnes
Holtan & Gaarder (2003)	Konsekvensutgreiing kraftline, m.a. Sollia.
Holten m. fl. (1986b)	Omtalar fleire strandområde
Jordal & Gaarder (1993, 1998)	Nemner område og funn inkl. raudlisteartar frå beitemark
Jordal & Gaarder (1999)	Oppsummering av undersøkte kulturlandskap
Jordal (1993)	Nemner nokre soppfunn frå Vestnes
Jordal (1998)	Rapport om biologiske undersøkingar i Vestnes
Korsmo & Svalastog (1997)	Omtalar furuskogen i Langvassdalen
Lindmo m. fl. (1991)	Omtalar barlindforekomsten i Langvassdalen
Melby & Gaarder (2000)	Samstilling av kunnskap om Gjelsteinvassdraget
Moen (1984)	Behandlar verdifulle myrområde i fylket, m. a. fleire frå Vestnes
Oterhals (1996)	Utkast til verneplan for havstrand og elveos, Vestnes er med
Røsberg (1974)	Omhandlar eit skogområde i Tresfjorden
Singsås (1985)	Omtalar eit par myrområde i Skorgedalen
Steien (1984)	Bibliografi dels sortert på kommunar
Størmer (1967, 1969)	Behandlar mosar med kystutbreiing.

Museumssamlingar, databasar, Internett

Lav- og soppdatabasane ved Universitetet i Oslo er sjekka på Internett.

Innsamling frå personar

Ei rekkje einskildpersonar sit på interessante opplysningar om naturen i Vestnes. Noko er innsamla. Det er eit stort arbeid å samla all denne informasjonen, og det hadde vore ønskjeleg å kunne bruka noko meir tid til dette.

Eigne registreringar av biologisk mangfald i kommunen

På 1990-talet har forfattaren (J. B. Jordal) saman med Geir Gaarder undersøkt nokre kulturlandskapsområde i kommunen (Jordal & Gaarder 1993, 1998). I tillegg har Gaarder & Jordal (2001) samla opplysningar om raudlisteartar av planter, mosar, kransalgar, lav, sopp og sommarfuglar frå alle kommunar i fylket inklusive Vestnes. I 1997 har underteikna utført ein del feltarbeid i kommunen (Jordal 1998). Feltarbeidet er truleg den delen av prosjektet som får størst verdi for kommunen på lengre sikt, sidan mykje ny kunnskap er samla og systematisert.

Eit utval lokalitetar er registrert meir detaljert. Floraen er undersøkt ved at det er laga krysslister for dei kartlagte lokalitetane. Særleg interessante funn er eller vil bli send til Botanisk museum i Oslo, der dei skal vera fritt tilgjengeleg for alle. Vegetasjonen er kartlagt i grove trekk etter vegetasjonstypene hos Fremstad (1997).

Sopp er særleg samla i gammal grasmark i område med tradisjonelt kulturlandskap, sidan ein del slike artar kan brukast til å verdsetta slikt landskap (sjå nedanfor).

Interessante fugleobservasjonar er notert i samband med alt feltarbeidet.

Artsbestemming og dokumentasjon

Artsbestemming av planter er gjort ved hjelp av Elven m. fl. (1994), og norske namn følgjer også denne utgåva.

Bestemming av sopp er utført ved hjelp av stereolupe, stereomikroskop og diverse litteratur. For raudskivesopp (*Entoloma*) har ein brukt Noordeloos (1992, 1994). For vokssopp har ein brukt Boertmann (1995). For dei andre artane, har ein brukt Hansen & Knudsen (1992, 1997, 2000) og Ryman & Holmåsén (1984). Norske namn på sopp følgjer Gulden m. fl. (1996) med seinare tillegg.

Bestemming av lav er gjort ved hjelp av Krog m. fl. (1994), Moberg & Holmåsén (1986) og Tibell (1999).

Namnsetting av fugl følgjer Gjershaug m. fl. (1994).

Vitskaplege namn følgjer dei publikasjonane vi har bruka i arbeidet. Alle interessante funn av planter, sopp og lav er tekne vare på, og vil bli overlate til Botanisk Museum på Tøyen, Oslo.

Verdsetting og prioritering

Generelt

Ved verdsetting av naturmiljøet blir det i praksis gjort ei *innbyrdes rangering* av det biologiske mangfaldet. Det kan settast fram fleire påstandar som grunnlag for å verdsetta einskilde naturmiljø eller artar høgare enn andre, og dei to viktigaste er truleg:

- Naturmiljø og artar som er sjeldne, er viktigere å ta vare på enn dei som er vanlege
- Naturmiljø og artar som er i tilbakegang, er viktigere å ta vare på enn dei som har stabile førekomstar eller er i framgang

Kriteriar og kategoriar

Ein viser her berre til verdsettingskriteria i DN (1999a). Kategoriane her er:

- A (svært viktig)
- B (viktig)
- C (lokalt viktig)

I denne rapporten er kriteria for naturtypar og raudlisteartar innarbeidde. Kriteria gjev heilt klart rom for ein del skjøn. Dessutan er kriteria for C - "lokalt viktig" ikkje presentert i handboka. Ein del lokalitetar som truleg ikkje bør koma i kategori B - viktig, er plasserte i kategori C - lokalt viktig. For å koma i kategori A bør ein lokalitet ha særlege og uvanlege kvalitetar, t. d. forekomst av artar som er sårbare eller truga på raudlista, eller dei må vera særleg velutvikla og artsrike. For å koma i kategori B vert det ikkje stilt så strenge krav, men nokre definerte vilkår må vera oppfylte.

Avvik frå DN-handboka i denne rapporten

For det første har vi brukt ein naturtype som ikkje er omtala i DN-handboka, nemleg Berg/rasmark: nordvendte kystberg (Gaarder m. fl. 2001), denne er nærare skildra under omtalen av dei ulike hovudnaturtypene lenger bak.

Rapportforfattarane er vidare usamd med DN-handboka på nokre punkt

- DN-handboka vil føra alle rike edellauvskogar nord for Sogn og Fjordane til kategori A (svært viktig)
- DN-handboka vil føra alle naturbeitemarker med raudlisteartar i kategori A (svært viktig)

Desse kriteria gjer det vanskeleg å skilja mellom lokalitetar som klart er heilt ulike, og som bør verdsettast ulikt. Når det gjeld rik edellauvskog er ein ikkje usamd i at lokalitetane blir sjeldnare nordover, men grensa for å føra alle lokalitetar i kategori A bør flyttast nordover, i det minste nord for Møre og Romsdal. Når det gjeld naturbeitemarker meiner underteikna at krava for å koma i kategori A bør vera noko strengare.

I denne rapporten er følgjande kriteriar nytta for verdsetting av rik edellauvskog:

- A (svært viktig)** større, velutvikla edellauvskog med mange varmekjære planteartar (m. a. alm-lindeskog)
- B (viktig)** mindre velutvikla edellauvskog med nokre varmekjære planteartar
- C (lokalt viktig)** mindre skogparti med spreidde edellauvtre og få varmekjære planteartar (t. d. dårleg utvikla gråor-almeskog)

I denne rapporten er følgjande kriteriar nytta for verdsetting av naturbeitemarker:

- A (svært viktig)** velutvikla lokalitetar med mange indikatorar på langvarig hevd utan gjødsling, forekomst av raudlisteartar i kategori sårbar eller direkte truga
- B (viktig)** lokalitetar med ein del indikatorar på langvarig hevd utan gjødsling, ofte med forekomst av raudlisteartar i kategori sjeldan eller hensynskrevande
- C (lokalt viktig)** lokalitetar som er små eller litt attgrodde eller dårleg utvikla, og med relativt få indikatorar på langvarig hevd utan gjødsling.

Viltlokalitetar

Lokalitetar for vilt, t. d. hekkestader for sjøfugl, hakkespettar, rovfugl eller ugler, skal kartleggast etter ei eiga handbok i viltkartlegging (DN 1996). Dette er gjort i den grad ein har treft på slike artar under feltarbeidet. Opplysningar om sårbare viltartar er ikkje teke med i rapporten, sidan desse ikkje skal vera offentlege.

Bruk av raudlisteartar/signalartar

Når dei ulike lokalitetane er skildra, er det av og til opprømsa mange artar som er funne på staden. Dette kan vera for å illustrera trekk ved t. d. vegetasjonen, og ikkje alle artsfunn er like viktige for å verdsetta lokaliteten. Nokre artar blir lagt særleg mykje vekt på i verdsettinga.

Desse er:

- raudlisteartar
- signalartar (indikatorartar)

Raudlisteartar er omtala i eit eige kapittel i rapporten. Signalartar blir kort omtala her. Nedanfor blir det opprømsa ein del artar som er brukt som signalartar og vektlagt i verdsettinga.

Edellauvskog: t. d. svarterteknapp, breiflangre, ramslauk, sanikel, vårmarihand
Rikmyrindikatorar: t. d. engmarihand, brunskjene, fjelltistel, engstorr, loppestorr, jåblom, gulstorr
Rik fjellvegetasjon: raudsildre, reinrose, gulsildre, fjellsmelle
Havstrand: grusstorr, havstorr, ishavsstorr, bogestorr, småhavgras
Naturbeitemark: ei rekkje artar definerte som anten naturengplanter eller beitemarkssopp hos Jordal & Gaarder (1995).

Presentasjon

Generelt

Generell omtale av kommunen med geologi, lausmassar og ulike naturtypar er samla i eit kapittel. Avgrensa lokalitetar er omtala i eit kapittel med faktaark. Raudlisteartar er omtala i eit eige kapittel, og i tillegg har ein presentert kva artar frå Vestnes som Norge har eit særskilt ansvar for i internasjonal samanheng (ansvarsartar). Siste kapitlet kjem med oppsummering og tilrådingar omkring framtidig forvaltning ut frå den kunnskapen som no er samla. Sist i rapporten er presentert litteraturliste for Vestnes og ulike artslistar. Dette er både artslistar for heile kommunen for planter, sopp, og lav, men i tillegg også ein del plante-, lav- og sopplister frå einskildlokalitetar. Lavlistene stammar særleg frå undersøking av bergvegger og skogstre. Sopplister for lokalitetar stammar frå undersøkingar av kulturlandskap, i første rekkje naturbeitemark.

Områdeskildringar

Dei undersøkte lokalitetane er omtala i eit avsnitt med faktaark. Ein har her i store trekk følgd DN (1999a) med nokre justeringar. I dette kapitlet er områda sorterte etter stigande lokalitetsnummer, som igjen er tilordna geografisk, slik at nærliggjande lokalitetar hamnar saman. Lokalitetsnummer i dette prosjektet er velt frå 10001 og oppover. Komplette lokalitetsnummer får ein ved å setta kommunenummeret framom, slik at lokalitetane er nummert frå 153510001 til 153510082. Berre dei to siste sifra er nytta saman med lokalitetsnamnet. Nummer i Naturbasen til Fylkesmannen er, der dei finst, nemnt under områdeskildringa.

Truslar nemner ikkje berre dei som er aktuelle i dag, men dei som kan bli aktuelle seinare. T. d. er det for naturbeitemark konsekvent ført opp attgroing som trussel. For edellauvskog er stort sett treslagskifte ført opp sjølv om dagens eigarar ikkje har planer om noko slikt.

Kartavgrensing

Alle nummererte lokalitetar er innteikna på økonomisk kart 1:10 000 som er overlevert til kommunen, som så har digitalisert dei. Avgrensingane blir ikkje så svært nøyaktige i denne målestokken. Nøyaktigheita er oftast ikkje betre enn ± 30 m i skog og ± 10 m i andre naturtypar. I fjellet, og av og til i skog, er avgrensingsnøyaktigheita ± 100 m. Ein må oppfatta avgrensingane som omtrentlege og orienterande.

NATURGRUNNLAG OG NATURTYPAR

Landskap m.m.

Vestnes er ein av kommunane i Romsdal fogderi. Arealet (eksklusive sjøareal) er oppgjeve til 354,1 km². Spennvidda i naturtypar er svært stor, frå havdjup via grunner, holmar, skjer, strandberg, strandenger, jordbrukslandskap, skog, myr og hei til snaufjell med eit svært så alpint preg. I ytre deler er landskapet prega av avrunda åsar og mindre fjell, medan indre deler har høge fjell og skarpe tindar. Nokre av desse har kanskje aldri vore under isen, kanskje det er derfor formene er så kvasse. Områda under 600 meters høgd er karakterisert av vide og opne dalføre.

Tabell 5. Nokre geografiske data for Vestnes kommune (kjelder: offentleg statistikk og Vestnes kommune).

Parameter	Verdi
Landareal	354,1 km ²
Del av fylket sitt areal	2,3 %
Jordbruksareal	21 000 dekar
Skogareal	142 000 dekar
Strandline	91,6 km
Høgaste punkt	1434 m o. h. (Lauparen)
Største havdjup	481 m
Talet på øyar	12 (0,2 km ²)
Talet på ferskvatn (samla areal)	182 (totalt 4,7 km ²)
Areal 0-150 m o.h.	26,3%
Areal 150-300 m o.h.	15,0%
Areal 300-600 m o.h.	33,6%
Areal 600-900 m o.h.	20,1%
Areal >900 m o.h.	5,1%

Klima

Klimaet i Romsdalsfjorden er nokså oseanisk. Eit typisk trekk ved eit oseanisk klima er liten temperaturforskjell mellom sommar og vinter. I eit slikt klima er vintertemperaturane er høge, i vestlege deler av Vestnes kommune ligg temperaturen litt under 0°C som gjennomsnitt for januar. Gjennomsnittstemperatur for juli er rundt 13-14°C. Vidare er det relativt mykje nedbør (årsnedbør rundt 1200 mm), hyppig nedbør (>220 dagar med nedbør >0,1 mm i løpet av året) og fuktig luft. Kjelder: Holten m. fl. 1986a, Aune 1993, Førland 1993a, 1993b).

Geologi

Mesteparten av kommunen er prega av relativt sure gneis- og granittbergartar, noko som er typisk for Nordvestlandet. Dette er nokså harde bergartar som forvitrar seint og gjev eit sparsamt og litt surt jordsmonn. Dette jordsmonnet får ein vegetasjon av planter som er tilpassa desse litt karrige tilhøva. Berggrunnskart i målestokk 1:250.000 finst no tilgjengeleg for Vestnes (Tveten m. fl. 1998). Utanom grunnfjellbergartane finst små areal av yngre bergartar tilhøyrande Trondheimsfeltet (glimmergneis, glimmerskifer, gabbro, grønstein, amfibolitt) som dekkjer eit par smale striper i aust-vestretning. Den eine stripa berører Rekdalsstranda, og tilhøyrer same bergartane som Tautra i Midsund og Moldeholmane. Den andre går litt lenger sør, mellom Fiksdal og Gjelstein, og er svært smal. Kalkkrevande planter er mindre vanlege i Vestnes.

Lausmassar

Overdekninga av lausmassar varierer sterkt innanfor kommunen. Det er mykje fjell og berg som har eit svært tynt lausmassedekke eller ikkje i det heile. Lausmassane er i stor grad morenemasse frå siste istida. Desse massane dekkjer totalt rundt halvparten av fjellgrunnen. Ved foten av fjella finn ein større og mindre skredavsetningar, det mest omfattande av dette slaget finn ein i Skorgedalen. Elvesortert materiale finn ein særleg i Tresfjorden. Den marine grensa ligg frå 60 m i ytre strok til 90 m i indre strok. Under denne grensa er ofte morenematerialet dekt av tynne lag marine avsetningar (ofte silt og leire). Dette gjeld særleg eidet frå Vestnes til Nerås og Tomrefjorden, og området Gjermundnes-Daugstad. Strandflatene er i stor grad utnytta til jordbruksland. Lausmasseforekomstane på og nær dagens strender er påverka av kor utsett stranda er for ver og vind. På eksponerte stader er ofte alle lausmassar vaska vekk slik at ein har berre blanke berget. På meir beskytta stader kan det vera bra med finare sediment, alt frå rullestein til fin sand og leire. Sand og leire finn ein helst på dei mest beskytta strendene. I hei- og myrområda har det etter istida danna seg meir eller mindre tjukke lag med torv, som er restar av plantemateriale som ikkje er fullstendig nedbrote. Desse områda er særleg konsentrerte til eidet mellom Vestnes og Tomrefjorden, Ørskogfjellet og til dei flataste områda i 300-500 m høgd på austsida av Tresfjorden. Kjelder: Follestad (1995), Follestad et al. (1994), kartblada i M711-serien (1:50000).

Natur- og biogeografisk plassering

Nordisk Ministerråd (1984) deler Skandinavia inn i **naturgeografiske regionar**. Vestnes høyrer her til region 37 Vestlandets lauv- og furuskogsregion, underregion 37f, Nordfjord og Sunnmøres fjordstrokk.

Norge sitt kulturlandskap er inndelt i **landskapsregionar** som er definert og karakterisert av NIJOS (1993). For avgrensing av regionar i vårt fylke viser vi til kartet utgjeve av Fylkesmannen i Møre og Romsdal (1998). Vestnes tilhøyrer i denne samanheng dels region 22 (Vestlandets midtre fjordbygder, søraustlege deler av kommunen), dels region 26 (fjordbygder i Møre og Trøndelag, nordvestlege deler av kommunen).

Biogeografi har å gjera med geografisk utbreiing av av artar og naturtypar. Viktigaste einskildfaktor er klimaet som varierer både med avstand frå kysten og høgde over havet. Det er også visse skilnader frå sør til nord i fylket. For meir presist å beskriva naturen på staden kan ein oppgje **vegetasjonssone** og **vegetasjonsseksjon**.

Vegetasjonssonar beskriv variasjonar i vegetasjonen frå sør til nord, og frå havnivå og opp mot fjellet. Oppdelinga og avgrensinga er knytt til utbreiing av plantesamfunn og planteartar, som igjen i stor grad avspeglar lokalklimaet. Vegetasjonssonar er beskrive av Moen (1998).

Følgjande vegetasjonssonar finst i Møre og Romsdal:

Boreonemoral sone (nordleg edellauvskog- og barskogsone)

Sørboreal sone (sørleg barskogsone)

Mellomboreal sone (midtre barskogsone)

Nordboreal sone (fjellskogsone)

Alpine soner (Låg-, mellom- og høgalpin sone)

Vegetasjonen i Vestnes fordeler seg på alle sonene unnateke den boreonemorale sonen. Denne mangelen forklarar m. a. kvifor Vestnes har så lite edellauvskog, og lite alm og andre varmekrevande treslag. Praktisk tala alle bygdene og jordbruksområda tilhøyrer den

sørboreale sonen. Høgareliggjande skogområde tilhøyrrer mellom- og nordboreal sone. Fjellområda tilhøyrrer den alpine sonen (Moen 1998 s.94).

Omgrepet **vegetasjonsseksjon** blir bruka for å beskriva variasjonar i plantelivet mellom kyst og innland. Omgrepet oseanisk blir bruka om vegetasjon og artar knytt til kysten, med milde vintrar, liten temperaturskilnad mellom vinter og sommar og fuktig, nedbørrikt klima, medan kontinental blir bruka tilsvarande om vegetasjon og artar knytt til innlandet, med kalde vintrar, stor temperaturskilnad mellom vinter og sommar og tørrare klima. Inndelinga baserer seg på Moen (1998).

Følgjande vegetasjonsseksjonar finst i Møre og Romsdal:

O3. Sterkt oseanisk seksjon: Her er det stort innslag av mosar, planter m.m. knytt til eit fuktig klima med milde vintrar. Nedbørrmengda er stor, og talet på dagar med nedbør er høgt. Seksjonen finst i ei stripe ytst på kysten som i vårt fylke er smal på Nordmøre og brei på Søre Sunnmøre. Sonen blir delt i to underseksjonar:

O3t. Vintermild underseksjon. Her finst ein del frostømfintlege planter, med purpurlyng som viktigaste indikator. Andre er heifrytle, blankburkne og vestlandsvikke. Denne underseksjonen finst berre i låglandet på ytterkysten omlag nord til Ålesund.

O3h. Humid underseksjon. Dette er resten av O3, og manglar dei mest frostømfintlege (termisk oseaniske) artane. Den alpine sonen er artsfattig som følgje av at det vantar ei rekkje fjellplanter m.m. som krev kvile under stabile vintertilhøve (kontinentale eller austlege artar).

O2. Klart oseanisk seksjon: Område med relativt høg årsnedbør, med noko lågare vintertemperaturar enn i O3-seksjonen. Artar og vegetasjon knytt til fuktig klima er også her svært utbreidd. Seksjonen dekkjer store område i ytre og midtre fjordstok i fylket vårt.

O1. Svakt oseanisk seksjon: Årsnedbør 800-1200 mm. Ei rekkje svakt vestlege artar finst, men dei mest kystbundne vantar eller finst spreidd (t. d. rome). Dekkjer eit relativt smalt område i indre fjordstrok og dalføra innafør, frå Geiranger til Trollheimen.

OC. Overgangsseksjon (til kontinentale seksjonar): Årsnedbør på 500-800 mm. Nokre svakt vestlege planter førekjem, innslag av ein del austlege planter og plantesamfunn, mellom anna tørrbakkesamfunn. Til denne seksjonen høyrer berre nokre mindre område i austlege deler av Sunndal, Nesset og Rauma.

Vegetasjonen i Vestnes tilhøyrrer dels sterkt oseanisk seksjon, humid underseksjon (O3h, vest for Tomrefjorden, og sørvest for ei line frå Tomrefjorden til Tresfjorden), og dels oseanisk seksjon (O2, resten av kommunen) (Moen m. fl. 1998, s. 126).

Kulturlandskap

Landskapet på kysten av fylket vårt vart truleg tatt i bruk til jordbruksdrift med husdyr for vel 4000 år sidan. Sidan har kulturlandskapet gradvis blitt forma, mesteparten av tida med svært enkle reiskapar og handmakt. Det er berre dei siste 50-100 åra jordbrukslandskapet har vorte forma av maskiner, som har betydd svært mykje for landskapsutviklinga.

Kultureng som blir pløgd, gjødsla og isådd med kjøpte frøvarer blir dei første åra artsfattig. På gammal eng kjem det inn ein god del fleire planter frå naturen rundt, og på svært gamle slåtte- og beitemarker som kanskje har vore lite gjødsla vil artsrikdommen vera stor med ei rekkje spesialtilpassa grasmarksartar av i første rekkje planter og sopp. Den siste typen tilhøyrrer det som vanlegvis blir kalla det tradisjonelle kulturlandskapet, som delvis dominerte fram til andre verdskrigen. Dei mest verdifulle naturtypene i kulturlandskapet i dag er naturbeitemarker og gamle, lite gjødsla slåtteenger. Dei artane som er mest knytt til lite gjødsla lokalitetar i tradisjonelt kulturlandskap, kallast naturengplanter og beitemarkssopp. Desse artane er truleg opprinneleg tilpassa eit europeisk landskap som vart beita av store ville grasetarar før menneska tok til med jordbruk. Etter kvart har vi menneska dels utrydda, dels

temt desse grasetarane, og i dag er det i praksis berre husdyr som skaper denne naturtypen. Slått av lite gjødsla grasmark er i dag mest opphøyr.

Tradisjonelt kulturlandskap er i dag sjeldan av årsaker som har med teknologi og økonomi å gjera. Dei lokalitetane i Vestnes som har det mest intakte og verdifulle artsmangfaldet er nokså små. Vestnes har særleg interessante restførekomstar av slåttengplanten solblom m.a. fleire stader i Skorgedalen, Jostølen på Tomrefjordfjellet og Sakselia aust for Daugstad. I Tresfjorden er han truleg forsvunnen. Elles er det gjort interessante funn av beitemarkssopp m.a. i Kriken (Løvika i Tresfjorden) og Sakselia. Det burde gjerast noko aktivt frå det offentlege si side for å følgja med og hjelpa til med å sikra tradisjonell drift på desse stadene.

I Skorgedalen er det og avgrensa ein artsrik vegkant. Slike lokalitetar er i nær slekt med slåtteenger og naturbeitemark, og inneheld mange av dei same artane.

Havstrand/kyst

Havstrand og kyst omfattar naturtypar som er knytt til saltvatn eller saltvasspåverka miljø i strandsona. Vestnes har en strandline på til saman 91,6 km som byr på et variert utval av strandlokalitetar. Ein vesentleg del er bratte og utilgjengelege klippestrender utan særleg vegetasjon med unntak av alger og lav. Resten av strandlina er dominert av smale stein- og blokkstrender med nokre mindre strandberg og enkelte parti grus- og leirestrand innimellom. Strandsona vert normalt delt inn i vass-stranda (hydrolittoral sone) og landstranda (geolittoral sone).

Der land og hav møtest finn vi organismar frå begge økosystema. Sjøfugl er døme på artar som held mest til over vatn, men som hentar meir eller mindre av føda under vatn. Strendene har ei rekkje særmerkte planteartar som er tilpassa saltpåverknad m.m. Eksposisjon for bølger påverkar substratet slik at ein kan få leir-, silt-, sand-, grus- eller rullesteinstrand. Vegetasjonen, flora og fauna er i stor grad påverka av desse faktorane. Brakkvatn er ei blanding av ferskt og salt vatn, som oppstår i avsnørte bukter, pollar og gruntområde nær elve- og bekkeutløp. Slike område har eit særeige biologisk mangfald, t. d. i Flatevågen. Her finst og undervassenger og ein grunn straum, som er eigne naturtypar. Elveosar dannar ofte grusøyrrer med særeigen flora og fauna. Ved elveutløpa inst i fjordbotnane finst brakkvannsdelta med strandengområde. Desse utgjær saman med brakkvassområdet Flatevågen dei viktigaste strandlokalitetane i Vestnes.

Arealet av verdifulle havstrender er lite i Vestnes. I strandområda oppstår ofte arealbrukskonfliktar, der ulike utbyggingsformål kjem i konflikt med ønsket om bevaring av det biologiske mangfaldet. Dette gjeld t. d. behovet for areal til industri og næringsverksemd, småbåthamner, vegar, idrettsanlegg mm.

Skog

Skog omfattar alle område der tre dominerer naturtypen. Skog dekkjer store areal i Vestnes. Dei mest utbreidde typane er fattige furuskogstypar og fattige lausskogstypar med bjørk, rogn, selje, osp og gråor. Gråor-heggeskog er ein type som er særmerkt for m. a. flommark langs vassdrag, og elles i fuktige lier, t. d. i Skorgedalen og i Tresfjorden. Desse skogane er ofte høgproduktive og artsrike, i tillegg til at dei ofte har eit fuktig lokalklima med spesielle artar. I einskilde varme lier finst ein del hassel og somme stader også alm (sistnemnde mest i urer og oppunder berghamrar). Gråor-almeskog er ein sjeldan skogtype i Vestnes (Rypdal, Kjersemdalen, Tomrefjorden, Bjermelandsnakken). Svartor finst somme stader på solvendte

strender, og reknast mellom dei varmekjære treslaga slik som alm og hassel. Elles finst sumpskogar med svartor (m.a. Gjelsteinstranda og Løken frå Søråsvatnet).

Biologisk sett er gammel skog med god tilgang på død ved i ulike dimensjonar og nedbrytingsgrad interessant. Her vil ein kunne finna ei rekkje artar av sopp, mosar og lav som er uvanlege eller fråverande i landskapet elles. Slike lokalitetar har også ein viktig funksjon som levestad for ei rekkje viltartar. Slik skog finst m.a. i Sollia og rundt Leirvåg fjellet/Åsfjellet.

Endringar i skoglandskapet skjer først og fremst som følge av skogbruksdrift og skogsvegbygging, men også ulike utbyggingsformål kan forårsaka endringar. På ein del av skogarealet i Vestnes er det utført treslagskifte til gran. Eit anna innplanta treslag er vestamerikansk hemlokk. Dette treslaget har stor spreingsevne, og tek no til å spre seg ukontrollert i Daugstadlia. Etter Biodiversitetskonvensjonen har Noreg forplikta oss til å avgrensa/stoppa spreing av innførte artar i økosystema våre. Dette vil gjelda både hemlokk og andre innførte treslag som sitkagran og platanlønn.

Med større kunnskapar om det biologiske mangfaldet vil det vera lettare å ta omsyn i skogbruksplaner o. l. slik at ikkje verdifulle biotopar vert øydelagte i utrengsmål.

Myr

Myr er fuktige til våte område der det med tida byggjer seg opp et torvlag av ikkje nedbrotne planter. I Vestnes utgjer myr betydelege areal. Dei største myrområda i låglandet finst i området Furland-Øverås-Nerås. Mykje av dette er i dag oppdyrka eller kanalisert, men nokre restar er avgrensa i denne rapporten. Elles finst større myrområde i høgareliggjande strok på Ørskogfjellet og i høgdelaget 300-500 meter over havet aust for Tresfjorden. Mest interessante biologisk sett er mindre flekkar med rikmyr som finst spreidd fleire stader i kommunen (Ørskogfjellet, Kjersemaldalen). Truslane mot myrene er drenering, dyrking, veg- og hyttebygging og andre fysiske inngrep.

Ferskvatn/våtmark

Denne hovudnaturtypen omfattar alle naturtypar med ope ferskvatn. Ferskvatn i form av elver, bekkar, tjønnar og innsjøar utgjer viktige element i Vestnes-naturen, men dei fleste er næringsfattige med lite og nokså artsfattig vegetasjon (oligotrofe vatn). Berre få vatn ligg under skoggrensa. Desse er ofte viktige som fugleområde sjølv om flora og vegetasjon ikkje er særleg spesiell. Ferskvassvegetasjon omfattar vasskantvegetasjon med strand- og sumpplanter, vegetasjon i ope vatn, elveøyr- og flommarksvegetasjon. I tilknytning til desse miljøa førekjem sumpskogar (sjå under skog). Det er avgrensa eit viktig bekkedrag med sumpskog (Løken frå Søråsvatnet). Truslane er t. d. kanalisering, senking og elveforbygging, utfylling, vegbygging, drenering og andre fysiske inngrep. Vidare er det avgrensa ein foss med fossesprøytpåverka vegetasjon.

Berg, rasmark og kantkratt

I Vestnes førekjem mykje fjell, og i tilknytning til desse er berg og rasmark er ein vanleg naturtype. Undersøkingar av naturtypen i feltarbeidet har ikkje vore prioritert, sidan han vert rekna som lite utsett for endringar. Viktigast er lokalitetar som har eit varmere lokalklima enn omkringliggjande område. Sørvendte berg og rasmarker i låglandet kan ha ei rekkje spesielle artar av m. a. planter og insekt (t.d. berga ved Flatevågen). Skrentar og hamrar kan også vera levested for ei rekkje lavartar og mosar. Berghamrar er også viktige som hekkeområde for

mange rovfugler, ramn, bergirisk og ringtrast. Nordvendte kystberg er ein type som er skildra av Gaarder m. fl. (2001). Typen inneheld mange fuktkrevande artar av lav, mosar og planter (Tomrefjorden, Rekdal).

Fjell

Alle områda over den klimatiske skoggrensa reknast som fjell. I Vestnes ligg skoggrensa på ca. 400 m.o.h. nærast kysten (Rekdal) og rundt 700 m.o.h. i deler av indre deler av Tresfjorden. I fjellområda er det alpin vegetasjon med lyng- og rishei i lågalpin sone, grashei i mellomalpin sone og mest blokkmark med spreidd vegetasjon i høgalpin sone (Lauparen). Det meste av fjellvegetasjonen i Vestnes er relativt triviell, men på mindre lokalitetar kan ein finna rikare vegetasjon på meir kalkrik grunn. Slike rike lokaliteter er den einaste typen som skal registrerast ifølgje DN (1999a). Fjell er ikkje prioritert i arbeidet med denne rapporten, men Nordhagen (1976) har registrert eit par område i Tresfjordfjella. Truslane mot rik fjellvegetasjon er oftast små.

UNDERSØKTE OMRÅDE

Følgjande forkortingar er nytta for observatørar: AAF=Arne A. Frisvoll, AM=Asbjørn Moen, DH=Dag Holtan, GGa=Geir Gaarder, JBJ=John Bjarne Jordal, PB=Perly Berge, ÅS=Åsmund Skålvik.

01 Rekdal: Rekdalssetra (naturbeitemark)

Lokalitetsnummer: 1535-10001
Kartblad: 1220 II Vestnes
UTM (EUREF 89): LQ 855 457
Høgde over havet: 210 m
Hovudnaturtype: Kulturlandskap
Naturtype: Naturbeitemark
Prioritet: A (svært viktig)
Mulege truslar: opphøyr av hevd, attgroing
Undersøkt/kjelder: 01.08.1997, JBJ (Jordal 1998), 25.09.1999, GGa (Melby & Gaarder 1999), 04.09.2001, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Seterområdet ligg vel 200 m over havet i ei slakk halling opp frå dalbotnen i Rekdalsdalen.

Vegetasjon: Vegetasjonen er mager naturbeitemark med finnskjegghei, litt blåbærlyng og ein del einer. Vidare finst nedst litt fuktig fattigeng med m. a. lyssiv og myrtistel.

Kulturpåverknad: Beitetrykket er brukbart, det gjekk storfe på beite ved besøket i 1997.

Artsfunn: Floraen var relativt artsfattig med 12 naturengplanter og innslag av kystplanter som heisiv, heistorr, revebjølle, smørtelg og storfrytle. Det er vidare av G. Gaarder (Melby & Gaarder 2000, GGa pers. medd.) funne 12 beitemarkssopp, av desse tre raudlisteartar: dei hensynskrevande artane gulfotvokssopp (*Hygrocybe flavipes*) og svartdogga vokssopp (*H. phaeococcinea*) og den sårbare arten raudnande lutvokssopp (*Hygrocybe ingrata*).

Verdsetting: Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av førekomst av raudlisteartar, dels i kategori sårbar.

Skjøtsel og omsyn

Det største trugsålet mot lokalitetar som denne er opphøyr av beitebruken. Det er ønskjeleg at lokaliteten blir beita også i framtida.

02 Rekdal: Reithamran (hasselskog)

Lokalitetsnummer: 1535-10002
Kartblad: 1220 II Vestnes
UTM (EUREF 89): LQ 844 479
Høgde over havet: 100-150 m
Hovudnaturtype: Skog
Naturtype: Rik edellauvskog
Prioritet: C (lokalt viktig)
Mulege truslar: fysiske inngrep, treslagskifte
Undersøkt/kjelder: 04.09.2001, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten er eit mindre, vestvendt parti i skoglia søraust for idrettsbanen på Rekdal, i nordenden av Rekdalsdalen.

Vegetasjon: Vegetasjonen er ei utforming av D2c, rike kyst-hasselkratt, med innslag av bjørk, gråor, selje og rogn.

Kulturpåverknad: Truleg litt vedhogst, grensar til granplantefelt i sør.

Artsfunn: Mest interessant var førekomst av kusymre, som her har ein av få kjente veksestader i Vestnes. Elles vart det notert bleikstorr, enghumleblom, hengjeaks, lækjevintergrøn, myske, sanikel, skogfiol, sumphaukeskjegg og tågebær. Lokaliteten har truleg også potensiale for einskilde kravfulle soppantar knytt til hassel.

Verdsetting: Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det er ei ordinær og relativt artsfattig utforming av rike kyst-hasselkratt, som likevel har lokal verdi. Rike hasselkratt vert rekna som ein sterkt truga vegetasjonstype (Fremstad & Moen 2001).

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå treslagskifte, og innslaget av hassel bør bevarast.

03 Rekdal: ved Skiftingselva (nordvendte kystberg)

Lokalitetsnummer:	1535-10003
Kartblad:	1220 II Vestnes
UTM (EUREF 89):	LQ 862 484
Høgd over havet:	ca. 100-180 m
Hovudnaturtype:	Berg, rasmark og kantkratt
Naturtype:	Andre viktige førekomstar (nordvendte kystberg)
Prioritet:	C (lokalt viktig)
Mulege truslar:	fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	30.10.2002, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg i ein nordvendt bekkedal langs Skiftingselva opp mot Skaret. Klimaet er her fuktig og oseanisk. Lokaliteten er avgrensa på grunn av nordaustvendte berg og steinblokker med spesiell lav- og moseflora. Naturtypen er generelt beskrevet av Gaarder m. fl. 2001, og står ikkje i DN-handboka. I tillegg finst bjørkeskog med læger og potensiale for rotevedmosar.

Vegetasjon: Den vestlege (nordaustvendte) sida av bekkedalen har bjørkeskog med innslag av rogn på eit uret og steinrikt underlag kledd med tjukke moseteppar. Berga har ein fuktkevande og dels frostfølsam mose- og lavrik vegetasjon forma av kystklimaet og eksposisjonen.

Kulturpåverknad: I nedre deler er det ein skogsveg og litt planta gran inntil den avgrensa lokaliteten, elles lite påverknad. Truleg vedhogst for lenge sidan.

Artsfunn: I berga vart det funne skrukkelav, kystgrønnever, og rikeleg med korallav. Av mose vart det ved basis av berga m. a. funne dronningmose *Hookeria lucens*, som er ein noko kravfull art. Området er ikkje tilfredsstillande undersøkt, og har truleg potensiale for fleire krevande artar enn dei som vart funne. På lauvtree (bjørk og rogn) var det ein del lungenever, skrubbenever, glattvrenge, kystfyllav, kystårenever m.m. som understrekar det fuktige lokalklimaet.

Verdsetting: Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det er eit relativt ordinært artsutval til å vera nordvendte kystberg. Lokaliteten kan likevel ha potensiale for fleire interessante artar.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå treslagskifte og fysiske inngrep som kan endra lokalklimaet ved berga.

04 Gjelstein: Sollia (kystfuruskog)

Lokalitetsnummer: 1535-10004
Kartblad: 1220 II Vestnes
UTM (EUREF 89): LQ 85-86, 47
Høgd over havet: 140-300 m
Hovudnaturtype: Skog
Naturtype: Kystfuruskog, gammelskog
Prioritet: A (svært viktig)
Mulege truslar: fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder: 29.08.2001, JBJ, 25.02.2003, DH

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten omfattar øvste del av den sørvendte lia som kallast Sollia, og noko av dei meir austvendte partia mot Gjelsteinsetra og opp mot Snaufjellet. Det som er avgrensa, er dei undersøkte delene av eit større område med kystfuruskog som strekkjer seg til nordausthellingane av Brennhaugen, nordhellingane mot Rekdal ved Skaret, opp mot Snaufjellet og vestover forbi Gjelsteinsetra. Også desse område bør undersøkast.

Vegetasjon: Det avgrensa området er dominert av gammal furuskog med innslag av bjørk, osp, rogn og hasselrike parti. Undervegetasjonen er dels blåbærdominert, dels av noko høgare bonitet med gras- og urterik vegetasjon, småbregnevegetasjon og mindre parti med storbregnevegetasjon. I flatare parti som i nedkant av Sollia, oppå Brennhaugen og mot gjelsten finst opne parti med fattige myrer.

Kulturpåverknad: I nedre deler av Sollia er det nokre skogsvegar, hogstfelt og granplantefelt. Eit granplantefelt strekkjer seg opp mot Solli-høgda heilt opp til barlinden innanfor det avgrensa området. Folk kunne gå lange vegar for å henta barlind-bar til kransar (Torbjørn Eidsvik pers. medd.).

Artsfunn: Det vart funne ein del element og artar som høyrer til i eldre furu- og lauvskog, samt skog med stabilt fuktig lokalklima. Raudlistearten skorpefiltlav *Fuscopannaria ignobilis* er funnen to stader. I posisjon 38657,694789 vart det notert sølvnever og skrubbenever på rogn, osp opp til 50 cm stammediameter med lungenever, merke etter sannsynleg kvitryggspett og dessutan stor ospe-eldkjuke. Ved 38648,694761 vart det funne ein høgstubbe av furu 6 m høg og 80-90 cm stammediameter med diverse skorpelavartar. Høgstubbar og gadd med skorpelavar vart også funne andre stader, m.a. rundt 38696,694787-91. Ved 38691,694790 står eit hotre av barlind med bærproduksjon (jfr. prikkart hos Bundli 1952). Rota har 3 stammar på 15, 25 og 25 cm diameter, og ein stamme på 10 cm ca. 1 meter frå dei andre. Den siste stammen er delvis avbarka (ca. 40%) av hjort, dei andre stammene er mest utan gnag. Barlindene er omlag 4 m høge, og står no heilt inntil eit granplantefelt som held på å veksa dei over hovudet og skuggar dei ut. Epifyttar på barlind var forutan mosar litt lungenever, kvistlav, papirlav, bristlav og bloddråpelav. Rundt rota står mange daude småstammar, ein med levande bar ved basis. Vegetasjonen rundt barlinda består av blåbær, fjørnase, etasjehusnase, kystkransnase, storfrytle, einstape, fugletelg, elles einer, furu og bjørk. I området 38710-38729,694777-694790 var det ein del hassel med interessant lavflora, m.a. kystnever, sølvnever, lungenever, vanleg blåfiltlav og lodnevrenge. Særleg kystnever og sølvnever er kravfulle artar. Fleire raudlista viltartar held til i og inntil lokaliteten. Elles vart det observert furukorsnebb, spettmeis, granmeis, raudstrupe, svarttrast og grønssisik.

Verdsetting: Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er ein større, godt utvikla, gammel kystfuruskog med mange element som store, gamle furu- og lauvtre, gadd,

læger og høgstubbar av dels store dimensjonar, raudlista viltartar og godt utvikla og artsrike lavsamfunn med ein raudlisteart. I tillegg finst barlind her.

Skjøtsel og omsyn

For framtida bør landskapet i dette området ha eit differensiert skogbruk omlag som i dag, med område som er gjenstand for vanleg skogbruk (nedre deler), og område som ikkje er i bruk. I det avgrensa området er det ønskjeleg at eksisterande plantefelt ved avverking blir erstatta med furu, og at det ikkje blir bygd fleire skogsvegar. Skjøtselsråda gjeld og i tilgrensande furuskogsområde som er dårleg undersøkte. Barlinda i øvre del av Sollia er i ferd med å bli skugga ut av gran som er planta heilt inntil, desse bør fjernast i ein avstand på omlag ei trehøgdd så snart som råd, slik at barlinda får meir lys.

05 Gjelstein: Gjelsteinstranda (svartorskog)

Lokalitetsnummer: 1535-10005
Kartblad: 1220 II Vestnes
UTM (EUREF 89): LQ 884-887, 467-469
Høgdd over havet: 5-30 m
Hovudnaturtype: Skog
Naturtype: Rikare sumpskog
Prioritet: B (viktig)
Mulege truslar: fysiske inngrep, treslagskifte
Undersøkt/kjelder: 29.08.2002, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten er eit fuktig lauvskogsområde med stort innslag av svartor. Han ligg nord for dyrkingsfeltet på Gjelsteinstranda og nordover mest til bekken Dalgrova. Lokaliteten strekkjer seg frå vegen og opp til kraftlina, med innslag av svartor også lenger opp.

Vegetasjon: Skogen er å rekna som for det meste sumpskog, og består forutan svartor, av bjørk, furu, hegg, rogn og selje, med ein undervegetasjon av dels beitepåverka fukteng, frisk fattigeng og fattigmyr, dels blåbærvegetasjon på tørrare parti.

Kulturpåverknad: Området er inngjerda til beite (i 2002 beita av hest).

Artsfunn: Svartor er mest interessant. Svartorsumpskogar på våre kantar er ofte relativt fattige på kravfulle artar. Av fuktartar kan nemnast grønstorr, klokkelyng, kornstorr, kystmyrklegg, myrmaure og øyrevier, og liknande økologi har soppartane myrskrubb, hulriske og fiolett svovelriske.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit større sumpskogsområde med ein av dei største svartorførekomstane i kommunen.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep og treslagskifte.

06 Fiksdal: Ellingsætersetra (naturbeitemark)

Lokalitetsnummer: 1535-10006
Kartblad: 1220 II Vestnes
UTM (EUREF 89): LQ 874 426
Høgdd over havet: 190 m
Hovudnaturtype: Kulturlandskap
Naturtype: Naturbeitemark
Prioritet: B (viktig)

Mulege truslar: opphøyr av hevd, attgroing
Undersøkt/kjelder: 25.09.1999, GGa, 06.07. og 04.09.2001, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Seterområdet er rundt 10 dekar stort og ligg knapt 200 m over havet i ei slakk halling i Nakkedalen.

Vegetasjon: Vegetasjonen er mager lynghei og moserik frisk fattigeng (G4), sølvbunkeeng (G3) og fuktig fattigeng (G1). Noko attgroing med einer og lyng (røsslyng, blåbær, blokkebær, tytebær).

Kulturpåverknad: Vollen vart beita av sau og storfe. Beitetrykket var brukbart.

Artsfunn: Floraen var relativt artsfattig, 41 planteartar, blant desse aurikkelsvæve, blåklokke, heiblåfjør, hårsvæve, kornstorr, kystmaure og kystmyrklegg. Det er totalt funne 12 beitemarkssopp, av desse ein raudlistear: den hensynskrevande arten musserongvokssopp (*Hygrocybe fornicata*).

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av førekomst av ein raudlistear i kategori hensynskrevande.

Skjøtsel og omsyn

Det største trugsålet mot lokalitetar som denne er opphøyr av beitebruken. Det er ønskjeleg at lokaliteten blir beita også i framtida.

07 Fiksdal: Stormyra (intakt låglandsmyr)

Lokalitetsnummer: 1535-10007
Kartblad: 1220 II Vestnes
UTM (EUREF 89): LQ 89, 42-43
Høgde over havet: 60 m
Hovudnaturtype: Myr
Naturtype: Intakt høgmyr, intakt låglandsmyr
Prioritet: B (viktig)
Mulege truslar: fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder: 24.08.1980 AM (Moen 1984), 04.09.2001, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Avgrensa areal er ca. 400 daa, og avgrensinga er gjort etter Moen (1984), som er nokså grov (overført frå 1:50000 til 1:10000). Området ved Svartelva er myrdominert, og fastmarksryggar splittar opp myrene. Planmyr dominerer. Tre elementsamlingar er klassifisert som høgmyr (nokre erosjonsfurer). Flatmyr er vanleg, og dessutan finst svakt hellande tuvebakkemyrer i kantane. Ofte overgangstypar mellom myr og fuktskog.

Vegetasjon: Ombrotrof og fattig myrvegetasjon, dels med spreidd furu (også furugadd). Tuver dominerer, og i botnen er heigråmose (*Racomitrium lanuginosum*) vanlegast, medan kysttorvmose (*Sphagnum imbricatum*)(dominerande i nokre parti) og rusttorvmose (*S. fuscum*) er vanlege. Rome er vanleg også lågt i tuvane, medan kvitmyrâk dominerer mjukmattehøljjer. Fattigmyrene har store areal med pors/blåtopp-samfunn i kantane.

Kulturpåverknad: Myra i nord (planmyr) er øydelagt av torvstikking. Sør for fastmarksryggen er det ikkje observert tekniske inngrep.

Artsfunn: Det er notert dvergbjørk, klokkelyng, dysiv, kvitmyrâk, matteflette (*Hypnum cupressiforme*), bjørnetorvmose (*Sphagnum lindbergii*) og fløyelstorvmose (*S. molle*).

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er mindre areal intakt høgmyr på staden (truleg <50 dekar).

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fleire fysiske inngrep.

08 Tomrefjord: under Strandastolen (berg, edellauvskog)

Lokalitetsnummer:	1535-10008
Kartblad:	1220 II Vestnes
UTM (EUREF 89):	LQ 917-922, 412-420
Høgd over havet:	ca. 150-400 m
Hovudnaturtype:	Skog, berg, rasmark og kantkratt
Naturtype:	Rik edellauvskog, gammal lauvskog, nordvendte kystberg
Prioritet:	C (lokalt viktig)
Mulege truslar:	treslagskifte
Undersøkt/kjelder:	30.10.2002, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Lia langs austsida av Strandastolen langs vestsida av Tomrefjorden er bratt og dominert av bjørkeskog med innslag av planta gran. Lokaliteten inneheld nokre spreidde almer, ein del læger av lauvtre og nordaustvendte berg med eit fuktig lokalklima. Naturtypen ”nordvendte kystberg” er generelt beskreve av Gaarder m. fl. 2001, og står ikkje i DN-handboka. Lokalklimaet i Tomrefjorden er kystnært og fuktig, med godt utvikla lungeneversamfunn i eldre skog. Lokaliteten har innslag av læger av hovudsakeleg bjørk, rogn og selje.

Vegetasjon: Dels bjørkeskog med blåbær eller store bregner i botnen, dels meir høgstaudeprega. Overgangar mot gråor-almeskog med få almer og nokre gråor-heggeskogsartar i skogbotnen. Berg og kløfter med potensiale for fuktikrevande lav- og moseartar.

Kulturpåverknad: Litt planta gran nedanfor det avgrensa området.

Artsfunn: Som edellauvskog er lokaliteten dårleg utvikla, med få almetre, og innslag av den varmekjære planten myske. Lungeneversamfunna er middels godt utvikla, med lungenever, skrubbenever, glattvrenge, grynvrenge, kystfiltlav og sparsamt med vanleg blåfiltlav. Lauvtrelæger er for det meste sterkt mosegrodde, og det vart ikkje funne spesielt kravfulle artar med unntak av fingersaftmose *Riccardia palmata*. Ved leiting skulle det vera muleg å finna fleire kravfulle rotevedmosar. Av planter er det registrert berre få varmekrevande artar som t.d. myske og skogsvinerot, men planter som enghumleblom, krattmjølke, skogkarse og vendelrot vart noterte. I berget vart dei oseaniske moseartane dronningmose *Hookeria lucens*, gullhårmosse *Breuthelia chrysocoma* og prakttvibladmose *Scapania ornithopodioides* funne. Elles vart det notert grønstorr og svarttopp.

Verdsetting: Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det er ein dårleg utvikla edellauvskog, moderat utvikla gammal lauvskog, og nordvendte kystberg med to signalartar på fuktig miljø. Lokaliteten har truleg eit potensiale for fleire kravfulle artar.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå treslagskifte høgt i lia, og det beste for naturverdiane er at det ikkje blir hogd i den minst kulturpåverka lauvskogen.

09 Tomrefjord: Juvikplassen (slåtteeng)

Lokalitetsnummer:	1535-10009
Kartblad:	1220 II Vestnes
UTM (EUREF 89):	LQ 926 413

Høgd over havet: 10 m
Hovudnaturtype: Kulturlandskap
Naturtype: Slåttenger/naturbeitemark
Prioritet: B (viktig)
Mulege truslar: fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder: 06.07.2001, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten er ei lita attgroande slåtteeng på 2-3 dekar mellom riksvegen og 3 hytter.

Vegetasjon: Frisk fattigeng, jordnøttutforming (G4b), i attgroing. Vegetasjonstypen er oppfatta som akutt truga (CR, Fremstad & Moen 2001).

Kulturpåverknad: Tidlegare slåtteeng og truleg beitemark, no ute av hevd. 3 hytter i skogkanten, riksveg i nedkant.

Artsfunn: Det vart notert 44 planteartar, blant desse grov nattfiol, nattfiol, harerug, kornstorr, kystmaure, sumpmaure og store mengder jordnøtt.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei gammal slåtteeng i attgroing, med nokre biologiske verdiar. Viktigast er vegetasjonstypen med jordnøtt og kystmaure, som er vurdert som akutt truga, men som snart vil gå tapt ved fortsatt opphøyr av slått og beiting.

Skjøtsel og omsyn

Dersom verdiane skal bevarast må ein ta opp att slått/beiting.

10 Tomrefjord: Tomrefjordbotnen (brakkvassdelta)

Lokalitetsnummer: 1535-10010 (Naturbasen: 1535-01100)
Kartblad: 1220 II Vestnes
UTM (EUREF 89): LQ 92 40
Høgd over havet: 0-1 m
Hovudnaturtype: Havstrand/kyst
Naturtype: Brakkvassdelta, strandenger
Prioritet: C (lokalt viktig)
Mulege truslar: fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder: 12.8.84, AAF (Holten m. fl. 1986b), 07.06.2002, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten er skildra med utgangspunkt i Holten m. fl. (1986b). Lokaliteten er ein beskytta fjordbotn ved Nedre Frostad med bekke/elveutløp og mykje grovt materiale. Lokaliteten har strandenger som det botanisk mest verdifulle. Grunn sandfjøre har funksjon for våtmarksfugl, og er tatt med i det avgrensa området.

Vegetasjon: B5 Skjørbuksurt-forstrand, spredt vegetasjon i salturt-grusstrand, i D5, D3b saltsev-strandkjempe-eng, D4 raudsvingel-eng, D5 strandkjempe-strandkryp-forstrand, Ela fjøresevaks-eng, E3a rustsevaks-eng, med pølstorr, E4 fjørestorring, J3b kveke-voll, fragment, J3c strandrøyr-bestand, J6 strandkjeks-voll, smal. Vegetasjonstypane følgjer Holten m.fl. (1986b) og er ikkje i samsvar med Fremstad (1997).

Kulturpåverknad: Riksveg m. fylling, fleire naust, elveforbygging langs Frostadelva.

Artsfunn: Artsfattig (36 plantearter), men med saltarve (*Sagina maritima*). Av fugl vart det 07.06.02 observert 5 fiskemåsar. Ved andre besøk er det observert tjeld, stokkand og andre måseartar.

Verdsetting: Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det er eit lite restareal med intakte strandenger m.m. som ikkje tilfredsstillar kriteria til B (viktig) i DN (1999a).

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fleire fysiske inngrep.

11 Tomrefjord: Klingrå (slåtteeng)

Lokalitetsnummer: 1535-10011
Kartblad: 1220 II Vestnes
UTM (EUREF 89): LQ 9256-9258 3970-3973
Høgde over havet: 10 m
Hovudnaturtype: Kulturlandskap
Naturtype: Slåtteeng
Prioritet: B (viktig)
Mulege truslar: opphøyr av slått, fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder: 28.06. og 04.10.2002, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten er ein liten, intakt slåtteengrest ved Frostad med solblom på mindre enn 1 dekar ved ei bustadhus oppført 1990. Lokaliteten vert framleis slått.

Vegetasjon: Frisk fattigeng (G4).

Kulturpåverknad: Lokaliteten er omgjeven av veg, bustadhus med hage, og eit eldre massetak som no er planert og dyrka.

Artsfunn: Mest interessant er ein bestand på 12-15 blomstrande solblom. Dette er truleg ein rest av tidlegare større bestandar i Tomrefjorden, og den mest intakte. Det vart og funne ein liten bestand på 5 blomstrande planter på nokre kvadratmeter ved Frostad (LQ 9272 4065), men dette er ikkje avgrensa som lokalitet. Arnfinn Skogen og Eli Fremstad fann solblom i Tomrefjorden i 1971, men funnstaden er uviss. Elles vart det notert geitsvingel, harerug, kjertelaugnetrøst, prestekrage, smalkjempe, småengkall og tiriltunge. Ved haustbesøket vart det funne følgjande artar av beitemarkssopp: glasblå raudskivesopp (*Entoloma caeruleopolitum*) og silkeraudskivesopp (*Entoloma sericellum*). Lokaliteten har potensiale for fleire beitemarkssopp.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei lita, men artsrik og interessant slåtteeng med solblom og einskilde andre meir krevjande artar.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør halda fram med å slå enga, helst seint i sesongen, raka vekk graset og ikkje gjødsla. Enga bør skånast for fysiske inngrep som graving i jorda.

12 Tomrefjordfjellet: Frostadsetra (naturbeitemark)

Lokalitetsnummer: 1535-10012
Kartblad: 1220 II Vestnes
UTM (EUREF 89): LQ 885-887, 903-906
Høgde over havet: 230-270 m
Hovudnaturtype: Kulturlandskap
Naturtype: Naturbeitemark
Prioritet: B (viktig)
Mulege truslar: fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder: 06.07.2001, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Setervoll med fleire hytter, i attgroing.

Vegetasjon: Frisk fattigeng, dels av jordnøtt-type (G4b), fukteng/fattig myr (K3/K4).

Kulturpåverknad: Setergrend med fleire nyare hytter.

Artsfunn: 53 registrerte planteartar, bl. a. aurikkelsvæve, hanekam, harerug, kjertelaugnetrøst, kornstorr, kystmaure, smalkjempe, småengkall og mykje jordnøtt. Magnus Frostad har samla raudlistearten kvitkurle her i 1926 (kjelde: Botanisk museum, Oslo), og den kan nok finnast framleis (fanst på Jostølen i 2001).

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei middels velutvikla og intakt naturbeitemark i svak attgroing med innslag av ein regionalt uvanleg og akutt truga vegetasjonstype (jordnøtteng med kystmaure) (Fremstad & Moen 2001).

Skjøtsel og omsyn

Det er ønskeleg med framhald av beitinga.

13 Tomrefjordfjellet: Frostadsetra (barlind)

Lokalitetsnummer:	1535-10013
Kartblad:	1220 II Vestnes
UTM (EUREF 89):	LQ 8948 3740
Høgde over havet:	ca. 300 m
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	Andre viktige førekomstar
Prioritet:	C (lokalt viktig)
Mulege truslar:	fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	06.07.2001, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Skogli med førekomst av barlind nær ein bekk.

Vegetasjon: Bregnerik bjørkeskog (C1b).

Kulturpåverknad: To planta graner nedanfor barlindane.

Artsfunn: Viktigast er barlind, som her nærmar seg si norske nordgrense (Molde), og som har svake bestandar i fylket. Det vart registrert 14 røter med ca 30 stammar med diameter 5-25 cm. Barlindane er noko beita av hjort. Av epifyttar vart det funne m.a. ein knappenålslav: gulgrynnål *Chaenotheca chrysocephala* (bestemt av Håkon Holien, Høgskolen i Nord-Trøndelag), elles kvistlav, bristlav og papirlav. Det var truleg i nærleiken her ein stad at Magnus Frostad fann bruntelg (raudlista varietet av sauetelg) i 1927, og junkerbregne i 1936 (kjelde: Botanisk Museum, Oslo).

Verdsetting: Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det er ei av dei nordlegaste førekomstane av den regionalt sjeldne barlind i Noreg, men området rundt passar ikkje inn i nokon av naturtypene i DN (1999a).

Skjøtsel og omsyn

Ein bør la barlindane vera mest muleg i fred. Beiting av hjort er eit generelt problem på barlind.

14 Tomrefjordfjellet: Frostadsetra (sumpskog)

Lokalitetsnummer:	1535-10014
Kartblad:	1220 II Vestnes

UTM (EUREF 89): LQ 8972-8973, 3733-3737
Høgde over havet: 225 m
Hovudnaturtype: Skog, myr
Naturtype: Sumpskog, fattigmyr
Prioritet: C (lokalt viktig)
Mulege truslar: fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder: 24.07.1927, Magnus Frostad, 06.07.2001, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Myr og sumpskog ved parkeringsplassen ved Frostadsetra.

Vegetasjon: Vegetasjonen kan klassifiserast som sumpskog med innslag av opnare fattig bakkemyr (K3/K4).

Kulturpåverknad: Veg og parkeringsplass og ei hytte ligg inntil lokaliteten.

Artsfunn: Lokaliteten er avgrensa på grunn av rikelege førekomstar av den regionalt sjeldne og søraustlege plantearten skogsivaks som veks i eit ca. 10 meter breitt belte ca. 50 meter nedover langs eit lite bekkesig i halvopen skog. Arten vart først funnen i dette området av Magnus Frostad i 1927 og sendt til Botanisk museum i Oslo (jfr. prikkart hos Fægri & Danielsen 1996). Andre artar som vart noterte: sumphaukeskjegg, mjødukt og bekkeblom.

Verdsetting: Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det ikkje er ein definert naturtype i DN (1999a), men ein verdifull førekomst av ein regionalt sjeldan art.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fleire fysiske inngrep. Det som trugar mest er utviding av veg/parkeringsplass og evt. grøfting/drenering i samband med hyttebygging.

15 Tomrefjordfjellet: Jostølen (naturbeitemark)

Lokalitetsnummer: 1535-10015
Kartblad: 1220 II Vestnes
UTM (EUREF 89): LQ 902 373
Høgde over havet: 210 m
Hovudnaturtype: Kulturlandskap
Naturtype: Naturbeitemark
Prioritet: A (viktig)
Mulege truslar: opphøyr av hevd, attgroing
Undersøkt/kjelder: 27.07.1995, Birgit A. Seljeflot, 11.07. og 03.09.2001, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Jostølen ligg mellom nordenden av Svartløkvatnet og vegen til Frostadsetra.

Lokaliteten er dels open, men har dels karakter av halvopen bjørkeskog.

Vegetasjon: Frisk fattigeng av jordnøtt-type (G4b), litt sølvbunkeeng, litt blåbærskog (A4) og fattigmyr (K3/K4).

Kulturpåverknad: Gammel setervoll i svak attgroing, svak streifbeiting av sau. Fleire nyare hytter. Litt vedhogst.

Artsfunn: Viktigast her er førekomstar av raudlistearane kvitkurle (6 blomstrande) og solblom. Solblom vaks mest over eit område på ca. 50 x 50 meter ved eit par hytter, der det vart telt ca. 300 blomstrande rosettar. Førekomsten vart først kjent gjennom belegg av solblom samla av Birgit A. Seljeflot i ei objektsamling ved Tingvoll vidaregåande skole. Solblomførekomsten er ein av dei største i distriktet. Oppe ved vegen vart det funne nokre solblomrosettar som ikkje blomstra. Det vart notert 55 planteartar (17 naturengplanter), her kan nemnast aurikkelsvæve, blåklukke, blåkoll, grov nattfiol, harerug, heiblåfjør, hårsvæve,

store mengder jordnøtt, kjertelaugnetrøst, kornstorr, kystmaure og smalkjempe. Ved haustbesøket vart det funne tre vanlege beitemarkssopp, men ein reknar med at det er potensiale for fleire slike artar.

Verdsetting: Området blir verdsett til A (viktig) på grunn av at det er ei artsrik, delvis intakt naturbeitemark med stor bestand av solblom og førekomst av kvitkurle, begge raudlista planteartar. I tillegg er jordnøtteng med kystmaure ein akutt truga vegetasjonstype (Fremstad & Moen 2001).

Skjøtsel og omsyn

Attgroinga bør motverkast ved beiting, alternativt kan det tenkjast at ein eller anna hytteeigar kan få forvaltningsansvaret for solblomlokaliteten. Vedhogst i området er positivt ved å gjera landskapet opnare. Ein bør da unngå å dekkja solblomområda med kvisthaugar.

16 Tomrefjordfjellet: nord for Litlestøylen (barlind)

Lokalitetsnummer: 1535-10016
Kartblad: 1220 II Vestnes
UTM (EUREF 89): LQ 9039 3788
Høgde over havet: 355 m
Hovudnaturtype: Skog
Naturtype: Rik edellauvskog
Prioritet: B (viktig)
Mulege truslar: fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder: 11.07.2001, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Sør-søraust-vendt skogli nord for Svartløkvatnet på Tomrefjordfjellet, førekomst av barlind.

Vegetasjon: Overgangar mellom rike kysthasselkratt og storbregneskog (C1b/D2c) med bjørk, hassel, osp og rogn.

Kulturpåverknad: Eit granplantefelt ca. 50 m nedanfor, ellers liten.

Artsfunn: Barlindforekomst med tre røter. Øvst to røter med 3 meter imellom, den eine med 9 stammar på 5-15 cm stammediameter. Den andre med 6 stammar på 5-20 cm. Den tredje ligg ca. 10 meter nedanfor dei andre med 3 levande og 1 daud stamme, den største ca. 30 cm, dei to andre ca. 12 og 17 cm i stammediameter. Av epifyttar vart det notert gullroselav, lungenever, skrubbenever, samt ein sjeldan og lite kjend barlind-tilknytt soppart:

Capnobotrys dingleyae (bestemt av Alfred Granmo, Universitetet i Tromsø). Av karplanter i skogen vart det notert sanikel, liljekonvall, skogmarihand, tågebær, skogstorkenebb, skogfiol, hengjeaks, firkantperikum, blåknapp og hårsvæve.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at lokaliteten inneheld lågurtskog med ein mindre barlindforekomst og interessante kryptogamar.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep på staden, og mest muleg la barlindane vera i fred utan å samla bar og kvistar.

17 Tomrefjordfjellet: Bygdesetra (naturbeitemark)

Lokalitetsnummer: 1535-10017
Kartblad: 1220 II Vestnes
UTM (EUREF 89): LQ 910 370

Høgde over havet: 230 m
Hovudnaturtype: Kulturlandskap
Naturtype: Naturbeitemark
Prioritet: B (viktig)
Mulege truslar: opphøyr av hevd, attgroing
Undersøkt/kjelder: 03.09.2001, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Bygdesetra ligg ved nordaustenden av Svartløkvatnet (Tomrevatnet) på Tomrefjellet, og er eit større stølsområde som etter kvart har vorte teke meir i bruk til hyttebygging. Stølen er hovudsakeleg omgjeven av bjørkeskog.

Vegetasjon: Dels sølvbunkeeng (G3), dels frisk fattigeng, dels med jordnøtt (G4b), noko fattigmyr (K3) og overgangar mot blåbærbjørkeskog (A4).

Kulturpåverknad: Det er bygd ein del hytter i området. Noko planta gran og sitkagran. Beiting av storfe og sau, moderat beitetrykk.

Artsfunn: Det vart notert 52 planteartar, her kan nemnast blåklokke, hanekam, jordnøtt, heisiv, knegras, kornstorr og kystmaure i mengder. Det vart vidare funne eit par vanlege beitemarkssopp.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei naturbeitemark som er typisk for regionen, utan særleg interessante funn, men med den akutt truga vegetasjonstypen jordnøtteng med kystmaure (Fremstad & Moen 2001).

Skjøtsel og omsyn

Det er ønskjeleg at beitinga held fram.

18 Tomrefjord: Langstein (gammal lauvskog)

Lokalitetsnummer: 1535-10018
Kartblad: 1220 II Vestnes
UTM (EUREF 89): LQ 945-948, 409-411
Høgde over havet: ca. 200-350 m
Hovudnaturtype: Skog
Naturtype: Gammal lauvskog
Prioritet: B (viktig)
Mulege truslar: fysiske inngrep, treslagskifte
Undersøkt/kjelder: 29.08.2002, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Lia langs austsida av Tomrefjorden er feltvis tilplanta med gran i nedre deler, og meir urørt i øvre deler, stadvis med eldre lauvskog ned til ca. 200 m. Denne lokaliteten ved Langstein må sjåast som eit eksempel på kva som kan finnast flekkvis i heile lia. Av kapasitetsomsyn er berre dette feltet undersøkt. Lokalklimaet i Tomrefjorden er kystnært og fuktig, med godt utvikla lungeneversamfunn i eldre skog. Lokaliteten har godt innslag av læger av hovudsakeleg bjørk, rogn, selje og gråor.

Vegetasjon: Dels gråor-heggeskog, dels storbregnebjørkeskog.

Kulturpåverknad: Skogsveg i nedkant av lokaliteten, litt innplanta gran.

Artsfunn: Særleg interessant er dei godt utvikla lungeneversamfunna, som somme stader går 7-8 meter opp i trea, med lungenever, skrubbenever og sølvnever, den siste er mest kravfull (funne på rogn og selje ved 39458,694094). Lauvtrelæger er for det meste svært mosegrodde, og det vart ikkje funne spesielt kravfulle artar. Av planter er det registrert berre få varmekrevande artar som t.d. myske og skogsvinerot, men høgstauder knytt til gråor-

heggeskog er vanlege, t. d. enghumleblom, geittelg, krattmjølke, krypsoleie, skogburkne, skogkarse, trollurt og vendelrot.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein godt utvikla gammel lauvskog med mykje læger og godt utvikla lungeneversamfunn som tyder på eit potensiale for fleire kravfulle artar.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep og treslagskifte, og det beste for naturverdiane er at det ikkje blir hogd i den eldste og minst kulturpåverka lauvskogen. Mange kravfulle artar knytt til gammal lauvskog er litt varmekrevande og vil ikkje trivast i dei øvre delene av lia.

19 Tomrefjord: Båtsnesholmen (naturbeitemark, viltlokalitet)

Lokalitetsnummer: 1535-10019
Kartblad: 1220 II Vestnes
UTM (EUREF 89): LQ 930 431
Høgde over havet: 0-12 m
Hovudnaturtype: Kulturlandskap, havstrand/kyst
Naturtype: Naturbeitemark, viltområde
Prioritet: B (viktig)
Mulege truslar: fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder: 06.07.2001, 07.06.2002 (kikkert), 04.10.2002, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten er ein holme nær land ved Båtsneset i Tomrefjorden.

Vegetasjon: Vegetasjonen er open og engprega, med m. a ca. 50% storfrytlemark (G1d), og noko frisk fattigeng (G4) med jordnøtt og kystmaure. Mengda av storfrytle og strukturen på vegetasjonen tyder på attgroing. I tillegg finst strandberg og litt nitrofil engvegetasjon (X1/G12).

Kulturpåverknad: Holmen vart beita av ein bekre sommaren 2002. Beitinga hindrar ikkje attgroing.

Artsfunn: Det vart registrert 43 planteartar. Blant desse var blåklokke, jonsokkoll, jordnøtt, kystmaure og smalkjempe. Av fugl kan nemnast fiskemåse (ca. 60 ind. 06.07.01, fleire ungar sett, ca. 50 ind. 07.06.02), svartbak (ca. 8-10 par 06.07.01, fleire ungar sett, 15 ind. 07.06.02), ubestemt terne ca. 10 ind., eit par tjeld, og eitt par grågås med minst 3 ungar (2001). Det vart ikkje funne beitemarkssopp (tørr ettersommar/haust), men øya har truleg potensiale for slike artar.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) m. a. på grunn av at han har den akutt truga vegetasjonstypen jordnøtteng med kystmaure (Fremstad & Moen 2001). I tillegg kjem funksjon som hekkeområde for sjøfugl, m. a. grågås.

Skjøtsel og omsyn

Det er ønskjeleg med framhald av beitinga. Det er viktig at sjøfuglane ikkje blir forstyrra av folk i hekkesesongen.

20 Øverås/Furland: ved Elvestad (intakt låglandsmyr)

Lokalitetsnummer: 1535-10020
Kartblad: 1220 II Vestnes
UTM (EUREF 89): LQ 957-963, 448-453
Høgde over havet: 40-50 m

Hovudnaturtype: Myr
Naturtype: Intakt låglandsmyr, viltlokalitet
Prioritet: C (lokalt viktig)
Mulege truslar: fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder: 04.10.2002, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Myrområde som ligg nord for riksvegen og nord og aust for Elvestad nord for Flateelva. Lokaliteten grensar i sør mot riksvegen, i vest, nord og aust mot dyrka mark.

Vegetasjon: Ombrotrof vegetasjon dominerer, og tuvevegetasjon utgjer det aller meste. Deler kan klassifiserast som skogmyr. Kvitmyråk er vanleg i høljjer. Fattigmyrene har trivielle samfunn, m. a. pors/blåtopp-samfunn. Myra har spreidd med småfuru og småbjørk.

Kulturpåverknad: Det er m.a. tatt torv.

Artsfunn: Det er ikkje funne spesielt interessante artar. Det er m. a. notert kvitmyråk. Myrene har potensiale for interessante augestikkarar og einskilde fugleartar.

Verdsetting: Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at denne lokaliteten ikkje fyller vilkåra til B (viktig) hos DN (1999a).

Skjøtsel og omsyn

Denne lokaliteten inneheld restar av intakt myr i eit tidlegare stort myrareal mellom Vestnes og Tomrefjorden. Lokaliteten kan tena som eksempel på den opprinnelege naturtypen i området.

21 Øverås/Furland: Øveråslia (intakt låglandsmyr)

Lokalitetsnummer: 1535-10021
Kartblad: 1220 II Vestnes
UTM (EUREF 89): LQ 959-965, 455-461
Høgde over havet: 60-75 m
Hovudnaturtype: Myr
Naturtype: Intakt låglandsmyr, viltlokalitet
Prioritet: C (lokalt viktig)
Mulege truslar: fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder: 30.08.2002, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Myrområde som ligg nedanfor Øverås-vegen vest for Lia. Lokaliteten grensar i nord mot vegen, i vest mot gardsveg, i sør mot kanal og plantefelt, i aust mot dyrka mark ved Lia.

Vegetasjon: Ombrotrof vegetasjon dominerer, og tuvevegetasjon utgjer det aller meste. Kvitmyråk er vanlege i høljjer. Fattigmyrene har trivielle samfunn, m. a. pors/blåtopp-samfunn i kantane. Myra har spreidd med småfuru og småbjørk.

Kulturpåverknad: Myrene lenger vest og sør er grøfta. Det er tatt torv.

Artsfunn: Det er ikkje funne spesielt interessante artar. Det er m. a. notert kvitmyråk. Myrene har potensiale for interessante augestikkarar og einskilde fugleartar.

Verdsetting: Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at denne lokaliteten ikkje fyller vilkåra til B (viktig) hos DN (1999a).

Skjøtsel og omsyn

Denne lokaliteten inneheld restar av intakt myr i eit tidlegare stort myrareal mellom Vestnes og Tomrefjorden. Lokaliteten kan tena som eksempel på den opprinnelege naturtypen i området.

22 Øverås: ved Øvrebø (intakt låglandsmyr)

Lokalitetsnummer: 1535-10022
Kartblad: 1220 II Vestnes
UTM (EUREF 89): LQ 935-949, 473-460
Høgde over havet: ca. 70 m
Hovudnaturtype: Myr
Naturtype: Intakt låglandsmyr
Prioritet: C (lokalt viktig)
Mulege truslar: fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder: 24.07.1997 (JBJ) (Jordal 1998)

Områdeskildring

Generelt: Det undersøkte området ligg på nedsida av Øveråsvegen i ei slakk helling nord for Øvrebø.

Vegetasjon: Vegetasjonen består stort sett av nedbørsmyr med spreidd furu (ombrotrof skogmyr) i mosaikk med fattig skogmyr. Vegetasjonen består av mykje pors, røsslyng og torvull, dels med innslag av rome, duskull, bjønnskjegg og stjernestorr.

Kulturpåverknad: Myrene i området er stadvis grøfta og markberidd, i det avgrensa området har det vore mindre påverknad.

Artsfunn: Ingen spesielle artar vart funne.

Verdsetting: Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at lokaliteten ikkje tilfredsstillar kriteria til B (viktig) i DN (1999a).

Skjøtsel og omsyn

Sjølv om området er artfattig, er dette likevel naturtypar som det etter kvart blir mindre av i låglandet i ytre strok. Utbygging, grøfting og skogplanting har redusert arealet mykje. Deler av det som til no ikkje er grøfta, markberidd eller planta bør derfor kunne liggja urørt som typeområde.

23 Øverås: Øveråstjønnene (intakt låglandsmyr)

Lokalitetsnummer: 1535-10023
Kartblad: 1220 II Vestnes
UTM (EUREF 89): LQ 963-966, 468-472
Høgde over havet: 60-75 m
Hovudnaturtype: Myr
Naturtype: Intakt låglandsmyr, viltlokalitet
Prioritet: C (lokalt viktig)
Mulege truslar: fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder: 30.08.2002, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Myrområde aust for søppelplassen, der hovuddelen er for det meste nedbørsmyr og fattigmyr med spreidd furu. Lokaliteten grensar i nord, aust og sør mot furuskog, i vest mot søppelplass. Over myra flyt ein meanderande bekk i stille løp.

Vegetasjon: Ombrotrof vegetasjon dominerer, og tuvevegetasjon utgjer det aller meste. Elles finst fleire bekkar og små, tjønnliknande utvidingar av desse med flaskestorr og elvesnelle. Myrene har trivielle samfunn, m. a. pors/blåtopp-samfunn.

Kulturpåverknad: Eit par bekkar som renn inn på myra frå sør er kanaliserte. I vest er myra grøfta og utbyggt til søppelplass.

Artsfunn: Det er ikkje notert spesielt interessante planteartar. Ein går ut fra at myrene tener som hekke- og matleitingsområde for våtmarksfugl.

Verdsetting: Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at denne lokaliteten ikkje fyller vilkåra til B (viktig) hos DN (1999a). Lokaliteten har truleg viltfunksjon, og ligg i eit større relativt intakt område med kystfuruskog.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør la restane av dette myrområdet liggja utan fleire inngrep.

24 Leirvågen (strandeng)

Lokalitetsnummer: 1535-10024
Kartblad: 1220 II Vestnes
UTM (EUREF 89): LQ 969 485
Høgde over havet: 0-1 m
Hovudnaturtype: Havstrand/kyst
Naturtype: Strandeng og strandsump
Prioritet: C (lokalt viktig)
Mulege truslar: fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder: 22.07.1997, JBJ (Jordal 1998), 30.08.2002, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Leirvågen ligg lengst nord i kommunen og vender mot nordaust. Inst i vågen finst dyrka mark, strandenger og sumpvegetasjon.

Vegetasjon: I strandenga vaks forutan mykje saltsiv også fjøresaulauk og rustsivaks. Lenger bak var eit frodig, dels tangpåverka engsamfunn med kvitbladtistel, mjøddurt, sølvbunke, grasstjerneblom, sløkje, knappsiv, hanekam, raudsvingel, myrmaure og fuglevikke. I skogkanten bak strandengene står nokre svartorer (dårleg utvikla svartorstrandskog).

Kulturpåverknad: Tidlegare beita, no skjer beitinga helst på dyrka mark (sau).

Artsfunn: Inst i vågen ligg strandenger med m.a. fjøresivaks, strandkjempe, saltsiv, fjøresaulauk, strandkryp, strandstjerne, strandkjeks, rustsivaks, krypkvein, myrsaulauk, pølstorr og havstorr. Dei to siste strandengartane er truleg uvanlege i Vestnes. På grunt vatn i vågen veks ålegras.

Verdsetting: Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at lokaliteten truleg ikkje fyller vilkåra til kategori B (viktig) hos DN (1999a).

Skjøtsel og omsyn

Strandengene inst i vågen bør få liggja utan inngrep, og evt. sti og klopp over bekkene bør trekkjast godt inn frå stranda. Eventuelt vår- og haustbeite av sau er positivt.

25 Leirvåg fjellet: Lauga (ferskvatn/våtmark)

Lokalitetsnummer: 1535-10025
Kartblad: 1220 II Vestnes
UTM (EUREF 89): LQ 962 477
Høgde over havet: 90 m

Hovudnaturtype: Ferskvatn/våtmark, myr
Naturtype: Andre viktige førekomstar, viltlokalitet
Prioritet: C (lokalt viktig)
Mulege truslar: fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder: 30.08.2002, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Lauga og myrområda rundt er eit våtmarksområde i åstraktene sør for Leirvågen, som har ein viltfunksjon, i tillegg til at her finst ein del planter og andre artar (m.a. augestikkarar) knytt til myr og ferskvatn.

Vegetasjon: I sjølve vatnet er det litt høgstorrsump med flaskestorr og trådstorr. Rundt ligg myrområde med flatmyrer og parti med ombrotrofe tuer. Elles finst det innslag av lite påverka kystfuruskog med dels røssleng, dels blåbær som dominerande i vegetasjonen.

Kulturpåverknad: Ein skogsveg går forbi vatnet på nordsida.

Artsfunn: Av planter kan nemnast at det vart observert bukkeblad, trådstorr og flaskestorr, og i myrområda brunmyråk, kvitmyråk, sivblom og tranebær. Det vart observert nokre stökkender på matleiting. Sumpområda har potensiale for både vadefugl og ender. Det er påvist raudlista viltartar i området.

Verdsetting: Området blir verdsett til C (lokalt viktig). Dette er ikkje er ein naturtype i DN (1999a), men lokaliteten har viktig viltfunksjon og førekomst av einskilde interessante planter som brunmyråk. Det er ikkje mange låglandsvatn i Vestnes.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep og forstyrring i hekketida.

26 Leirvågfjellet/Åsfjellet: Barlindnakken (kystfuruskog m. barlind)

Lokalitetsnummer: 1535-10026 (Naturbasen: 1535-06826)
Kartblad: 1220 II Vestnes
UTM (EUREF 89): LQ 983 476
Høgd over havet: 160-200 m
Hovudnaturtype: Skog
Naturtype: Kystfuruskog (m. barlind)
Prioritet: B (viktig)
Mulege truslar: treslagskifte, fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder: 08.07.1991 (Lindmo m. fl. 1991), 28.08.2002, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Barlindnakken ligg i eit større furuskogsområde som ikkje er tilstrekkeleg undersøkt. Sørskråningane av Barlindnakken har både gammal furuskog og ein av dei få barlindlokalitetane i Vestnes, og dermed ein av dei nordlegaste i Noreg. Barlindforekomsten ligg nedst i søraust-skråninga av Leirvågfjellet (212 moh.). Lokaliteten ligg i overgangen til ein vid dal dekt av myr og eit lita tønn, Barlindtjønna, i starten av bekken til Øveråsløken, ca. 300 m N for Langevatnet, ca. 175 moh. Lokaliteten ligg særst lunt til med god innstråling og le mot nordavind. Forekomsten består av eit stort hotre, ca. 6,5 m høgt og med stammeomkrets på 120 cm. Sjølve toppen er broten av, men fleire sidegreiner veks opprett. Treet er i god forfatning og har blomstra rikeleg. Det finst og eit par små individ (kjelde: Skafti Helgasón). Den omgjevande skogen består av furu med innslag av bjørk, gråor, rogn, småosp og einer, og har eit ganske urørt preg.

Vegetasjon: Lokaliteten består stort sett av blåbærdominert furuskog, med innslag av einstape, bjønnekam, smyle og skogstjerne.

Kulturpåverknad: Liten. Ein skogsveg går fram til Barlindtjønna. Det er grøfta og planta på sørsida, men ikkje i lokaliteten på nordsida av tjønna.

Artsfunn: Barlinda (posisjon 39826, 694757) er ei hotre med "bær", og består av ein stamme med diameter 30-35 cm. Treet er ca. 6 meter høgt 6 meter breitt, og har ingen observerte beiteskader av hjort. Det vart ikkje observert forynging, men andre meiner å ha sett forynging (kjelde: Skafti Helgason). Av epifyttar vart det berre observert mosar på stammen, mest på nordsida. På nordsida av Barlindtjønna vart det funne fleire furulæger, og på eit av desse vart den raudlista rotevedmosen roteflak (*Calypogeia suecica*) funnen.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at skogen har eit naturskogpreg med innslag av læger og raudlista rotevedartar, og førekomst av barlind nær nordgrensa i Noreg. Lokaliteten er ein del av ein større, samanhangande og relativt lite påverka kystfuruskog.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå hogst, fysiske inngrep og skade på barlinda. Ein bør ikkje bryta bar eller kvist. Det kan vera grunn til å vurdere om lystilgangen for barlinda er god nok på lengre sikt. Området rundt bør ha ei differensiert skogforvaltning på landskapsnivå, der skogen i dei mest urørte områda ikkje bør hoggast, og der ein ikkje bør laga vesentleg fleire skogsvegar.

27 Leirvåg fjellet/Åsfjellet: Barlindtjønna (ferskvatn/våtmark)

Lokalitetsnummer:	1535-10027
Kartblad:	1220 II Vestnes
UTM (EUREF 89):	LQ 982 475
Høgde over havet:	160 m
Hovudnaturtype:	Ferskvatn/våtmark, myr
Naturtype:	Andre viktige førekomstar, viltlokalitet
Prioritet:	C (lokalt viktig)
Mulege truslar:	fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	28.08.2002, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Barlindtjønna ligg ikkje langt frå Langvatnet nord for Åsbygda, i eit stort furuskogsområde med spreidde myrer og tjønner. Det er ei næringsfattig (dystrof) myrtjonn, og den omjevande skogen har eit ganske urørt preg.

Vegetasjon: I sjølve vatnet er det litt høgstorrump med flaskestorr. Elles er det flytebladsamfunn. Rundt ligg myrområde med dels blaute flatmyrer. Rundt ligg stort sett røsslyng- og blåbærdominert furuskog.

Kulturpåverknad: Ein skogsveg passerer i nærleiken av vatnet. Det er grøfta og planta på sørsida. Utløpsbekken synest å ha vore senka.

Artsfunn: Av planter i og inntil kan nemnast brunmyråk, dystorr, flaskestorr, flotgras, krypsiv, kvit nøkkerose, kvitmyråk og sivblom.

Verdsetting: Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det ikkje er ein naturtype i DN (1999a). Lokaliteten synest likevel å kunne ha funksjon for våtmarksfugl og einskilde uvanlege myrplanter som brunmyråk.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep.

28 Leirvåg fjellet/Åsfjellet: Langvatnet (ferskvatn/våtmark)

Lokalitetsnummer: 1535-10028
Kartblad: 1220 II Vestnes
UTM (EUREF 89): LQ 98 47
Høgde over havet: 148 m
Hovudnaturtype: Ferskvatn/våtmark, myr
Naturtype: Andre viktige førekomstar, viltlokalitet
Prioritet: C (lokalt viktig)
Mulege truslar: fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder: 28.08.2002, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Langvatnet ligg nord for Åsbygda, i eit stort furuskogsområde med spreidde myrer. Det er ei næringsfattig (oligotrof) skogtjønn, og den omgjevande skogen har eit ganske urørt preg.

Vegetasjon: I sjølve vatnet er det litt høgstorrsump med flaskestorr og elvesnelle. Elles er det flytebladsamfunn. Rundt ligg myrområde med dels blaute flatmyrer. Myrene er fattige og dels intermediære. Det finns og fukthei og overgangstypar mellom myr og fukthei. Rundt ligg røsslyng- og blåbærdominert furuskog.

Kulturpåverknad: Ein skogsveg passerer i nærleiken av vatnet.

Artsfunn: Av planter i og inntil kan nemnast brunmyråk, bukkeblad, dystorr, elvesnelle, flaskestorr, ubestemt blærerot, kvit nøkkerose, kysttjønnaks, myrkråkefot, nykkesiv, sivblom, skogmarihand og trådstorr. Ved besøket vart det elles observert 4 stökkender og 1 krikkand.

Verdsetting: Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det ikkje er ein naturtype i DN (1999a). Lokaliteten synest likevel å ha funksjon for våtmarksfugl og einskilde uvanlege myrplanter som brunmyråk og nykkesiv.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep.

29 Leirvåg fjellet/Åsfjellet: Langvassdalen-Fakseåsen (kystfuruskog)

Lokalitetsnummer: 1535-10029 (Naturbasen: 1535-06813)
Kartblad: 1220 II Vestnes
UTM (EUREF 89): LQ 988 - MQ 011, 468-486
Høgde over havet: 0-302 m
Hovudnaturtype: Skog
Naturtype: Kystfuruskog
Prioritet: B (viktig)
Mulege truslar: treslagskifte, hogst, fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder: Korsmo & Svalastog (1997)

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg ut mot Romsdalsfjorden på halvøya mellom Tomrefjorden i vest og Tresfjorden i aust ca 1,5 km nordvest for tettstaden Vestnes. Landskapet består av ein markert ås med utstrekning aust-vest og som inne på toppområdet har en del markerte høgderygger og dalsenkningar med høg myrfrekvens. Lokaliteten er ein typisk kystfuruskog med ein del myrareal. Det er funne furu som er opp til 370 år gammal. Det er svært lite gadd, og furulæger er praktisk tala ikkje funne. Lokaliteten skildra etter Korsmo & Svalastog (1997). Han er ein

del av eit større område med relativt lite påverka kystfuruskog som burde ha vore betre undersøkt.

Vegetasjon: Vegetasjonen er for det meste svært fattig, dels ombrotrof, med røsslyng-blokkebærfuruskog og gråmosefuruskog. I den nordvendte lia ned mot fjorden, er det noko rikare med blåbærfuruskog og lågurtskog. Langs eit bekkesig i nordskråninga kjem det inn eit rikare element. Nærast bekken veks m. a. særbusorrh, enghumbleblom og gråor forutan storkransmose og stortujamose. I nordskråninga er det også funne skogfiol og kvitsymre. Eit lite dalsøkk parallelt og sør-søraust for Langvassdalen inneheld ei lita dystroft tønn med flaskestorr, bukkeblad, kantnøkkerose og elvesnelle. For fleire detaljar viser ein til Korsmo & Svalastog (1997).

Kulturpåverknad: Lokaliteten har eit mindre plantefelt med gran, vidare litt skogsvegar, mest i utkanten.

Artsfunn: Det er funne litt breiull i området, elles fleire interessante viltartar.

Verdsetting: Korsmo & Svalastog (1997): "Det undersøkte området blir her vurdert som eit svært verneverdi supplementsområde (**(*)". Området vert i denne rapporten verdsett til B (viktig) på grunn av at dette er ein større, velutvikla kystfuruskog med mange kvalitetar som gamle tre og fleire typiske vegetasjonstypar, men lite læger og ingen raudlisteartar utanom vilt.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå treslagskifte, likeså bør ein la dei eldste skogpartia stå urørte. Lokaliteten er ein del av eit større område med kystfuruskog som burde ha vore betre undersøkt.

30 Åsbygda: Søråsvatnet (ferskvatn/våtmark)

Lokalitetsnummer:	1535-10030
Kartblad:	1220 II Vestnes
UTM (EUREF 89):	LQ 97-98, 45
Høgd over havet:	31 m
Hovudnaturtype:	Ferskvatn/våtmark, myr
Naturtype:	Andre viktige førekomstar, viltlokalitet
Prioritet:	C (lokalt viktig)
Mulege truslar:	fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	Hatle m. fl. (1970), 07.06.2002, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Søråsvatnet og myrene i nærleiken er hekkeplass for våtmarksfugl. Elles finst mindre vanlege vassplanter.

Vegetasjon: I sjølve vatnet er det litt høgstorrsump med flaskestorr og elvesnelle, elles finst eit parti med sjøsivaks, som er regionalt uvanleg. Rundt ligg myrområde med flatmyrer og parti med ombrotrofe tuer. Elles finst det innslag av gammel furu, men og granplantefelt.

Kulturpåverknad: Ein grusveg går eit stykke unna vatnet, elles er det fleire hytter i området.

Artsfunn: Av planter kan nemnast at det vart observert botnegras, bukkeblad, elvesnelle, flaskestorr, krypsiv, kvit nøkkerose, myrsnelle og sjøsivaks. Det vart observert ca. 20 hegrar, dels i vatnet, dels sittande i trea rundt (ingen hekking observert), ei kvinand ho og strandsnipe. Sumpområdet på sørsida synest å ha potensiale for vadefugl. Det er m. a. observert sivhøne og sothøne våren 1969 (Hatle m. fl. 1970). På ei furu inntil vatnet (39809, 694568) vart det funne furustokkjuke (*Phellinus pini*), ein signalart på eldre skog.

Verdsetting: Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det ikkje er ein naturtype i DN (1999a), men har viltfunksjon. Lokaliteten har klar lokal verdi, for det er ikkje mange låglandsvatn i Vestnes. Lokaliteten har potensiale for uvanlege augestikkarar.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep.

31 Åsbygda: Djupmyra (intakt høgmyr)

Lokalitetsnummer: 1535-10031 (Naturbasen: 1535-06812)
Kartblad: 1220 II Vestnes
UTM (EUREF 89): LQ 97-98, 45
Høgd over havet: 45 m
Hovudnaturtype: Myr
Naturtype: Intakt høgmyr, intakt låglandsmyr
Prioritet: B (viktig)
Mulege truslar: fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder: 25.08.1980 AM (Moen 1984), 07.06.2002, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Skildringa er stort sett etter Moen (1984). Myrområde der hovuddelen er eit langstrekt ombrotroft areal med svak kvelving, klassifisert som høgmyr (kvelva nedbørsmyr). Lagg mot fastmark, men utan tydeleg kantskog. Markerte strukturar og noko erosjon. Elles finst flatmyr og svakt hellande tuvebakkemyr. Myra var i 2002 intakt sør for ei linje gjennom punkta 39862, 694551 og 39883,69455, for det meste nedbørsmyr med spreidd furu.

Vegetasjon: Ombrotrof vegetasjon dominerer, og tuvevegetasjon utgjer det aller meste. Heigråmose (*Racomitrium lanuginosum*) er vanlegast, men kysttorvmose (*Sphagnum imbricatum*) og rusttorvmose (*S. fuscum*) er også vanlege. Rome og kvitmyråk er vanlege i høljer der lausbotn (erosjon) er vanlegast. Fattigmyrene har trivielle samfunn, m. a. pors/blåtopp-samfunn.

Kulturpåverknad: Myrene lenger vest er grøfta. Det er tatt torv i kantane av Djupmyra, og det går ei kraftlinje langs denne myra.

Artsfunn: Det er notert dvergbjørk, klokkelyng, tettegras, knappsiv, matteflette (*Hypnum cupressiforme*), bjørnetorvmose (*Sphagnum lindbergii*) og lyngtorvmose (*S. quinquefarium*).

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) fordi det er usikkert om meir enn 50 dekar kan klassifiserast som høgmyr (kvelva nedbørsmyr). Høgmyr over 50 dekar skal klassifiserast som svært viktig.

Skjøtsel og omsyn

Denne lokaliteten inneheld restar av intakt myr i eit tidlegare stort myrareal mellom Vestnes og Tomrefjorden. Dette er det einaste større høgmyrområdet (kvelva nedbørsmyr) som er att, og derfor er det av vesentleg interesse å ta vare på lokaliteten.

32 Åsbygda: Løken (bekken frå Søråsvatnet) (viktig bekkedrag)

Lokalitetsnummer: 1535-10032
Kartblad: 1220 II Vestnes
UTM (EUREF 89): LQ 978-983, 451-456
Høgd over havet: 25-30 m
Hovudnaturtype: Ferskvatn/våtmark
Naturtype: Viktige bekkedrag
Prioritet: B (viktig)
Mulege truslar: fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder: 07.06.2002, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Det undersøkte området er bekken frå Søråsvatnet ned til riksvegen ved avkjøringa til Flate. Bekken renn gjennom eit skogområde med relativt små fysiske inngrep.

Vegetasjon: Ved Søråsvatnet er bekken omkransa av opne myrområde. Lenger ned vert bekken omgjeven av skog med innslag av svartor, og elles noko gråor. Deler av bekkedraget kan karakteriserast som sumpskog.

Kulturpåverknad: Litt merke etter skogsdrift og traktorkøyring. Relativt få fysiske inngrep.

Artsfunn: Av sumpplanter kan nemnast bekkeblom, bekkestjerneblom, bukkeblad, elvesnelle, flotgras, grøftesoleie, mannasøtgras, myrhatt, myrmaure, skogkarse, skogsnelle, skogrøyrkvein, sumpkarse og øyrevier. Bekkedraget synest å ha potensiale for raudlistearten kongeaugnestikkar, men denne er ikkje observert så langt.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) fordi det er eit rolegflytande, relativt urørt kystvassdrag med ein del naturkvalitetar.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep.

33 Flatevågen (brakkvasspoll)

Lokalitetsnummer: 1535-10033

Kartblad: 1220 II Vestnes

UTM (EUREF 89): LQ 98-MQ 02, 44-45

Høgd over havet: -40-0 m

Hovudnaturtype: Havstrand/kyst

Naturtype: Brakkvasspoll

Prioritet: B (viktig)

Mulege truslar: fysiske inngrep, forureining

Undersøkt/kjelder: Hatle m. fl. (1970), 16.06.1997, 23.07.1997, 24.07.1997, JBJ (Jordal 1998), Tornes (1975), VIAK (1983), 03.09.2001, 07.06.2002, JBJ.

Områdeskildring

Generelt: Flatevågen er eit større brakkvassområde (avstengd fjordpoll) på ca. 3,2 km² med største djupn ca. 40 m. Utveksling av tidevatn med fjorden skjer gjennom Straumen, eit smalt, grunt sund i Vestnes sentrum som er omtala som eigen lokalitet. Naturtypen er omtala i DN (1999a) og handbok i kartlegging av marine område (DN 2001). Det avgrensa området omfattar berre dei marine delene av vågen (under vatn). Vestnesstraumen er omtala som eigen lokalitet. Velutvikla strandenger og svartorstrandskog er og utskilt som egne lokalitetar. Dei 3 best utvikla områda med undervassenger er også omtala for seg, sjølv om dei utgjer ein del av vågen.

Vegetasjon: Vegetasjonen under vatn omfattar ålegras i intervallet 1-3 meters djupn i store deler av Flatevågen utanom dei brattaste partia på nordsida (underteikna utførte rekognosering med båt og undervasskikkert langs heile strandlinja 03.09.2001). Dei best utvikla undervassengene (Kråkevika, Leirvika og Flatebukta) er utskilt og omtala som egne lokalitetar. Elles er det ein del martaum og litt tang i den ytre og saltaste delen mot Vestnesstraumen.

Kulturpåverknad: I strandsona i Flatevågen er det m.a. steinfyllingar, brygger, naust m.m. Ifølgje Tornes (1975) var det synleg begroing og forureiningsbelastning i 1975 i Kråkvika og Leirvikbukta, medan noko slikt ikkje var synleg i 1997 eller 2001. Over Straumen går det tre bruer, og den siste omlegginga av riksvegen har medført ein del nye inngrep i utløpsområdet.

Artsfunn: Ifølgje Tornes (1975) finst det mange fiskeartar i Flatevågen: stingsild, torsk, sild, ulike flyndreartar, sei, sjøaure og laks. 03.09.2001 vart det observert store skjelbankar nedanfor Flategardane, med hjertekjel, sandskjel, knivskjel og blåskjel, i tillegg til store ålegrasengar og gode førekomstar av fjøremakk. Dette er truleg dei viktigaste ålegrasengene i vågen, og dei har er m. a. viktige for vassfugl som svane og grasender. Austigard (1998) har opplysningar om østers. I 1865 vart det hausta totalt 40 tønner østers og selt frå gardane Øvre og Nedre Helland, Misfjord, Vestnes og Leirvika. Også Henrik Ibsen nemner østersfangsten her frå ei reise i 1862. Fangsten førte til tilbakegang i utbyttet i åra 1870-1910, og kultivering av østers vart igangsett m. a. ved Moldeholmane frå 1880-talet. Østersanlegget på Vågstranda vart starta rundt 1930. Når det gjeld sjøfugl, har VIAK (1983) innhenta opplysningar frå E. Weiberg Olsen og Alv Ottar Folkestad. Ei overordna målsetting for forvaltninga er her formulert som å behalda heilskapen i miljøet og bevare området som næringsområde for fuglebestandane frå Feøya. Følgjande område er særleg viktige for sjøfugl:

- Vestnesstraumen (omfattande beiteområde)
- Svingeilen (beiteplass for grågås)
- Bjørkaneset (hekkeområde for fleire artar)
- Misfjord/Grøtneset (beiteplass for grågås og ender)
- Skorveholmen/Berget (rasteplass for hegrar, hekkeplass for stokkand, siland m.m.)

Av eigne vassfuglobservasjonar i 1997 og 2001 kan nemnast silender med ungar, ærfugl, opptil 20 brunnakker i Kråkevika, krikkender, grågås, storskarv, fleire tjeld, hegrar og div. måsefugl. Siland, ærfugl og tjeld er truleg hekkefuglar.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein av dei få større brakkvasspollane i fylket, som framleis er for dårleg dokumentert marinbiologisk. Jfr. DN (2001).

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå for mykje inngrep i strandsona. Forureiningssituasjonen bør framleis overvakast.

34 Vestnes-straumen (grunn straum)

Lokalitetsnummer:	1535-10034
Kartblad:	1220 II Vestnes
UTM (EUREF 89):	MQ 016-022, 451-454
Høgde over havet:	-2-0 m
Hovudnaturtype:	Havstrand/kyst
Naturtype:	Grunne straumar
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	fysiske inngrep, forureining
Undersøkt/kjelder:	Tornes (1975), VIAK (1983), 03.09.2001, JBJ.

Områdeskildring

Generelt: Flatevågen er omtala ein annan stad. Utveksling av tidevatn med fjorden skjer gjennom Straumen, eit smalt, grunt sund i Vestnes sentrum. Tidevatnet skapar her sterke straumar. Slike tidevass-straumar er det få av i fylket. Straumen skapar gode næringsforhold både innanfor og utanfor, m. a. for dei store sjøfuglbestandane som hekkar på Feøya. Det vart føreteke rekognosering med båt og undervasskikkert 03.09.2001.

Vegetasjon: Straumen har mykje tang, andre algar, eit godt utval av fastsittande hardbotnsfauna og somme stader gode felt med ålegras.

Kulturpåverknad: Over Straumen går det no tre bruer, og den siste omlegginga av riksvegen har medført ein del nye inngrep i utløpsområdet. I strandsona er elles fyllingar, brygger m.m.

Artsfunn: Ifølgje Tornes (1975) finst det mange fiskeartar i Flatevågen: stingsild, torsk, sild, ulike flyndreartar, sei, sjøaure og laks. Desse passerer ut og inn gjennom Straumen. Vestnesstraumen er særleg viktig som beiteområde for sjøfugl. Hardbotnsfauna er ikkje kartlagt.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein av dei få brakkvass-straumane i fylket, som framleis er for dårleg dokumentert marinbiologisk (jfr. DN 2001).

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fleire fysiske inngrep. Vestnesstraumen er svært viktig for dynamikken i dette brakkvassøkosystemet, og bør ikkje påverkast meir.

35 Flatevågen: Flatebukta (undervassenger)

Lokalitetsnummer: 1535-10035
Kartblad: 1220 II Vestnes
UTM (EUREF 89): LQ 98 44
Høgde over havet: -1-0 m
Hovudnaturtype: Havstrand/kyst
Naturtype: Undervasseng
Prioritet: B (viktig)
Mulege truslar: fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder: 03.09.2001, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Flatevågen er skildra som eigen lokalitet (brakkvasspoll). Ein har velt å skilja ut 3 lokalitetar med undervassenger i Flatevågen. Flatebukta er ei grunn vik i vestenden av Flatevågen. Stranda er prega av grus, sand og finare sediment.

Vegetasjon: Gruntvassområda består av grus, sand og mudder med store ålegrasenger.

Ålegras er viktige for einskilde vassfuglartar (songsvane og ender).

Kulturpåverknad: I Flatebukta ligg eit par naust og støer på nordsida.

Artsfunn: Store undervassenger med ålegras.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er velutvikla utformingar av undervassenger.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep som utfylling og mudring.

36 Flatevågen: Leirvika (undervassenger)

Lokalitetsnummer: 1535-10036
Kartblad: 1220 II Vestnes
UTM (EUREF 89): MQ 00 45
Høgde over havet: -1-0 m
Hovudnaturtype: Havstrand/kyst
Naturtype: Undervasseng
Prioritet: B (viktig)
Mulege truslar: fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder: 03.09.2001, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Flatevågen er skildra som eigen lokalitet (brakkvasspoll). Ein har velt å skilja ut 3 lokalitetar med undervassenger i Flatevågen. Leirvika er ei grunn vik på nordaustsida av Flatevågen. Stranda er prega av grus, sand og finsediment.

Vegetasjon: Gruntvassområda består av leire og mudder med ein del ålegras og småhavgras. Slike undervassenger er ikkje så vanlege her i fylket. Desse planteartane er viktige for einskilde vassfuglartar (songsvane og ender).

Kulturpåverknad: I Leirvika ligg fleire naust og støer. Det er elles ein populær badeplass.

Artsfunn: Undervassenger med småhavgras og ålegras.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er velutvikla utformingar av undervassenger.

Skjøtsel og omsyn

Eventuell mudring vil koma i konflikt med den funksjonen vika har som produksjonsområde for undervassplanter og blautbotnsfauna. Straumtilhøva er truleg slik at finsediment vil avsettast på nytt, og at mudring stadig må gjentakast. Her vil derfor mudring og andre fysiske inngrep bli frårådd.

37 Flatevågen: Kråkvika (undervassenger)

Lokalitetsnummer:	1535-10037
Kartblad:	1220 II Vestnes
UTM (EUREF 89):	MQ 01 44
Høgde over havet:	-1-0 m
Hovudnaturtype:	Havstrand/kyst
Naturtype:	Undervasseng
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	22.07.1997, 03.09.2001, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Flatevågen er skildra som eigen lokalitet (brakkvasspoll). Ein har velt å skilja ut 3 lokalitetar med undervassenger i Flatevågen. Kråkvika er ei grunn vik på sørsida av Flatevågen, like ved Vestnes sentrum. Stranda består ytst av grus og stein, inst i vika er stranda prega av leire og finsediment.

Vegetasjon: Gruntvassområda består av leire og mudder med ein del ålegras og småhavgras. Slike undervassenger er ikkje så vanlege her i fylket. Desse planteartane er viktige for einskilde vassfuglartar (songsvane og ender). Elles kan det nemnast at stranda har eit aukande areal strandeng på finsedimenta innover mot vika med m.a. rustsivakseng og ein del fjøresaltgras.

Kulturpåverknad: Inntil austre deler av området ligg ein idrettsplass og eit utfyllingsområde. I sjølve Kråkvika ligg nokre naust, støer og ei flytebrygge.

Artsfunn: Undervassengene med småhavgras og ålegras. Strendene har elles mindre bestandar av einskilde mindre vanlege artar som havstorr, fjørestorr og småsivaks.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er velutvikla utformingar av undervassenger.

Skjøtsel og omsyn

Eit ønskje som har vore framme, er å fjerna mudder i vika og gjera den djupare for småbåttrafikken og badegjestar. Dette vil koma i konflikt med den funksjonen vika har som produksjonsområde for undervassplanter og blautbotnsfauna, som igjen er viktige for

songsvaner, ender og andre. Straumtilhøva er truleg slik at finsediment vil avsettast på nytt, og at mudring stadig må gjentakast. Her vil derfor inngrep i sjølve vika bli frårådd.

38 Flatevågen: Svingeilen-Leirvika (havstrand)

Lokalitetsnummer: 1535-10038
Kartblad: 1220 II Vestnes
UTM (EUREF 89): MQ 007-014, 453-458
Høgd over havet: 0-2 m
Hovudnaturtype: Havstrand/kyst
Naturtype: Strandeng/strandsump
Prioritet: B (viktig)
Mulege truslar: fysiske inngrep, forureining
Undersøkt/kjelder: 23.7.1997, 24.7.1997, JBJ (Jordal 1998)

Områdeskildring

Generelt: Flatevågen som marin lokalitet er skildra annan stad. Her blir omtala strandområda frå Svingeilen til Leirvika. Tilgrensane naturbeitemark og kantskog ved Svingeilen blir og omtala, men ikkje avgrensa. Svartorstrandskogen i Leirvika er skildra som eigen lokalitet.

Vegetasjon: Stranda frå Svingeilen til Leirvika vekslar mellom steinstrand, grus og litt finsediment. Grus- og rullesteinstrand har ein relativt vanleg, men artsrik flora og vegetasjon, det same gjeld dei små tangvollane som finst. Det mest artsrike er strandengene og naturengene ovafor stranda (Svingeilen). Strandengene omfattar m. a. saltsiveng og rustsivakseng. Kantskogen rundt Svingeilen inneheld elles ein del svartor, vidare hassel, bjørk, hegg, gråor, morell, bustnype, einer, rogn, ask, furu og platanlønn, vidare noko pors. Svingeilen inneheld fine og artsrike naturengsamfunn skapt gjennom tidlegare slått og seinare tids beiting. Også grågåsa beitast ein del her. Desse naturengsamfunna inneheld m. a. smalkjempe, dunhavre, gjeldkarve og jordnøtt, og er viktige å bevare for ettertida. I Leirvika er det også ein del strandenger, m. a. eit parti med fjørestorreg. Også her er det mykje svartor. Vestover frå Leirvikbukta til Skavneset var stranda meir dominert av stein og grus og det var mindre interessant å finna.

Kulturpåverknad: Noko beiting av sau. Eit område er dyrka heilt ned til stranda og svartorstrandskogen er fjerna. Leirvika blir brukt til bading og båtutfart. Truleg noko avsig frå jordbruksområda.

Artsfunn: Mellom Smibukta og Leirvika vart det også funne ein del jåblom og småsivaks, som er mindre vanleg. Store deler av det avgrensa området er beiteplass for grågås, særleg Svingeilen. 7 vaksne med 22 ungar vart registrerte ved eit besøk, og det var mykje gåsskit frå Svingeilen til Leirvika. Det vart observert hekkeindikasjon på tjeld og storspove.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit godt utvikla og variert strandengområde.

Skjøtsel og omsyn

Området ved Svingeilen og Smibukta er viktig for grågås, og synest å vera ein viktig fristad for uforstyrta beiting i den perioden da ungane er små. Ein vil derfor frårå at det blir anlagt spasersti rundt Svingeilen. Det er foretatt ein del dyrking ut mot Svingeilen, men dei attverande naturengene, særleg fram mot Holmesundet, er biologisk verdifulle og bør ikkje dyrkast, men beitast. Forsiktig rydding av buskas for å motverka attgroing vil vera positivt. Strandengene i Leirvika bør skånast for inngrep i samband med evt. vidare tilrettelegging for friluftsmål.

39 Flatevågen: Leirvika (svartorskog)

Lokalitetsnummer: 1535-10039
Kartblad: 1220 II Vestnes
UTM (EUREF 89): MQ 007-011, 457-458
Høgde over havet: 1-3 m
Hovudnaturtype: Skog
Naturtype: Rikare sumpskog
Prioritet: B (viktig)
Mulege truslar: fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder: 24.7.1997, JBJ (Jordal 1998)

Områdeskildring

Generelt: Svartor finst langs strendene av Flatevågen særleg frå Vestnesstraumen til Skavneset. I Leirvika er svartorstrandskogen såpass godt utvikla at han er skildra som eigen lokalitet.

Vegetasjon: Svartorstrandskog (vegetasjonstype hos Fremstad 1997) vert i systemet til DN (1999a) å rekna som rikare sumpskog. Kantskogen inneheld ein del svartor, vidare hassel, bjørk, hegg, gråor, morell, bustnype, einer, rogn, ask, furu og platanlønn.

Kulturpåverknad: Noko beiting av sau. Leirvika blir brukt til bading og båtutfart.

Artsfunn: Det mest interessante funnet var gulfrøstjerne i kanten mellom strandengene og svartorkantskogen. Denne arten er uvanleg på våre kantar og står gjerne i svartorstrandskog. Litt lenger opp frå stranda vart det funne vivendel, som er einaste kjente lokaliteten i Vestnes.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei middels godt utvikla svartorstrandskog.

Skjøtsel og omsyn

Svartorstrandskog er rekna som ein sterkt truga vegetasjonstype (Fremstad & Moen 2001). Typen er ofte utsett for fysiske inngrep som nedhogging, utfylling m.m. Ein bør la svartorstrandskogane i Flatevågen få utvikla seg mest muleg utan inngrep.

40 Flatevågen: Berga (strandberg)

Lokalitetsnummer: 1535-10040
Kartblad: 1220 II Vestnes
UTM (EUREF 89): MQ 007-014, 453-458
Høgde over havet: 0-2 m
Hovudnaturtype: Berg, rasmark og kantkratt
Naturtype: Sørvendt berg og rasmark
Prioritet: C (lokalt viktig)
Mulege truslar: fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder: 23.7.1997, JBJ (Jordal 1998)

Områdeskildring

Generelt: Flatevågen som marin lokalitet er skildra annan stad. Her blir omtala dei sørvendte strandberga nær Vestnesstraumen.

Vegetasjon: Mellom Straumen og Svingeilen ligg uvanleg artsrike strandberg ("Berga" på økonomisk kart) med ein del tørrberg-/tørrbakkeartar. Kantskogen rundt Berga inneheld ein del svartor, vidare hassel, bjørk, hegg, gråor, morell, bustnype, einer, rogn, ask, furu og platanlønn, vidare noko pors.

Kulturpåverknad: Dyrkingsområde i nærleiken. Litt søppel i stranda.

Artsfunn: Tørrbakke/tørrbergartar mellom Straumen og Svingeilen: gjeldkarve, bitterbergknapp, småbergknapp, eittårsknavel (sjeldan), bergmjølke, knopparve, våskrinneblom, villauk (uvanleg) og stemorsblom.

Verdsetting: Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at lokaliteten truleg ikkje tilfredsstillir kriteria til B (viktig) i DN (1999a).

Skjøtsel og omsyn

Berga er biologisk interessante og bør ikkje omfattast av utbygging eller andre inngrep.

41 Vestnes: Feøya (naturbeitemark, edellauvskog, sjøfugl)

Lokalitetsnummer:	1535-10041
Kartblad:	1220 II Vestnes
UTM (EUREF 89):	MQ 02 46
Høgd over havet:	0-41 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap, skog, havstrand/kyst
Naturtype:	Naturbeitemark, rik edellauvskog (sjøfuglhekking)
Prioritet:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	opphøyr av hevd, attgroing
Undersøkt/kjelder:	Hatle m. fl. (1970), VIAK (1983), 04.10.1993 (GGa & JBJ), 16.06.1997 (JBJ, sjøfuglteljing frå land med teleskop), 25.09.1997 (GGa & JBJ) (Jordal & Gaarder 1993, Jordal 1998), 03.09.2001, 07.06.2002 (JBJ, sjøfuglteljing frå land med teleskop)

Områdeskildring

Generelt: Øya ligg like nordaust for Vestnes sentrum. Holmen er eit viktig sjøfuglområde med store bestandar. I tillegg har øya fine kvalitetar som biologisk rikt kulturlandskap.

Vegetasjon: Vegetasjonen er for det meste grasdominert med dels sølvbunkeenger og dels frisk, fattig eng med ein del engkvein og noko einer. Særleg på nordsida er det ein god del einer. Langs stranda er det særleg i vest rullesteinsstrand med m. a. strandkryp, gåsemure og strandrug og på resten av øya for det meste usamanhengande strandbergvegetasjon med t. d. kystbergknapp og strandnellik. Dei austlege delene av øya rundt det høgste punktet har ein del skog og buskas av hassel, alm, svartor, hegg, rogn og bjørk, elles ask og morell (søtkirsebær), som begge truleg er planta eller forvilla. Særleg einerbakkane på nordsida, og den høgste haugen på øya har ein nitrofil vegetasjon med engrapp, gjetartaske, grasstjerneblom, hundekjeks, høymole, krypsoleie, løvetann, vassarve og vrangdå.

Kulturpåverknad: Øya blir beita av sau og grågås, og beitetrykket er godt. Deler av beitemarkene blir noko gjødsla, både av grunneigar, og av dei store sjøfuglkoloniane.

Artsfunn: I dei opne beitemarkene, særleg i kantområda i søraust, finst ein del naturengplanter som blåklokke, finnskjegg, geitsvingel, hårsvæve, jordnøtt, knegrass, kystmaure og lækjeveronika. Jordnøtt er ei kystbunden eng- og kantplante som er i ferd med å bli mindre vanleg i distriktet. I fuktige fattigenger finst t. d. knappsiv, kornstorr, lyssiv, myrfiol, myrtistel og stjernestorr, alle vanlege artar. Dei fleste funn av beitemarkssopp vart gjort i kantområde. Det er funne 9 vokssopp-artar, 4 raudskivesopp og ein småkøllesopp. Særleg er funna av dufraudskivesopp (*Entoloma ameides*) og *Entoloma atrocoeruleum* uvanlege og interessante. Dei står begge på raudlista (som henhaldsvis sjeldan og omsynskrevande). Det er truleg at artane her på Feøya har fordel av at det finst skjelsand i grunnen. I solhellingane mot søraust, i relativt ope lende, finst begerhagtorn, ein av dei nordlegaste lokalitetane for arten (nordgrense på Aukra, Lid & Lid 1994). Undervegetasjonen i desse lauvskogfleckane er prega av beiting og eit varmt lokalklima, med artar som krattlodnegras, kratthumbleblom, kusymre, revebjølle, skogsvinerot, skogfiol, skogstorkenebb og stankstorkenebb. Kusymre er ein kystart som elles

i Vestnes berre er kjent frå Rekdal, og i distriktet elles frå t. d. Julsundet, Otrøya og Aurikkelholmen ved Hjertøya. Av fugl vart det i skogområda 25.9.97 observert gjerdesmett og spettmeis, og i ope landskap sivspurv, heipiplerke, ca. 20 vipper og kråke.

Tabell 6. Sjøfuglobservasjonar på Feøya, til venstre data samanstillt av VIAK (1983) på grunnlag av følgjande besøk: Øyvind Gjerde 1974, Arne Follestad 16.7.75 og 11.6.79. Til høgre egne oppteljingar med teleskop frå land (moloen ved Hagneset) 16.6.97, der berre sørvestlege deler er sett. P.g.a. ulike metodar er ikkje tala samanliknbare.

Art	VIAK (1983)	Eigne obs. frå land 16.6.97	Eigne obs. frå land 7.6.02
gråhegre	inntil 15-20 par		
grågås	8-10 par	7 ind. + 7 ind. m. 22 ungar i Flatevågen	fleire, ikkje opptelt
ærfugl	15-20 par	12 ind.	2 hoer med ungar
siland	(5-10) par	1 ho	1 ho
tjeld	3-5 par	2 ind.	4 ind.
vipe	± 5 par		2
steinvendar	1 par		
raudstilk	1-3 par		høyrte
fiskemåse	150-200 par	> 160 ind.	mange, ikkje opptelt
sildemåse	± 50 par	> 1 par	3 ind.
gråmåse	200-250 par	> 70 ind.	mange, ikkje opptelt
svartbak	± 50 par	> 65 ind.	> 30 ind.
makrellterne/raudnebbterne	200-250 par	> 60 ind.	ca. 20 ind.
teist	5-10 par	1 ind. på sjøen	5 ind. på sjøen

Eit manusutkast frå Fylkesmannen, Miljøvernavingdelinga, til sjøfuglreservatplan oppgjev litt andre tal for nokre artar: >30 par ærfugl, ca. 10 par sildemåse, 150-200 par gråmåse, ca. 100 par fiskemåse, ca. 20 par makrellterne, ca. 20 par raudnebbterne, og totalt 500-550 par sjøfugl. I tillegg nemner Hatle m. fl. (1970) hekking av nokre par tjuvjo sist på 1960-talet. Overvintringsartar (Hatle m. fl. 1970): hegre (opptil 60 ind. hausten 1969), sjøorre, svartand, fjøreplytt og lomvi.

Verdsetting: Dette er ei fin øy med mange kvalitetar. Fleire hundre hekkande par sjøfugl gjev området høg prioritet. Førekomstane av kulturlandskapstilknytte artar er også interessante og verdifulle. I tillegg førekjem ein del interessante tre- og planteslag. Det er funne to raudlista beitemarkssopp, vidare er funne av begerhagtorn interessant. Lokaliteten har og ein viktig viltfunksjon. Vegetasjonstypen jordnøtteng med kystmaure er karakterisert som akutt truga (Fremstad & Moen 2001). Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av varierte kvalitetar innanfor både botanikk og zoologi.

Skjøtsel og omsyn

Sjøfuglane er avhengige av ro i hekketida, og at nærområda, særleg Flatevågen og Straumen, blir bevart som matleitingsområde. Dagens situasjon med privat fredning av Feøya som egg- og dunvær og ferdslforbod til 20. august er eit positivt og tilstrekkeleg tiltak. Grågåsa trekkjer til Flatevågen med relativt nyklekte ungar, og er også her avhengig av å ikkje bli for mykje forstyrra. Forekomsten av begerhagtorn må ikkje hoggast, men bør heller ikkje få

veksa att med skog. Alle beitemarkssoppene og naturengplantene er avhengige av at øya fortsatt blir beita. Det vil vera best med minst muleg gjødsling, og det vil vera uheldig å auka gjødslinga i høve til i dag eller å byrja å gjødsle over eit større område enn i dag.

42 Vestnes: Rambergkollen (gammel skog)

Lokalitetsnummer: 1535-10042
Kartblad: 1220 II Vestnes
UTM (EUREF 89): MQ 00 43
Høgd over havet: 100-260 m
Hovudnaturtype: Skog
Naturtype: Gammel lauvskog
Prioritet: C (lokalt viktig)
Mulege truslar: hogst, treslagskifte
Undersøkt/kjelder: 01.08.1997 (JBJ), 13.11.1997 (GGa) (Jordal 1998)

Områdeskildring

Generelt: Dette er ei nord- og nordaustvendt bakli med eit fuktig lokalklima. Det er her ein del vindfall av furu, men og nokre av bjørk og osp. Vestlege deler av det undersøkte området har eit del nakne svaberg med vegetasjon berre på hyller og i bergsprekker.

Vegetasjon: Høgre opp mot svaberga er det mest blåbærskog med furu og bjørk.

Vegetasjonen rett under svaberga er dominert av høgstauder og einskilde myrplanter som profiterer på god tilgang på sigevatn. Døme på dette er bjønnskjegg, bleikstorr, kornstorr, loppstorr, mjødurt, rome, skogrøyrkvein og slåtestorr. Vegetasjonen i svaberga består m.a. av blåknapp, blåtopp, fjelltistel og svarttopp forutan ulike grasslag. I austlege deler og oppover forbi svaberga på austsida er det fuktig storbregneskog med bjørk som dominerande treslag, men også middelaldrande til litt eldre blåbær- og småbregnefuruskog med varierende lauvinnslag. Her finst vidare ein del grov gammal furu (opptil 50-60 cm diameter i brysthøgde), grov rogn og einskilde osper. Det er og nokre vindfall av furu og bjørk, og gaddar og høgstubar av furu. Mesteparten av vindfalla verka ganske ferske (frå 1992-orkanen og ein tidlegare storm).

Kulturpåverknad: Nedst mot vegen, utanfor det avgrensa området, finst dels plantefelt med gran. Av innførte artar vart det sett ei platanlønn.

Artsfunn: Det vart sett ein del myske i området. Det mest interessante plantefunnet var knerot, ein nokså uvanleg orkidé som trivst best i moserik, gammal, lysopen furuskog. Av lav forekom lungenever og skrubbenever spreidd, medan kystårenever, kystvrenge, glattvrenge og grynvenge var ganske vanlege. Vanleg blåfyllav og kystfyllav forekom sparsamt, særleg på osp. Grynfillav vart berre funne på ei osp. Av skorpelav var gammalgranlav (*Lecanactis abietina*) ganske vanleg på store tre av bjørk og furu, medan kattedotlav (*Arthonia leucopellea*) vart funne sparsamt på ei furu. Det vart observert ein del hakkemerke av hakkespettar.

Verdsetting: Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det er ein eldre skog med nokre indikatorar på gammel lauvskog.

Skjøtsel og omsyn

Nokre litt kravfulle lavarar knytta til fuktig, middelaldrande til eldre skog førekjem, vidare er knerot ei gammalskogplante og det kan sjå ut som om slik skog er mangelvare i Vestnes. I dette perspektivet er det naturleg å sjå på lokaliteten som lokalt verdifull. I skogbrukssamanheng bør ein vurderer å la skogen opp mot dei nordvendte berga stå urørt, og vidare også la noko av gammelskogen med gaddar og daud ved lenger aust få stå i fred. Platanlønn bør ikkje få spreia seg.

43 Skorgedalen: Kjelbotnbakken (rikmyrer)

Lokalitetsnummer: 1535-10043
Kartblad: 1220 II Vestnes
UTM (EUREF 89): MQ 0226-0247, 3918-3928
Høgde over havet: 60 m
Hovudnaturtype: Myr
Naturtype: Rikmyr
Prioritet: B (viktig)
Mulege truslar: fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder: 11.07.2001, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Eit mindre område med fleire små rikmyrer som ligg flekkvis i skogen sør for Skorgeneshaugen, ned mot ein skogsveg som gjekk vestover langs Skorgelva. Lokalitetane har posisjon: LQ 0247 3928 og LQ 0226-0238, 3918-3924. Det avgrensa området er for det meste fuktig skog med einskilde mindre rikmyrer spreidd i lokaliteten.

Vegetasjon: Intermediær og middelsrik fastmattemyr (L2, M2), stort sett omgjeven av fuktig bjørkeskog av høg bonitet.

Kulturpåverknad: Skogsveg i nedkant, spor etter tidlegare skogsdrift. Området er truleg tidlegare slåttemark, og har sannsynlegvis vore opnare.

Artsfunn: Av krevande myrartar kan nemnast breiull, engstorr, gulsildre, gulstorr, jåblom, kornstorr, loppestorr, storblåfjør, sumphaukeskjegg, og moseartar som raudmakkrose (*Scorpidium revolvens*), feittmose (*Aneura pinguis*), myrstjernemose (*Campylium stellatum*) og rosetormose (*Sphagnum warnstorffii*).

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit mindre rikmyrområde (<50 dekar).

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep som endrar dei hydrologiske tilhøva eller gjer vesentlege skadar på torva.

44 Skorgedalen: Kjelbotn-Haggarden langs Skorgelva (gråor-heggeskog)

Lokalitetsnummer: 1535-10044
Kartblad: 1220 II Vestnes
UTM (EUREF 89): LQ 99 38-MQ 01 38
Høgde over havet: 80-140 m
Hovudnaturtype: Skog
Naturtype: Gråor-heggeskog
Prioritet: B (viktig)
Mulege truslar: treslagskifte, fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder: 01.08.1997 (JBJ), 13.11.1997 (GGa) (Jordal 1998), 30.10.2002, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Strekninga langs elva frå Sprovssetra mest ned til Bøsetra (ca. 2 km) vart undersøkt 1.8.97 for registrering av flora og vegetasjon. Området langs elva og i lia på sørsida av elva vart undersøkt av Geir Gaarder 13.11.97 i knapt 1 km lengde frå Kristisæter og oppover for å leita etter lav m.m. som indikerer verdifulle miljø. Strekninga Kjelbotn-Haggarden vart gått på nordsida av elva i oktober 2002. Skogen framstår i dag som velutvikla flommarkskog. Det

finst ein del dautd trevirke, særleg av gråor. I avgrensingane er det i tillegg tatt med ein del leirraviner og moreneskråningar med gråor. Leirraviner som her er uvanlege i vårt distrikt. *Vegetasjon:* Det var velutvikla gråor-heggeskog både langs elva og i fuktige parti i lisidene. Gråorskogen hadde variert undervegetasjon, dels med høgstaudepreg, dels med meir beita preg dominert av sølvbunke, og dels med bregnearten strutsvegg.

Kulturpåverknad: Tidlegare har det truleg vore betydeleg uttak av trevirke. I heile området er det ein del granplantefelt, dels heilt ned til elva. Ein skogsveg kryssar gjennom lokaliteten ved Kristisetermyran. Aust for Haggarden er ein elvesving forbygd. I vestre del er lokaliteten berørt av kraftliner og linjerydding. Ein stad fanst ein del søppel (bilvrak, kvitevarer m.m.) som har rasa ned mot elva med eit leirras.

Artsfunn: Den til dels rike forekomsten av ryemose (*Antrichia curtispindula*) på stammar av lauvtree viser at det er fuktige forhold langs elva. Lavfloraen samsvara ikkje fullt ut med dette, men i det minste lungenever og skrubbenever forekom jamnt spreidd. I tillegg forekom også stiftfjelllav, grynvrøge, glattvrøge, lodnevrøge og kystårenever spreidd. Av vanleg blåfjelllav vart det berre gjort eit par funn, og av puteglye og filthinnelav berre funn på ei rogn. Av skorpelav forekom kvitringnål vanleg på gråorgadd, medan dverggullnål vart påvist ved basis av ei grov bjørk. Fuktig gråorskog har generelt eit betydeleg tal artar av sopp som er knytt til or, men ved desse besøka fanst lite sopp, gulgrøn lærhatt (*Panellus serotinus*) vart notert på oreved. Elles vart ein kvitryggspett høyrte i området i 1997, medan eit par er observert i hekketida i 1988 like utafor det avgrensa området (LQ 999 385, Stenberg 2000). Kvitryggspetten er ein raudlisteart, og det kan tenkjast at han år om anna hekkar i mørken gråor. Arnfinn Skogen har i 1975 funne tannrot i "blandet oreskog nederst i Skorgedalen". Konservator Tor Tønsberg ved Universitetet i Bergen har funne fleire skorpelavartar knytt til stabilt fuktig miljø lenger oppe i Skorgedalen.

Verdsetting: Truleg er dette ein av dei større, intakte gråor-heggeskogane langs vassdrag i Møre og Romsdal. I mange andre slike område er økosystemet anten sterkt påverka eller øydelagt som følgje av forbygging, vassdragsregulering eller flatehogst (ofte med påfølgjande granplanting), og dels av andre inngrep som oppdyrking, vegbygging, utfylling og nedbygging. Området var samtidig noko variert, sidan fuktig lauvskog med mykje gråor både fanst som direkte flombetinga, som meir rasbetinga i lisida, og som ravineskog. Som naturtype har området derfor opplagt stor verdi. Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein større velutvikla gråor-heggeskog med eit godt artsutval og muleg hekking av raudlistearten kvitryggspett. Området burde ha potensiale for raudlisteartar, og det kan vera at betre undersøkingar kan føra lokaliteten opp i svært viktig.

Skjøtsel og omsyn

Slike område er generelt utsett for treslagskifte og andre inngrep. Nye skogsvegar bør trekkjast godt unna elva. Ein vil frårå treslagskifte i eit belte langs elva. Flommarks- og ravineskogen bør haldast unna hogst og andre inngrep. Gråorheggeskog langs vassdrag utgjer generelt små areal, og har her betydeleg biologisk interesse m.a. på grunn av nordvendt terreng med fuktig lokalklima. Strøfall frå lauvskogen har og betydning for fisk i elva. Ein ser ikkje grunn til å frårå beiting i oreskogsområda.

45 Skorgedalen: Kjelbotn (slåtteeing)

Lokalitetsnummer:	1535-10045
Kartblad:	1220 II Vestnes
UTM (EUREF 89):	MQ 0133 3920 – 0156 3928
Høgde over havet:	140 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Slåtteeing/naturbeitemark

Prioritet: A (svært viktig)
Mulege truslar: fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder: 11.07. og 29.08.2001, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg vest for husa i Kjelbotn fremst i Skorgedalen.

Vegetasjon: Mest frisk fattigeng (G4) med jordnøtt (rekna som sterkt truga vegetasjonstype, Fremstad & Moen 2001), små parti med sølvbunkeeng (G3), dette tyder på at lokaliteten har vore lite gjødsla i seinare tid.

Kulturpåverknad: Gammel slåtteeng, dels fulldyrka og dels overflatedyrka i eldre tid. Det vart beita noko med hest i 2001.

Artsfunn: Det vart notert 74 planteartar, av desse aurikkelsvæve, blåklokke, grov nattfiol, hanekam, harerug, heiblåfjør, jonsokkoll, jordnøtt, kornstorr, kystmaure, prestekrage, skogbjønnebær, smalkjempe, stormaure og solblom. Det vart funne 6 blomstrande rosettar av solblom (UTM med GPS: MQ 01513 39264). På same stad vart den sårbare beitemarkssoppen raudnande lutvokssopp (*Hygrocybe ingrata*) funnen. Elles vart det funne eit par meir vanlege beitemarkssopp, men det er potensiale for langt fleire artar.

Verdsetting: Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er ei velutvikla slåtteeng/naturbeitemark med fleire raudlisteartar, blant desse ein i kategori sårbar, og på grunn av velutvikla jordnøtteng, som er sterkt truga.

Skjøtsel og omsyn

Det er viktig å sikra framhald i hevd på staden, anten gjennom slått eller beiting. Lokaliteten bør ikkje gjødslast.

46 Skorgedalen: ved Ellingsgarden (naturbeitemark)

Lokalitetsnummer: 1535-10046
Kartblad: 1220 II Vestnes
UTM (EUREF 89): LQ 9717-9719, 3841-3843
Høgde over havet: 210 m
Hovudnaturtype: Kulturlandskap
Naturtype: Naturbeitemark
Prioritet: B (viktig)
Mulege truslar: opphøyr av hevd, attgroing, fysiske inngrep, granplanting
Undersøkt/kjelder: 10.07.2001, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Inntil eit større dyrkingsfelt med kanal vest for Ellingsgarden ligg eit område på rundt 1 dekar (ca. 30 x 30 meter) med truleg gammel slåtte- og beitemark, med god forekomst av solblom.

Vegetasjon: Ei utforming av frisk fattigeng (G4) med overgang til fukteng/fattig fastmattemyr (K3), blåtoppeng (G2) og glissen høgstaudebjørkeskog (C2a).

Kulturpåverknad: Lokaliteten ligg inntil ein kanal og eit dyrkingsfelt, som truleg har redusert bestanden av solblom.

Artsfunn: Det vart rekna ca. 300 blomstrande rosettar av solblom, noko som er den største einskildbestanden i Skorgedalen (totalt rundt 800 blomstrande rosettar telt i heile dalen i 2001). Av planteartar kan nemnast brudespore, grov nattfiol, smalkjempe, harerug og heiblåfjør.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei lita naturbeitemark i attgroing, men med ein stor og lokalt viktig bestand av den raudlista planten solblom.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep. Solblom er vår for attgroing, og det beste ville vera eit visst beitetrykk kombinert med buskrydding.

47 Skorgedalen: mellom Fremstedal og Ellingsgarden (rikmyr)

Lokalitetsnummer: 1535-10047
Kartblad: 1220 II Vestnes
UTM (EUREF 89): LQ 9646-9695, 3814-3826
Høgd over havet: 190-210 m
Hovudnaturtype: Myr
Naturtype: Rikmyr
Prioritet: A (svært viktig)
Mulege truslar: fysiske inngrep, granplanting, opphøyr av beiting
Undersøkt/kjelder: 16.07.1985, O.-A. Bugge & S. Singsaas (Singsås 1985), 10.07.2001, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Større bakkemyr ned mot riksvegen mellom Ellingsgarden og Helland/Fremstedal i Skorgedalen.

Vegetasjon: Dels intermediær, dels middelsrik fastmattemyr (L2, M2). Små mjukmatter med flaskestorr, bukkeblad og dysiv ned mot vegen. Mosaikk med glissen høgstaudebjørkeskog (C2a) og blåtoppeng (G2). Vortetormose (*Sphagnum papillosum*) og blanktormose (*Sphagnum subnitens*) er vanlegast i botnskiktet. Rosetormose (*Sphagnum warnstorfi*) finst. *Kulturpåverknad:* Truleg tidlegare slåttemyr.

Artsfunn: Bestand av solblom i fastmarkspartia og kantområde mot bjørkeskog, totalt ca. 125 blomstrande rosettar. Fleire basekrevande planteartar: bjønnbrodd, breiull, engmarihand (ca. 30 planter), fjelltistel, grov nattfiol, jåblom, kornstorr, liljekonvall, marigras, sumphaukeskjegg, svarttopp og særbustorr.

Verdsetting: Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er eit velutvikla rikmyrområde over 50 dekar med fleire regionalt sjeldne artar (marigras, engmarihand), og raudlistearten solblom.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep. Solblom er vår for attgroing, og det beste ville vera eit visst beitetrykk kombinert med buskrydding.

48 Skorgedalen: vest for Ellingsgarden (artsrik vegkant)

Lokalitetsnummer: 1535-10048
Kartblad: 1220 II Vestnes
UTM (EUREF 89): LQ 9635 3802 – 9695 3820
Høgd over havet: 200 m
Hovudnaturtype: Kulturlandskap
Naturtype: Artsrike vegkantar
Prioritet: B (viktig)
Mulege truslar: opphøyr av hevd, attgroing
Undersøkt/kjelder: 05.07.2001, 26.06.2002, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten består av ein ca. 600 meter lang vegkant med spreidde bestandar av solblom og ein del andre kravfulle engartar.

Vegetasjon: Dels engprega vegetasjon (G4), dels overgangar mot vegetasjon beslektta med intermediær myr i veggrofta, elles innslag av meir skuggetolande skogkantvegetasjon.

Kulturpåverknad: Lokaliteten er for det meste ei menneskeskapt vegskråning som har grodd til med engvegetasjon.

Artsfunn: Viktigast her er solblom (raudlisteart) som fanst i vegkanten med ca. 35 blomstrande rosettar ved LQ 9635 3802 – 9642 3805, og 5-10 lengst aust ved ei gammal løe ved LQ 9695 3020. (I eit ungt granplantefelt ca. 30 m ovafor vegen, LQ 9638 3807, vart det elles funne ca. 50 blomstrande stenglar av solblom, men desse fell utanfor den avgrensa vegkanten.) Av andre planter kan nemnast brudespore, heiblåfjør, jåblom, harerug, småengkall, blåklokke, blåkoll, raud jonsokblom, turt, bjønnbrodd, marinøkkel (>20 individ), storblåfjør, skogmarihand, grov nattfiol, vill-lin og rundskolm i vegkanten. Marinøkkel innsendt herifrå av rapportforfattaren er analysert genetisk i USA og funne å vera avvikande og interessant (Mary Stensvold, University of Iowa).

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at dette er ein lokalitet med den raudlista plantearten solblom (raudlista i lågare kategori) og fleire andre kravfulle engartar, som framleis har bestandar i landskapet elles.

Skjøtsel og omsyn

Solblomen og dei andre kravfulle artane vil overleva så lenge Statens Vegvesen held fram med berre å slå vegkanten, men vil kunne forsvinna ved meir omfattande grøfterensk. Førekomstane er på lang sikt avhengige av at ein greier å ta vare på bestandar av artane i landskapet rundt.

49 Skorgedalen: ved Helland (skogeng)

Lokalitetsnummer:	1535-10049
Kartblad:	1220 II Vestnes
UTM (EUREF 89):	LQ 9618 3804
Høgde over havet:	215 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Naturbeitemark
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	10.07.2001, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten er ei lita skogeng < 1 dekar med uviss brukshistorie like nedanfor kraftlina ca. 100 m vest for det fråflytta småbruket Helland øvst i Skorgedalen, med ein mindre bestand av solblom m.m. Det avgrensa området er større enn denne vesle enga (ca. 15-20x30 m), som var vanskeleg å finna nøyaktig på økonomisk kart.

Vegetasjon: Frisk fattigeng (G4).

Kulturpåverknad: Enga er sannsynlegvis ei gammal slåtteeng som kan ha vore beita i periodar, men som no gror att.

Artsfunn: Det vart telt 24 blomstrande rosettar av solblom, ca. 30 ind. av brudespore, nokre planter av grov nattfiol, vidare kjertelaugnetrøst, blåklokke, blåknapp, harerug, kornstorr, smalkjempe og småengkall.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein intakt førekomst av raudlistearten solblom.

Skjøtsel og omsyn

Det er ønskjeleg med slått eller beiting for å bevara solblombestandane.

50 Skorgedalen: Helland (slåtteeng)

Lokalitetsnummer: 1535-10050
Kartblad: 1220 II Vestnes
UTM (EUREF 89): LQ 9612-9615 3797-3800
Høgd over havet: 210 m
Hovudnaturtype: Kulturlandskap
Naturtype: Slåtteenger
Prioritet: B (viktig)
Mulege truslar: fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder: 10.07.2001, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Ved det fråflytta småbruket Helland øvst i Skorgedalen er det gamle slåtteenger (attgroande) med innslag av solblom.

Vegetasjon: G4, frisk fattigeng.

Kulturpåverknad: Innmark som tidlegare er slått og beita, no er hevdem omtrent opphøyr. Det vart observert ei søye med 3 lam, men beitetrykket er ubetydeleg. Det blir drive med litt vedarbeid, og lokaliteten er stadvis påverka av traktorkøyning.

Artsfunn: Det vart rekna ca. 30 blomstrande rosetter av solblom. Elles vart det notert aurikkelsvæve, grov nattfiol, harerug og smalkjempe.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein intakt førekomst av raudlistearten solblom.

Skjøtsel og omsyn

Det er ønskjeleg med slått eller beiting for å bevara solblombestandane.

51 Skorgedalen: Bakkesetra (naturbeitemark)

Lokalitetsnummer: 1535-10051
Kartblad: 1220 II Vestnes
UTM (EUREF 89): LQ 957 379
Høgd over havet: 240-320 m
Hovudnaturtype: Kulturlandskap
Naturtype: Naturbeitemark
Prioritet: B (viktig)
Mulege truslar: opphøyr av hevd, attgroing
Undersøkt/kjelder: 11.09.1997, JBJ (Jordal 1998), 10.07. og 29.08.2001, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Dette er ei større setergrend som no også har mange hytter.

Vegetasjon: Attgroande, høgvaksen sølvbunkeeng med mykje strø i botnen (G3). Øvre del av seterområdet har lyngmark med mykje einer, også dette i attgroing. I utkantane av vollen, særleg i nedre deler, er det magrare frisk fattigeng (G4) med spreidd einer, og denne er mest interessant og artsrik.

Kulturpåverknad: Det er grave litt rundt somme av hyttene. Vollen er prega av dårleg beitetrykk av sau.

Artsfunn: Mest interessant var funn av 6 individ av raudlistearten kvitkurle den 10. juli 2001. Det vart funne 64 planteartar, av desse 18 naturengplanter, blant desse små mengder hårsvæve, knegras, smalkjempe, grov nattfiol og heiblåfjør. Mange av naturengplantene har små bestandar og er på veg til å forsvinna. Det vart funne berre ein beitemarkssopp, og einskilde andre grasmarkssopp.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei naturbeitemark i attgroing, men med nokre interessante artar, særleg den hensynskrevande planten kvitkurle.

Skjøtsel og omsyn

Det attverande mangfaldet knytt til kulturmark er i ferd med å bli øydelagt av attgroing med høgt gras og einer. Dersom ikkje beitetrykket blir auka monaleg, vil denne lokaliteten bli gradvis mindre interessant biologisk sett.

52 Skorgedalen: Fremstedal, ved hytte (gml. slåtteeng)

Lokalitetsnummer: 1535-10052
Kartblad: 1220 II Vestnes
UTM (EUREF 89): LQ 9591 3781
Høgd over havet: 210 m
Hovudnaturtype: Kulturlandskap
Naturtype: Slåtteeuger
Prioritet: C (lokalt viktig)
Mulege truslar: opphøyr av hevd, fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder: 10.07.2001, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg ovafor riksvegen ved ei hytte sør for det nedlagte småbruket Fremstedal i Skorgedalen, og er eit lite område med tidlegare slåtteeng like nedanfor Bakkesetra.

Vegetasjon: Frisk fattigeng (G4).

Kulturpåverknad: Tidlegare slåtteeng, no delvis skjøtselsslått rundt hytta, elles attgroing, knapt merkbart beitetrykk av sau.

Artsfunn: Mest interessant i dette området er gode forekomstar av grov nattfiol, på denne lokaliteten mellom 20 og 30 planter. Elles vart det notert småengkall, smalkjempe, harerug og heiblåfjør. Truleg kan kvitkurle finnast her (jf. Bakkesetra).

Verdsetting: Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det er ei slåtteeng i svak attgroing, med nokre slåtteengartar av planter.

Skjøtsel og omsyn

Det hadde vore ønskjeleg med slått eller beiting for å ta vare på denne kulturmarka.

53 Skorgedalen: Trollbotnmyra (myr)

Lokalitetsnummer: 1535-10053 (Naturbasen: 1535-01200)
Kartblad: 1220 II Vestnes
UTM (EUREF 89): LQ 953 364 - 969 380
Høgd over havet: 200-280 m
Hovudnaturtype: Myr
Naturtype: Rikmyr
Prioritet: B (viktig)
Mulege truslar: fysiske inngrep

Undersøkt/kjelder: 20.07.1985 O.-A. Bugge & S. Singsaas (Singsaas 1985)

Områdeskildring

Generelt: Øvste del av Skorgedalen på austsida av Skorgelva har veksling mellom bjørkeskogstypar og fattige til rike bakkemyrtypar nordover frå Ellingsgardsetra mest til Ellingsgarden. Deler av dette området er avgrensa etter skildring av Singsaas (1985).

Vegetasjon: Fattige fastmatter er dominert av bjønnskjegg og rome. Blåtopp, tepperot, kornstorr og loppestorr er vanlege. I botnen dominerer vortetormose (*Sphagnum papillosum*) og raudtormose (*Sphagnum rubellum*). Intermediær fastmattevegetasjon har m. a. augnetrøst-arter, dvergjamne, bjønnbrodd, blåknapp, særbustorr, grønstorr, og blanktormose (*Sphagnum subnitens*) i botnskiktet. Rikmyr med rik fastmattevegetasjon i siga.

Kulturpåverknad: Riksvegen ligg i vestkant av myra.

Artsfunn: Av rikmyrarter kan nemnast sumphaukeskjegg, engmarihand og breiull, vidare myrstjernemose (*Campylium stellatum*) og feittmose (*Aneura pinguis*). Elles vart det notert suboseaniske artar som klokkelyng, rome, kystmyrklegg og heiblåfjør.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at dette er eit område med mindre rikmyrareal (< 50 dekar), og utan raudlisteartar.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep.

54 Ørskogfjellet: aust for Skitnesetra (rikmyrer)

Lokalitetsnummer: 1535-10054
Kartblad: 1220 II Vestnes
UTM (EUREF 89): LQ 9429-9457, 3600-3635
Høgde over havet: 310-340 m
Hovudnaturtype: Myr
Naturtype: Rikmyr
Prioritet: B (viktig)
Mulege truslar: fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder: 30.08.2001, 30.08.2002, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Aust for Skitnesetra ligg slakt hallande bakkemyrområde med spreidd bjørkeskog ned mot kraftlinja og nordaustover mest heilt ned til riksvegen. arealet rikmyr er truleg <50 dekar.

Vegetasjon: Vegetasjonen er avvekslande fattig, intermediær og rik fastmattemyr, med overgangar mot mjukmattemyr og mot skogmyr (K3/K4/K1, L1/L2/L3, M1/M2/M4).

Kulturpåverknad: Ei kraftlinje passerer gjennom området. I vest grenser lokaliteten mot vegen til Skitnesetra og mot kraftlinja i nedkant.

Artsfunn: Det vart notert breiull, dvergjamne, fjellistel, heiblåfjør, heisiv, hundekvein, jåblom, knegras, korallrot, kornstorr, kystmyrklegg, myraugnetrøst, sivblom, skogmarihand og særbustorr. Det er tidlegare registrert engmarihand i dette området, men funnet er dårleg stadfesta. Elles er den sjeldne rikmyrarten brunskjene funnen i ”rikmyrdrag i myrene SV for Turisthytta på Ørskogfjellet” i 1971 av E. Fremstad og A. Skogen. Funnet er dårleg stadfesta, men dersom det er på vestsida av riksvegen, kan det vera innanfor det avgrensa området. Nøkkesiv er funnen i 1958 av Bjarne Mathiesen, også dårleg stadfesta.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit større myrområde med mindre flekker med svakt til middels utvikla rikmyr.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep.

55 Ørskogfjellet: ved Småtjønnan (rikmyr)

Lokalitetsnummer: 1535-10055
Kartblad: 1220 II Vestnes
UTM (EUREF 89): LQ 9336 3670
Høgde over havet: 390 m
Hovudnaturtype: Myr
Naturtype: Rikmyr
Prioritet: B (viktig)
Mulege truslar: fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder: 04.09.2001, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten er ein mindre del av bakkemyrene i hellingane nordaust for Småtjønnan. Kartavgrensinga er omtrentleg, men senteret for rik vegetasjon er peila med 10 m nøyaktigheit.

Vegetasjon: Rik og intermediær fastmatte- og mjukmattevegetasjon (L2/L3, M2/M4), omgjeve av bjørkeskog.

Kulturpåverknad: Kraftline i nærleiken, ellers liten.

Artsfunn: Av krevande planteartar kan nemnast kornstorr, bjønnbrodd, jåblom, dvergjamne, svarttopp, fjellistel, myraugnetrøst, gulstorr og sumphaukeskjegg. Av mosar kan nemnast raudmakkrose (*Scorpidium revolvens*), feittmose (*Aneura pinguis*), myrstjernemose (*Campylium stellatum*) og myrfiltmose (*Aulacomnium palustre*).

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei lita rikmyr (<50 dekar).

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep.

56 Ørskogfjellet: Småtjønnan (ferskvatn/våtmark)

Lokalitetsnummer: 1535-10056 (Naturbasen: 1535-01500)
Kartblad: 1220 II Vestnes
UTM (EUREF 89): LQ 928-933, 363-366
Høgde over havet: 376 m
Hovudnaturtype: Ferskvatn/våtmark
Naturtype: Andre viktige førekomstar
Prioritet: C (lokalt viktig)
Mulege truslar: fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder: Naturbasen, D. Holtan pers. medd. 04.09.2001, 07.06.2002, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Småtjønnan med tilgrensande myrparti er hekkelokalitet for våtmarksfugl. I tillegg er området botanisk interessant.

Vegetasjon: Oligotroft ferskvatn med langskotvegetasjon, høgstorrsump m.m., omgjeve av fattig til intermediær fastmatte og mjukmatte-myr.

Kulturpåverknad: Kraftline og dyrkingsfelt i nærleiken.

Artsfunn: Av planter vart det i sjølve vatnet notert krypsiv, elvesnelle, trådstorr, flaskestorr, bukkeblad, kantnøkkerose og tjønnaks. Ved utløpsosen vart det i lausbotnmyr notert strengstorr i overfløymd strandsone, ein regionalt sjelden og austleg art (posisjon LQ 9335 3629). Vidare vart det notert sivblom, myggblom, dystorr, dvergjamne, myrkråkefot, særbustorr, jåblom og myraugnetrøst. Av fugl vart det 7.6.02 observert stokkand (ei ho), vipe (1 på reir), raudstilk, og elles blåstrupe, sivsporv, heipiplerke, trepiplerke, bokfink, bjørkefink og lauvsongar i området rundt. Tidlegare er det observert krikkand, dvergfalk og fjellaugestikkar (kjelde: D. Holtan).

Verdsetting: Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at dette ikkje er ein prioritert naturtype i DN (1999a) (ikkje skikkeleg rikmyr), men likevel har lokaliteten verdi med regionalt sjeldne planter som strengstorr og myggblom. Intermediær myr er rekna som ein noko truga vegetasjonstype i låglandet (Fremstad & Moen 2001). I tillegg har lokaliteten verdi for våtmarksfugl (sparsame data).

Skjøtsel og omsyn

Ein bør ikkje gjera fysiske inngrep i våtmarkene.

57 Ørskogfjellet: Nysetervatnet naturreservat (myr)

Lokalitetsnummer: 1535-10057 (Naturbasen: 1535-00700)
Kartblad: 1220 II Vestnes
UTM (EUREF 89): LQ 937-943, 352-356
Høgde over havet: 305-335 m
Hovudnaturtype: Myr
Naturtype: Andre viktige forekomstar (viltlok.)
Prioritet: C (lokalt viktig)
Mulege truslar: ingen kjente (reservat)
Undersøkt/kjelder: Fylkesmannen i Møre og Romsdal (1982), 30.08.2001, 07.06.2002, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Mesteparten av lokaliteten ligg i Ørskog. Berre ein snipp av dei avgrensa myrene ligg i Vestnes, og det er denne delen som vert omtala her. Området generelt er hekkeområde og rasteplass for vassfugl. Terrenget er elles nokså ope, viddeprega fjell-landskap med myrlende.

Vegetasjon: Vegetasjonen på Vestnessida er stort sett fattig planmyr med fastmatte- og mjukmatte-vegetasjon, og med ombrotrofe parti. Det finst og overgangar til intermediær fastmattemyr (L2).

Kulturpåverknad: E 69 passerer eit par hundre meter frå vatnet på sørsida, og denne vegen berører deler av myrområda aust for vatnet.

Artsfunn: Blant planteartane kan nemnast sivblom, dvergjamne, hundekvein, myraugnetrøst og kornstorr. I vatnet på Ørskogsida er det sjøsivaks. Lokaliteten har viktigaste funksjonen sin som hekkeområde for fugl. I alt er det påvist 6 andeartar og 7 vadefuglartar i heile reservatet, men truleg er myrområda på Vestnessida lite nytta, og mest å betrakta som eit bufferområde. Ved eit besøk på Vestnessida 07.06.02 vart det berre observert heipiplerke.

Verdsetting: Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at denne delen av reservatet ikkje blir nokon prioritert naturtype etter DN (1999a), og elles blir Vestnessida mest eit bufferområde for fuglelivet.

Skjøtsel og omsyn

Tiltak for å kunne dempe skadeverknadene av kraftlinja på fuglefaunaen kan vere aktuelle.

58 Ørskogfjellet: Måslia (myr)

Lokalitetsnummer: 1535-10058 (Naturbasen: 1535-09502)
Kartblad: 1220 II Vestnes
UTM (EUREF 89): LQ 94-98, 33-35
Høgde over havet: 310-600m
Hovudnaturtype: Myr
Naturtype: Rikmyr
Prioritet: B (viktig)
Mulege truslar: ingen kjente (reservat)
Undersøkt/kjelder: 25.06.1975 AM (Moen 1984)

Områdeskildring

Generelt: Stor open dal på Ørskogfjellet mellom E69 og Jutevatnet. Det meste av dalbotnen er trelaus, medan det i dalsidene veks frodig fjellbjørkeskog. Fleire bekkar og elvar delar opp myrområda. Store bakkemyrområde, 9600 dekar, ofte med kraftig helling, og flatmyr dominerer landskapet. Ein finn og mindre forekomster av terrengdekkande myr og overgangstypar mot fukthei. Torvlaget er tynt, sjeldan over 1 m.

Vegetasjon: Fattigmyrvegetasjon på fastmatte dominerer. Mindre førekomstar av terrengdekkjande myr og overgangstypar mot fukthei. Erosjon er vanleg. Rikmyr er berre observert nord i lokaliteten, like sør for Aspholen. Ombrotrof tuevegetasjon er vanleg, ofte i kombinasjon med lausbotn.

Kulturpåverknad: Inne i lokaliteten ligg fleire gamle seterstølar og hytter.

Artsfunn: Korallrot, kystmyrklegg, heisiv, heiblåfjør, engmarihand, fjelltistel, bjønnbrodd og breiull er nokre interessante artar som veks i området, dei fire siste er typiske for rike myrer.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit stort myrkompleks med mindre areal rikmyr (<50 dekar).

Skjøtsel og omsyn

Det bør utarbeidast ein skjøtelsplan for området der ein kjem fram til høvelege regler for transport, vedhogst og vedlikehald av bygningar. Dersom turisttrafikken aukar, kan det verte aktuelt med merking og skjøtsel av dei viktigaste ferdselsårene. Bygging av nye fritidshytter bør ikkje føregå i reservatet.

59 Tresfjorden: austsida av Bjermelandsnakken (edellauvskog)

Lokalitetsnummer: 1535-10059
Kartblad: 1220 II Vestnes
UTM (EUREF 89): MQ 035 379
Høgde over havet: ca. 100-200 m
Hovudnaturtype: Skog
Naturtype: Rik edellauvskog, gammel (edel)lauvskog
Prioritet: A (svært viktig)
Mulege truslar: fysiske inngrep, treslagskifte
Undersøkt/kjelder: 04.10.2002, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten er eit bratt, austvendt skogområde på austsida av Nakken ved Bjermeland i Tresfjorden. Lokaliteten har både skog, steinur og bratte berg med eit fuktig lokalklima. Almen var opptil 30 cm i diameter og utan hjortegnag.

Vegetasjon: Gråor-almeskog, steinur, bergvegg. Forutan alm veks her bjørk, gråor, hassel, osp, rogn og selje.

Kulturpåverknad: Litt hogst i nedre deler, lite kulturspor i øvre deler. Lokaliteten er bratt og kvisam å ferdast i.

Artsfunn: Av meir kravfulle planteartar kan nemnast alm, brunrot, firblad, hassel, hundekveke, kranskonvall, lundrapp, myske, myskegras, ormetelg, skogsalat, skogsvinerot, skogvikke, storklokke og trollbær. På roten lauvved vart den raudlista mosearten roteflak (*Calypogeia suecica*) funnen. Det vart funne fleire fuktkevande lav- og moseartar, t.d. sølvnever, fertil lungenever (lungenever er sjeldan fertil), grynvrenge, glattvrenge og borkragg på lauvtre, skuggehusmose på marka, sølvnever (kravfull), lungenever, skrubbenever og *Chrysotrix chlorina* på berg. Elles vart den mindre vanlege hol trådklubbesopp (*Clavariadelphus junceus*) funnen. Området har også viltfunksjon.

Verdsetting: Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er ein edellauskogslokalitet med varmekrevande planter, fuktkevande lavartar, og ein raudlista moseart knytt til roten ved.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå treslagskifte og fysiske inngrep. Det beste for naturverdiane er at dei bratte og artsrike partia får vera relativt urørte.

60 Tresfjorden: Løviksetra (naturbeitemark)

Lokalitetsnummer: 1535-10060
Kartblad: 1220 II Vestnes
UTM (EUREF 89): MQ 015-017, 361-362
Høgde over havet: 480 m
Hovudnaturtype: Kulturlandskap
Naturtype: Naturbeitemark
Prioritet: B (viktig)
Mulege truslar: opphøyr av hevd, attgroing
Undersøkt/kjelder: 05.07.2001, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Setergrend som ligg i skogbandet på nordsida av Løvikelva rett vest for Løvika i Tresfjorden.

Vegetasjon: Lokaliteten er dominert av frisk fattigeng (G4), med litt sølvbunkeeng (G3) og overgangar mot fattigmyr (K3/K4).

Kulturpåverknad: Området har svakt beitetrykk av sau. 2 nyare hytter.

Artsfunn: Det vart notert 55 planteartar (13 naturengplanter), her kan nemnast blåklokke, fjelltimotei, harerug, heiblåfjør, kystmaure, loppestorr og smalkjempe. Soppfloraen er ikkje undersøkt.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at frisk fattigeng med kystmaure vert rekna som ein truga vegetasjonstype (Fremstad & Moen 2001).

Skjøtsel og omsyn

Det er ønskjeleg med fortsatt beiting.

61 Tresfjorden: Eidhammarsetra (naturbeitemark)

Lokalitetsnummer: 1535-10061
Kartblad: 1220 II Vestnes

UTM (EUREF 89): MQ 018 353
Høgde over havet: 420 m
Hovudnaturtype: Kulturlandskap
Naturtype: Naturbeitemark
Prioritet: B (viktig)
Mulege truslar: opphøyr av hevd, attgroing
Undersøkt/kjelder: 29.08.2001, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Seterområde oppå ein fjellkam nordvest for Tresfjord sentrum og rett vest for Eidhammar.

Vegetasjon: Frisk fattigeng (G4) med kystmaure, overgangar mot fattigmyr/fukteng, attgroing med einer i deler av lokaliteten.

Kulturpåverknad: Mange hytter og stølshus, fleire nye hytter. Litt beiting av storfe og sau. Planta sitkagran i utkanten av vollen.

Artsfunn: Det vart notert 57 planteartar (13 naturengplanter), her kan nemnast blåklokke, fjelltimotei, harerug, kjertelaugnetrøst, knegras, kornstorr og kystmaure. Av beitemarkssopp vart det berre funne eit par vanlege vokssoppantar og ein potensielt sjeldan raudskivesopp (*Entolom cf. melanochroum*).

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei typisk naturbeitemark for regionen, og med eit relativt ordinært artsutval. Frisk fattigeng med kystmaure vert rekna som ein truga vegetasjonstype (Fremstad & Moen 2001).

Skjøtsel og omsyn

Beitinga bør halda fram. Ein kan vurdera å rydda oppslag av einer og bjørk.

62 Tresfjorden: Løvika: Kriken (slåtteeng)

Lokalitetsnummer: 1535-10062
Kartblad: 1220 II Vestnes
UTM (EUREF 89): MQ 033 361
Høgde over havet: 30-80m
Hovudnaturtype: Kulturlandskap
Naturtype: Slåtteeng/naturbeitemark
Prioritet: A (svært viktig)
Mulege truslar: opphøyr av hevd, attgroing
Undersøkt/kjelder: 22.07.1997 (PB & JBJ), 19.09.1997 (JBJ), 26.09.1997 (GGa & JBJ) (Jordal 1998)

Områdeskildring

Generelt: Dette er eit nedlagt gardsbruk utan busetnad.

Vegetasjon: Vegetasjonen på gammal eng varierer ein god del, men det er overalt moserikt, særleg i kantane. Frisk fattigeng (G4) med kystmaure sominerer i kantane nedanfor husa.

Nedafør husa er det elles ein god del marikåpe på det området som tidlegare var potetåker.

Låg gjødslingsintensitet gjer at naturengplanter finst i betydelege mengder over det meste av garden, men mest i kantane.

Kulturpåverknad: Jorda blir halden i hevd med slått og beiting av sau. Graset vart kassert i 1997. I 2000-2001 vart området beita med hest. Mykje av jorda er fulldyrka eller overflatedyrka, og eit område nedanfor husa har vore potetåker til etter krigen. Nedanfor husa er det ikkje gjødsling på 10-15 år. Husa vart fråflytta for 15-20 år tilbake, og jorda er beita med kyr til ca. 1994 (Bjarne Løvik pers. medd.). Markene var slått eller beita ved alle besøk.

Artsfunn: Påfallande er dei store mengdene av kystmaure over store deler av arealet. Det vart funne heile 20 naturengplanter. Mellom desse var aurikkelsvæve, blåklokke, grov nattfiol, harerug, heiblåfjør, hårsvæve, jonsokkoll, knegras, kvitmaure og smalkjempe. Mest artsrike er dei moserike kantområda nedanfor husa ned mot riksvegen. Her vart det gjort ei rekkje funn av beitemarkssopp, mellom anna fiolett greinkøllesopp (*Clavaria zollingeri*), limvokssopp (*Hygrocybe glutinipes*) i store mengder (truleg den største førekomsten i fylket) og raudnande lutvokssopp (*Hygrocybe ingrata*), som alle står som sårbare på den norske raudlista. Vidare fanst dei hensynskrevande artane gulbrun narrevokssopp (*Camarophylloopsis schulzeri*), kvit kragesopp (*Stropharia albonitens*) og *Entoloma caesiocinctum*. I alt 20 beitemarkssopp vart funne ved dei to haustbesøka, og både artstalet og artsutvalet gjer dette til ein av dei mest spesielle og verdifulle attverande lokalitetane når det gjeld tradisjonelt kulturlandskap i Vestnes.

Verdsetting: Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er lite gjødselpåverka slåtteeenger/naturbeitemark med stort artsmangfald, og fleire raudlisteartar, dels i kategori sårbar.

Skjøtsel og omsyn

Største trugsålet her er opphøyr av drifta, eller omlegging av drifta til kraftig gjødsling. Det mest verdfulle området ligg nedanfor husa, og særleg engkantane langs vegen opp og i ytterkantane av enga. Derfor vil gjødsling kunne akseptert ovafor husa. Nedanfor er det ønskeleg å unngå gjødsling, alternativt å nytta små mengder salpeter (fosforfattig gjødsel), i så fall berre vårgjødsling og ikkje gjødsling ut mot kantane. For å ta vare på artsmangfaldet nedanfor husa er beste drifta å slå ein gong og beita om hausten.

63 Tresfjorden: Tresfjordleira (brakkvassdelta)

Lokalitetsnummer:	1535-10063 (Naturbasen: 1535-10901)
Kartblad:	1220 II Vestnes
UTM (EUREF 89):	MQ 040 339
Høgde over havet:	0-2 m
Hovudnaturtype:	Havstrand/kyst
Naturtype:	Brakkvassdelta
Prioritet:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	trampslitasje
Undersøkt/kjelder:	Kristiansen (1974), 12.08.1984, AAF, Holten m. fl. (1986a), Oterhals (1996), 05.07.2001, 06.06., 28.08., 30.08. og 04.10.2002 JBJ

Områdeskildring

Generelt: Området er eit elvedelta som ligg på sørsida av Romsdalsfjorden inst i Tresflorden ved utlaupet av elva Tressa. Vassdraget er ikkje regulert til kraftutbygging. Strandområda ligg kring eit delta med forgreina elveløp og restar etter fleire tidlegare løp. Store område vert tørrlagte ved fjøre sjø. Dette er eit av dei svært få store, deltaområde i fylket som enno er relativt urørt. Lokaliteten grensar til dyrka mark og gråorskog langs elveløpet. På sørsida er det større strandenger. Det avgrensa området har eit landareal på 66 dekar og eit sjøareal på 84 dekar, og vart verna som havstrandreservat hausten 2002.

Vegetasjon: Av velutvikla samfunnstypar kan ein nemne skjørbuksurtforstrand, strandkjempe-samfunn med strandkryp, gåsemure og tett bunnskikt av trådkrypmose, fjøresivakseng langs dreneringsbanar og i pøl, saltsiveng, raudsvingel-eng, strandkjempe-strandkryp-forstrand, rustsivakseng, krypkveineng, havstorr-eng, strandarveforstrand, strandrugvoll, strandrøyrvoll, kvekevull og høgurt fleirårsvoll med mjødurt og hundekjeks. Typane følgjer Holten m. fl. (1986b), og samsvarar ikkje med Fremstad (1997).

Kulturpåverknad: På vestsida grensar lokaliteten mot eit industriområde og ein travbane. På sør- og austsida grensar det til veg og i aust til ein kyrkjegard med parkeringsplass. Deler av området blir beita av hest, noko trampsplitasje. Elva er kanalisert og forbygd.

Artsfunn: Lokaliteten er artsrik med 83 registrerte planteartar. Ein sjeldsynt art er saftstjerneblom. Langs ytre del av stranda ligg ein tett blåskjellbanke. Området har funksjon som hekke- overvintrings- og matleitingsområde for fugl heile året. Til å vere i indre fjordstrøk er det relativt konsentrerte fugleforekomstar, med hekkande tjeld, vipe og raudstilk, og sannsynleg hekking av siland, hettemåse, gråmåse, svartbak, stokkand og fiskemåse. Området er spesielt viktig som vårbeiteplass for hekkande fugl i landskapet rundt, men også for ein del hekkande vadefugl og måsar i sjølve området. Av fugleartar er det om våren observert (i parentes maks-tal for heile året): gråhegre, kanadagås, stokkand (opp til 35), brunnakke, ærfugl, siland, sivhøne, tjeld, vipe (opp til 100), storspove, raudstilk, strandsnipe, hettemåse, fiskemåse, gråmåse, svartbak, sildemåse, terner, ringdue, kråke (opp til 80), stare og linerle. Utanom denne tida er det t. d. også sett laksand. Sjeldne fugleartar: 1 rustand sett 05.07.2001. Tressa har oppgang av laks og aure.

Verdsetting: Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er eit stort, velutvikla og delvis intakt deltaområde med middels rikt planteliv og viktig funksjon for vassfugl. Området har variert strandflora, mange strandtyper og har stor zoologisk, botanisk og geologisk verneverdi. Formålet med vernet er å sikra eit av dei største attverande og relativt urørte elvedelta i fylket, der strandområdet er bygd opp kring eit sentralt elveløp. Området har verdi som eit nasjonalt typeområde.

Skjøtsel og omsyn

Deltaet har vore pressa frå utbyggingsinteresser. Idag er det fylt ut til industri i vest og kyrkjegard/parkingsplass i aust, dette er i samsvar med godkjende reguleringsplanar. Ein bør ikkje utføra vidare forbygging langs elva. Hestebeitet i strandengene kan forårsaka trakkaskader og uønskt slitasje på vegetasjonen, og bør derfor ikkje vera for intensivt. Skjøtselsplan vert utarbeidd i 2003.

64 Kjersemdalem: Varlibakken lok. 1 (rikmyr)

Lokalitetsnummer: 1535-10064
Kartblad: 1220 II Vestnes
UTM (EUREF 89): LQ 9930-9933, 2936-2943
Høgd over havet: 290 m
Hovudnaturtype: Myr
Naturtype: Rikmyr
Prioritet: B (viktig)
Mulege truslar: fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder: 29.08.2001, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Bakkemyr ned mot vegen gjennom Kjersemdalen nord for Vardhaugen.

Vegetasjon: Middelsrik og intermediær fastmatte- og mjukmattevegetasjon (L2/L3, M2/M4), omgjeve av bjørkeskog.

Kulturpåverknad: Grusveg i nedkant. Litt beita av storfe.

Artsfunn: Av krevande planteartar kan nemnast breiull, kornstorr, bjønnbrodd, jåblom, dvergjamne, myraugnetrøst, svartopp, fjellfrøstjerne, fjelltistel, loppestorr, særbustorr, gulsildre, gulstorr og sumphaukeskjegg. Av mosar kan nemnast raudmakkrose (*Scorpidium revolvens*), feittmose (*Aneura pinguis*), myrstjernemose (*Campylium stellatum*), rosetorvmose (*Sphagnum warnstorffii*) og myrfiltmose (*Aulacomnium palustre*).

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei lita rikmyr (<50 dekar).

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep.

65 Kjersemdalen: Varlibakken lok. 2 (rikmyr)

Lokalitetsnummer: 1535-10065
Kartblad: 1220 II Vestnes
UTM (EUREF 89): LQ 9939-9949, 2940-2953
Høgd over havet: 290 m
Hovudnaturtype: Myr
Naturtype: Rikmyr
Prioritet: B (viktig)
Mulege truslar: fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder: 29.08.2001, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Bakkemyr på 10-15 dekar ned mot skogsveg (gamlevegen) som tek av frå vegen gjennom Kjersemdalen nord for Vardhaugen (Varlibakkan).

Vegetasjon: Middelsrik og intermediær fastmatte- og mjukmattevegetasjon (L2/L3, M2/M4), omgjeve av bjørkeskog.

Kulturpåverknad: Skogsveg i nedkant.

Artsfunn: Avkrevande planteartar kan nemnast breiull, kornstorr, bjønbrodd, jåblom, dvergjamne, myraugnetrøst, svarttopp, fjellfrøstjerne, fjelltistel, loppestorr, særbustorr, gulsildre, gulstorr, klubbstorr og sumphaukeskjegg. Av mosar kan nemnast raudmakkrose (*Scorpidium revolvens*), feittmose (*Aneura pinguis*), myrstjernemose (*Campylium stellatum*), rosetormose (*Sphagnum warnstorffii*) og myrfiltmose (*Aulacomnium palustre*). Det vart vidare funne ein sjeldan raudskivesopp: *Entoloma cyanulum*. Dette var 2. funn i fylket.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei lita rikmyr (<50 dekar). Klubbstorr er ein regionalt uvanleg art.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep.

66 Kjersemdalen: Smålihamrane (rik edellauvskog)

Lokalitetsnummer: 1535-10066
Kartblad: 1219 I Stranda, 1220 II Vestnes
UTM (EUREF 89): MQ 01 31
Høgd over havet: ca. 180-400 m
Hovudnaturtype: Skog
Naturtype: Rik edellauvskog
Prioritet: C (lokalt viktig)
Mulege truslar: treslagskifte
Undersøkt/kjelder: 24.07.1997 (ÅS & JBJ) (Jordal 1998)

Områdeskildring

Generelt: Kjersemdalen går vest/sørvestover mot Vaksvikfjellet. Liene på nordsida av elva i nedre del av dalen vender mot sør/søraust og har eit nokså varmt lokalklima. Området frå elva opp til Smålihamrane vart undersøkt.

Vegetasjon: I høgdeområdet 250-450 m o.h. førekjem noko alm spreidd innimellom anna lauvskog. Almen fanst heilt oppunder og på sidene av nokre bratte berg oppe i lisida (hamrane under Knutbensnakken og Smålihamrane lenger mot sørvest), men litt lenger framme i dalen også ein stad heilt ned mot elva (MQ 007 306, ned mot elva ved skogsveg, ikkje avgrensa). Det var innslag av gråor-heggeskog av høgstaudetype på fuktige stader i nedre del av lia, med artar som bringebær, kvitbladtistel, mjødukt, skogrøykvein, skogstjerneblom, strandrøyr, sølvbunke og trollurt. Lenger oppe i lia var det lauvtreminert lågurtskog og litt blåbærskog med bjørk, hassel, hegg, osp og rogn forutan alm.

Kulturpåverknad: I nedre deler av lia (nedanfor det avgrensa området) fanst gran og lerk planta.

Artsfunn: Floraen omfatta nokre svakt varmekrevande artar som firblad, hengjeaks, hundekveke, kranskonvall, lundrapp, myske og skogsvinerot. Orkidéen grov nattfiol vart funnen fleire stader. Beiting av hjort på almebusker vart observert.

Verdsetting: Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det er dårleg utvikla gråor-heggeskog med spreidd alm, som ikkje tilfredsstiller kriteria til B (viktig) i metoden nemnt fremst i rapporten.

Skjøtsel og omsyn

I regional samanheng er ikkje slike almeforekomster som dette noko særst, men i Vestnes har ein funne alm berre få stader i tillegg til denne. Alm er i vårt fylke dels truga av hogst og treslagskifte, men den store hjortestammen er mange stader det største problemet. Mange stader i midtre og ytre strok er gjenveksten lik null p.g.a. beiting på småtre og ringbarking av store tre. Det er truleg ubetydelege skogbruksinteresser knytt til forekomstane i brattene oppe mot berga. For å gje almen ein sjanse bør den også få stå i fred ned mot elva.

67 Kjersemdalen: Kjersemsetra (naturbeitemark)

Lokalitetsnummer:	1535-10067
Kartblad:	1219 I Stranda
UTM (EUREF 89):	LQ 989 279
Høgde over havet:	380-400 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Naturbeitemark
Prioritet:	C (lokalt viktig)
Mulege truslar:	opphøyr av hevd, attgroing
Undersøkt/kjelder:	24.07.1997 (ÅS & JBJ) (Jordal 1998), 29.08.2001, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Dette er ei setergrend i ei slakk dalside opp mot Vaksvikfjellet.

Vegetasjon: Vegetasjonen er dels mager naturbeitemark (frisk fattigeng, G4) med mykje gulaks, engkvein, tepperot og kvitkløver, litt blåbærlyng og noko einer. Det finst og innslag av fuktig fattigeng med finnskjepp (G1) og sølvbunkeeng (G3). Vidare finst ein god del fuktig fattigeng med m. a. bekkestjerneblom, duskull, blåtopp, flekkmarhand, grønstorr, hundekvein, kornstorr, myrtistel, slåttstorr, soleihov, stjernesildre, tettegras og trådsiv.

Kulturpåverknad: Beitetrykket var brukbart i 1997, det vart funne møkk etter ungdyr og sau. To hestar gjekk på eit inngjerda område nedst. I 2001 vart det observert spor etter storfe og sau.

Artsfunn: Floraen var middels artsfattig med 12 naturengplanter, t. d. aurikkelsvæve, harerug, sumpmaure og prestekrage. Av kystplanter kan nemnast heisiv, som her nærmar seg innergrensa si (Fægri 1960). Sju artar av såkalla seterplanter (Jordal & Gaarder 1995) (t. d. fjellaugnetrøst, fjellkvein, fjelltimotei og seterarve) viser at det her er noko meir fjellpreg enn på dei andre setervollane som er omtala i denne rapporten. Det vart vidare funne eit par vanlege beitemarkssopp.

Verdsetting: Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det er ei relativt ordinær naturbeitemark for distriktet, som ikkje tilfredsstillir kriteria til B (viktig) i DN (1999a).

Skjøtsel og omsyn

Det største trugsålet mot lokalitetar som denne er opphøyr av beitebruken. Ingen store biologiske verdiar vart avdekt, men naturtypen er generelt i attgroing i fylket. Det er ønskjeleg at beitinga held fram.

68 Kjersemdalen: Kjersemvatnet (ferskvatn/våtmark)

Lokalitetsnummer: 1535-10068 (Naturbasen: 1535-00400)
Kartblad: 1219 I Stranda
UTM (EUREF 89): LQ 98 27
Høgde over havet: 370 m
Hovudnaturtype: Ferskvatn/våtmark, myr
Naturtype: Andre viktige førekomstar
Prioritet: C (lokalt viktig)
Mulege truslar: fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder: Naturbasen, 29.08.2001, 06.06.2002, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Området ligg dels i Ørskog, dels i Vestnes. Kjersemvatnet og myrene er hekkeplass for våtmarksfugl.

Vegetasjon: I sjølve vatnet er det litt høgstorrsump med flaskestorr og elvesnelle, mest i V-enden og på S-sida (mest i Ørskog, men dels også i Vestnes). Rundt ligg myrområde med bakkemyrer, flatmyrer og parti med ombrotrofe tuer. Det finns og fukthei og overgangstypar mellomom myr og fukthei. Små fastmarkskoller danner mosaikk med myrene. Litt bjørkeskog rundt.

Kulturpåverknad: Ein grusveg går eit stykke unna vatnet, elles er det fleire hytter i området, båtar og garnfiske.

Artsfunn: Av planter kan nemnast at det vart observert stivt brasmegras i elva. Ved besøket i 2001 vart det observert 6 brunnakke. Sumpområdet på sørsida synest å ha potensiale for vadefugl. I juni 2002 vart det observert hekkande fiskemåse (1 par) og varslande raudstilk (1 par).

Verdsetting: Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det ikkje er ein naturtype i DN (1999a), men at det har visse kvalitetar som viltområde.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep, og unngå å forstyrre fuglane i hekketida.

69 Tresfjorden: Elvemøtet Dalelva/Dalselva (gråor-heggeskog)

Lokalitetsnummer: 1535-10069
Kartblad: 1220 II Vestnes
UTM (EUREF 89): MQ 042 321

Høgde over havet: 20 m
Hovudnaturtype: Skog
Naturtype: Gråor-heggeskog
Prioritet: C (lokalt viktig)
Mulege truslar: fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder: 19.09.1997 (JBJ), 13.11.1997 (GGa) (Jordal 1998), 28.08.2002, Tore C. Michaelsen & JBJ (flaggermustur)

Områdeskildring

Generelt: Området i og nedanfor samløpet og nærområda oppetter Dalelva vart undersøkt. Det mest interessante området ligg nordvest for elvemøtet. Det er her framleis flompåverknad, ein del grov gråor, mykje daud ved, frodig undervegetasjon av høgstaudetype og truleg eit godt miljø for soppar knytt til gråor.

Vegetasjon: Gråor-heggeskog med ein del typiske høgstauder og fuktkrevande artar.

Kulturpåverknad: Forbygginga langs Dalelva er eksempel på at gråor-heggeskog ofte er utsett for elveforbygging. Slike gråor-heggeskogar er på sikt avhengig av flomaktivitetane til hovudvassdraget og vil endra artssamansetting og dels skogtype når sambandet med elva blir brote. Sambandet er no intakt berre i mindre område langs Dalselva, der det også finst ein del utoverhengande skog som truleg betyr ein del for næringstilgangen til fisken i elva. Noko avfall.

Artsfunn: Floristisk var det stort sett vanlege artar, som kvitbladtistel, krattmjølke, kvitsymre, liljekonvall, mjødukt, raud jonsokblom, skogsnelle, skogstjerneblom, skogsvinerot, sløkje, strandrøyr, strutsvegg, turt og vendelrot. I august 2002 vart det langs elva i dette området observert jaktande dvergflaggermus (bestemt med med ultralyddetektor i kombinasjon med sterk lommelykt). Denne arten er ikkje tidlegare observert i Vestnes, og han står og på den norske raudlista (DM – bør overvakast). Også i Tressa ved Ridderkroa/idrettsbanen vart det same kveld observert dvergflaggermus. Ynglekoloniar av denne arten bør derfor finnast i Tresfjorden einkvan stad. Yngle- og overnattingsområde av arten har vekt 3-4 som viltobservasjon.

Verdsetting: Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at lokaliteten truleg ikkje tilfredsstillar kriteria til B (viktig) i DN (1999a).

Skjøtsel og omsyn

Dei attverande gråor-heggeskogane som er minst påverka av elveforbygging har ein viss (lokal) biologisk verdi. Ein bør derfor unngå fleire inngrep i området.

70 Tresfjorden: Rypdal, under Vardfjellet (edellauvskog)

Lokalitetsnummer: 1535-10070
Kartblad: 1219 I Stranda
UTM (EUREF 89): MQ 053-058, 302-310
Høgde over havet: 200-400 m
Hovudnaturtype: Skog
Naturtype: Rik edellauvskog
Prioritet: B (viktig)
Mulege truslar: treslagskifte
Undersøkt/kjelder: 28.08.2002, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg opp mot berga i den vestvendte lia under Vardfjellet aust for Rypdal. Oppunder hamrane finst ein del rasmarker omkransa av ein lauvskog med mykje

bjørk, noko selje, osp, hassel og hegg, og alm som står spreidd oppunder hamrane i ca. 300 meters høgde i ei strekning på ca. 1 kilometer, også nord for den kløfta som heiter Husgjølet på økonomisk kart.

Vegetasjon: Vegetasjonen er hovudsakeleg gråor-almeskog i mosaikk med bjørkeskog, gråor-heggeskog og lågurdominert hasselskog i nedre deler, oppstykkja av steinur og med stor sett kalkfattige berg i øverkant, men berga har einskilde rikare sig.

Kulturpåverknad: Liten i øvre deler, i nedre deler beiting av hest, litt vedhogst og planta gran. Elles finst platanlønn på frammarsj i lia, dette er ein innført art i spreiging.

Artsfunn: Av meir varmekjære artar kan nemnast alm, brunrot, firblad, hassel, hengjeaks, hundekveke, kratthumleblom, lundrapp, myske, sanikel, skogsvinerot og trollbær. I berg og ur vart det funne bergfrue, fjellsmelle, fjellsyre, flekkmure, gulsildre, gulstorr, kattedot, knegras, kvitmaure, lodnebregne, rosenrot og svartburkne. På eldre lauvtre (rogn, selje, hassel, alm) vart det funne lungenever, vanleg blåfyllav, glattvrenge og ubestemt glye. Almen var opp til 70 cm i diameter med m.a. *Dendrothele* cf. *acer* og lønnkjuke. Spettmeis og dvergfolk vart observert.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein vanleg edellauvskog med eit avgrensa tal varmekjære artar. Verdsettinga følgjer ikkje DN (1999a), jfr. metodekapitlet.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå treslagskifte. I dei øvre, mest artsrike delene er det best om det ikkje blir hogge, noko det heller ikkje har vore gjort i nyare tid.

71 Tresfjorden: Rypdalssetra (naturbeitemark)

Lokalitetsnummer:	1535-10071
Kartblad:	1219 I Stranda
UTM (EUREF 89):	MQ 042 288
Høgd over havet:	460 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Naturbeitemark
Prioritet:	C (lokalt viktig)
Mulege truslar:	opphøyr av hevd, attgroing
Undersøkt/kjelder:	avstandsbetrakta m. kikkert 28.08.2002, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Seterområde (kalla Bortigardssetra på økonomisk kart) oppå ein fjellkam vest for Øvstedal i Tresfjorden. Lokaliteten er ikkje oppsøkt, berre avstandsbetrakta med kikkert. Lokaliteten er i attgroing.

Vegetasjon: Sølvbunkeeng (G3) dominerer, overgangar mot frisk fattigeng og fattigmyr/fukteng, attgroing med einer og bregner i deler av lokaliteten.

Kulturpåverknad: Truleg svak beiting. To seterhus.

Artsfunn: Det er ikkje gjort registreringar av artar.

Verdsetting: Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det er ei typisk naturbeitemark for regionen, ut frå struktur og avstandsintrykk truleg med eit relativt ordinært artsutval.

Skjøtsel og omsyn

Lokaliteten bør beitast. Ein kan vurdera å rydda oppslag av einer.

72 Tresfjordfjellet: Dalsbotnen (rik fjellvegetasjon)

Lokalitetsnummer:	1535-10072
Kartblad:	1219 I Stranda
UTM (EUREF 89):	MQ 05 26
Høgde over havet:	ca. 450-700 m
Hovudnaturtype:	Fjell
Naturtype:	Kalkrike område i fjellet
Prioritet:	C (lokalt viktig)
Mulege truslar:	Ingen kjende
Undersøkt/kjelder:	1965, R. Nordhagen (Nordhagen 1976)

Områdeskildring

Generelt: Sør for Dalsvatnet støytte botanikaren Rolf Nordhagen på eit bergartsskifte med tilhøyrande endringar i floraen, truleg i det området som på økonomisk kart heiter Snøbreslettå eller Rolfsbotnkleiva. Avgrensinga er svært grov.

Vegetasjon: I høgdeområdet 500-700 m o.h. førekjem rik fjellvegetasjon, men nærare detaljar om vegetasjonen er ikkje kjende.

Kulturpåverknad: Liten.

Artsfunn: Nordhagen (1976) nemner: gullmyrkelegg, rukkevier, raudsildre, bleikvier, blankstorr, fjellfrøstjerne, fjellsmelle, svarttopp og fjelltistel.

Verdsetting: Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det er dårleg utvikla rik fjellvegetasjon, som truleg ikkje tilfredsstillar kriteria til B (viktig) i DN (1999a).

Skjøtsel og omsyn

Ingen særskilte. Ein går ut frå at fysiske inngrep er lite aktuelle.

73 Tresfjordfjellet: Dalskleiva (rik fjellvegetasjon)

Lokalitetsnummer:	1535-10073
Kartblad:	1219 I Stranda
UTM (EUREF 89):	MQ 06 26
Høgde over havet:	ca. 550-650 m
Hovudnaturtype:	Fjell
Naturtype:	Kalkrike område i fjellet
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Ingen kjende
Undersøkt/kjelder:	Nordhagen (1976)

Områdeskildring

Generelt: Like nord for fjellkammen ved kommunegrensa mot Stordal støytte botanikaren Rolf Nordhagen på eit bergartsskifte med tilhøyrande endringar i floraen. Avgrensinga er svært grov.

Vegetasjon: I høgdeområdet 600-650 m o.h., like under fjellkammen, førekom rik fjellvegetasjon, m. a. reinrosehei (R3, Fremstad 1997).

Kulturpåverknad: Generelt liten, men ein sti går gjennom området, ein gammal ferdsleveg mellom indre Sunnmøre og Romsdal.

Artsfunn: Nordhagen (1976) nemner: sotstorr, reinrose, gullmyrkelegg, rukkevier, flekkmure, raudsildre og snøbakkestjerne. Elles vart det notert heistorr (oseanisk art) under oppstigninga.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit visst artutval av krevande fjellplanter, med reinrose som viktig indikator.

Skjøtsel og omsyn

Ingen særskilte.

74 Daugstad: Liafossen (fossesprøytsone)

Lokalitetsnummer: 1535-10074
Kartblad: 1220 II Vestnes
UTM (EUREF 89): MQ 066 370
Høgd over havet: 160-200 m
Hovudnaturtype: Ferskvatn
Naturtype: Fossesprøytsone
Prioritet: C (lokalt viktig)
Mulege truslar: ingen kjente
Undersøkt/kjelder: 23.07.1997 (ÅS & JBJ) (Jordal 1998)

Områdeskildring

Generelt: Området nedanfor Liafossen (Sakselifossen) har mindre opne areal med fossegåvpåverka enger som også blir beita.

Vegetasjon: Vegetasjonen er dels beita gråor-heggeskog (C3a/C3d), dels bergvegg, basefattig utforming (F2b) og dels fosseenger (Q4).

Kulturpåverknad: Beiting.

Artsfunn: Artsinventaret er her noko av det same som på setervollane, men markjordbær, bekkestjerneblom og storfrytle vart noterte i tillegg til artane på Sakselia. Her kjem det i tillegg inn ei rekkje lauvskogartar som sumphaukeskjegg, trollurt, krattmjølke, vrangdå, sløkje, gaukesyre, og i berget vaks rosenrot, fjelltistel og fjellsyre.

Verdsetting: Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det er eit middels utvikla fossesprøytsamfunn utan spesielle registrerte artar.

Skjøtsel og omsyn

Ingen spesielle.

75 Daugstad: Sakselia (slåtteeng)

Lokalitetsnummer: 1535-10075
Kartblad: 1220 II Vestnes
UTM (EUREF 89): MQ 068 372
Høgd over havet: 200-240 m
Hovudnaturtype: Kulturlandskap
Naturtype: Slåtteeng/naturbeitemark
Prioritet: A (svært viktig)
Mulege truslar: opphøyr av hevd, attgroing
Undersøkt/kjelder: 23.07.1997 (ÅS & JBJ), 19.09.1997 (JBJ) (Jordal 1998), 11.07.2001, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Her er det ein del overflatedyrka mark med fleire hus (ein gong fast busetnad) i eit område som elles består av lauvskog med m. a. mykje bjørk. Det er to opne beitevollar som heng saman med eit smalt ope område nokre titals meter gjennom skogen.

Vegetasjon: Setervollane består mest av frisk fattigeng (G4) med ein del engkvein og gulaks, det finst og sølvbunkeeng (G3).

Kulturpåverknad: Området blir beita av sau og dels storfe, og i 1997 var det meste i tillegg slått og gras set fjerna. Etter denne tid er området ikkje slått (kjelde: Geir Sætre). I 2001 var området beita av storfe. Nedanfor setrene er det eit granplantefelt.

Artsfunn: Mest interessant blant plantene var funn av solblom, med 25-30 blomstrande rosettar spreidd på 2-3 stader i 2001. Det er registrert heile 96 planteartar, av desse 28 artar av naturengplanter (mest av lokalitetane i denne rapporten, og ein av dei mest artsrike i fylket), m. a. aurikkelsvæve, blåklokke, brudespore, harerug, heiblåfjør, hårsvæve, jonsokkoll, kjertelaugnetrøst, knegras, kvitmaure, kystmaure, loppestorr, mykje prestekrage, småengkall, smalkjempe og storblåfjør. Vidare finst fuktig fattigeng med t. d. bleikstorr, blåknapp, hanekam, kornstorr, myrfiol, myrmaure, myrmjølke, myrtistel, ryllsiv, skogsnelle, slåttestorr, stjernestorr, tettegras og trådsiv. I det heile er dette floristisk sett ein svært artsrik lokalitet til å vera på kalkfattig grunn. Av beitemarkssopp vart det 19.09.97 funne 12 artar. Først må nemnast raudlistearten fiolett greinkøllesopp (*Clavaria zollingeri*) (V=sårbar). Derneft dei hensynskrevande artane lillabrun raudskivesopp (*Entoloma porphyrophaeum*) og gulfovokssopp (*Hygrocybe flavipes*). Rombespora raudskivesopp (*Entoloma rhombisporum*) er også ein sjeldan beitemarkssopp som ikkje står på raudlista.

Verdsetting: Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er eit artsrikt kulturlandskap i god hevd, og med ein sårbar og to hensynskrevande soppartar og ein raudlista planteart påvist.

Skjøtsel og omsyn

Dette er ein av dei mest verdfulle kulturlandskaplokalitetane i Vestnes av dei som er undersøkte til no, og det er svært viktig at noverande skjøtsel kan halda fram.

76 Daugstad: Sesseetra

Lokalitetsnummer: 1535-10076
Kartblad: 1220 II Vestnes
UTM (EUREF 89): MQ 083 371
Høgde over havet: 390 m
Hovudnaturtype: Kulturlandskap
Naturtype: Naturbeitemark
Prioritet: B (viktig)
Mulege truslar: opphøyr av hevd, attgroing
Undersøkt/kjelder: 11.07.2001, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten er eit seterområde i skogbandet aust for Daugstad i Tresfjorden. Området er myrlendt og oseanisk prega. Det er 7-8 hytter/sel på vollen, som er delvis omgjeven av bjørkeskog.

Vegetasjon: Ein mosaikk av frisk fattigeng (G4) med kystmaure, fuktig fattigeng med finnskjegg (G1), fattigmyr (K3).

Kulturpåverknad: Det vart sett spor etter storfe ved besøket, truleg også streifbeiting av sau.

Artsfunn: Det vart notert 63 planteartar, m. a. amerikamjølke (innført art), bekkestjerneblom, fjellaugnetrøst, fjelltimotei, harerug, heiblåfjør, kjertelaugnetrøst, kystmaure, prestekrage og småengkall. Det vart også notert buskskvett, gjerdesmett og frosk.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei naturbeitemark med 13 naturengplanter og truleg potensiale for beitemarkssopp.

Skjøtsel og omsyn

Det er ønskeleg med fortsatt beiting.

77 Daugstad: Daugstadsetrene

Lokalitetsnummer: 1535-10077
Kartblad: 1320 III Åndalsnes
UTM (EUREF 89): MQ 089 376
Høgd over havet: 460 m
Hovudnaturtype: Kulturlandskap
Naturtype: Naturbeitemark
Prioritet: B (viktig)
Mulege truslar: opphøyr av hevd, attgroing
Undersøkt/kjelder: 11.07.2001, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Større seterområde omgjeve av myr og fjellhei aust for Daugstad (og aust for Sessetrene) i Tresfjorden. Området er myrlendt og oseanisk prega.

Vegetasjon: Frisk fattigeng (G4) med kystmaure, fuktig fattigeng med finnskjegg (G1), litt sølvbunkeeng (G3), fattigmyr (K3), litt blåbærbjørkeskog (A4).

Kulturpåverknad: Ved besøket vart området beita av sau og hest.

Artsfunn: Det vart notert 56 planteartar, m. a. aurikkelsvæve, bekkestjerneblom, fjellaugnetrøst, fjelltimotei, harerug, heiblåfjør, kjertelaugnetrøst og kystmaure.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei naturbeitemark med 13 naturengplanter og truleg potensiale for beitemarkssopp.

Skjøtsel og omsyn

Det er ønskeleg med fortsatt beiting.

78 Villa: Villasetra (naturbeitemark)

Lokalitetsnummer: 1535-10078
Kartblad: 1220 II Vestnes
UTM (EUREF 89): MQ 063 398
Høgd over havet: 280 m
Hovudnaturtype: Kulturlandskap
Naturtype: Naturbeitemark
Prioritet: C (lokalt viktig)
Mulege truslar: opphøyr av hevd, attgroing
Undersøkt/kjelder: 23.07.1997 (ÅS & JBJ) (Jordal 1998)

Områdeskildring

Generelt: Villasetra ligg noko sør for Skjeggstadsetrane.

Vegetasjon: Vegetasjonen er triviell, med noko sølvbunkeeng og noko frisk, fattigeng med kystmaure, gulaks og engkvein. Vidare fanst heiprega vegetasjon med blåbær, bjønnekam og røsslyng, og noko nitrofil vegetasjon med bringebær, engrapp, krypsoleie, kvassså og stornesle nær husa.

Kulturpåverknad: Setra er omkransa av granfelt som går tett inntil frå fleire kantar, vidare kjem det opp furu og lauvtrebusker. Området var i 1997 beita av storfe.

Artsfunn: Området er relativt artsfattig, med 12 naturengplanter, mellom desse blåklokke, harerug, kystmaure, heiblåfjør og smalkjempe.

Verdsetting: Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at lokaliteten truleg ikkje tilfredsstillar kriteria til B (viktig) i DN (1999a).

Skjøtsel og omsyn

Lokaliteten er liten og innklemmt mellom plantefelt, i tillegg er den i attgroing. Beiting er i alle høve positivt for å oppretthalda bestandar av de mest interessante kulturbetinga artane, som heiblåfjør og kystmaure.

79 Skjeggstad: Olasetra (Øvste Skjeggstadsetra) (naturbeitemark)

Lokalitetsnummer: 1535-10079
Kartblad: 1220 II Vestnes
UTM (EUREF 89): MQ 063 403
Høgd over havet: 390 m
Hovudnaturtype: Kulturlandskap
Naturtype: Naturbeitemark
Prioritet: C (lokalt viktig)
Mulege truslar: opphøyr av hevd, attgroing
Undersøkt/kjelder: 23.07.1997 (ÅS & JBJ) (Jordal 1998)

Områdeskildring

Generelt: Setrene ligg noko høgre enn (Nedste) Skjeggstadsetrene, men har mykje av den same vegetasjonen og floraen.

Vegetasjon: Det var noko sølvbunkeeng og noko frisk fattigeng med engkvein, gulaks og finnskjegg.

Kulturpåverknad: Området er beita av sau.

Artsfunn: Det vart registrert 9 naturengplanter, dei mest interessante var heiblåfjør, kystmaure og aurikkelsvæve.

Verdsetting: Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at lokaliteten truleg ikkje tilfredsstillar kriteria til B (viktig) i DN (1999a).

Skjøtsel og omsyn

Det største trugsålet mot lokalitetar som denne er opphøyr av beitebruken. Naturtypen er generelt i attgroing, og beiting er i alle høve positivt for å oppretthalda bestandar av beitebetinga artar som t. d. heiblåfjør, kystmaure og aurikkelsvæve.

80 Skjeggstad: (Nedste) Skjeggstadsetra (naturbeitemark)

Lokalitetsnummer: 1535-10080
Kartblad: 1220 II Vestnes
UTM (EUREF 89): MQ 061 402
Høgd over havet: 310 m
Hovudnaturtype: Kulturlandskap
Naturtype: Naturbeitemark
Prioritet: C (lokalt viktig)
Mulege truslar: opphøyr av hevd, attgroing
Undersøkt/kjelder: 23.07.1997 (ÅS & JBJ) (Jordal 1998)

Områdeskildring

Generelt: Seterområdet er omlag 2-3 dekar, omgjeve av bjørkeskog.

Vegetasjon: Vegetasjonen består av frisk fattigeng (G4) og noko blåbærlyng med ein del einstape (attgroing).

Kulturpåverknad: Området var i 1997 beita av hest, storfe og sau.

Artsfunn: Det vart funne 11 naturengplanter, m. a. blåklokke, harerug, kjertelaugnetrøst, knegras, kornstorr og kystmaure. Kystmaure er ei kystplante som det finst ein god del av i fjorden, men berre på moserik, godt beita grasmark i ope kulturlandskap.

Verdsetting: Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at lokaliteten truleg ikkje tilfredsstillar kriteria til B (viktig) i DN (1999a).

Skjøtsel og omsyn

Det er registrert relativt små biologiske verdiar. Det største trugsmålet mot lokalitetar som denne er opphøyr av beitebruken. Naturtypen er generelt i attgroing, og beiting er i alle høve positivt for å oppretthalda bestandar av beitebetinga artar som t. d. kystmaure.

81 Skjeggstad: under Helsetnakken (skog)

Lokalitetsnummer:	1535-10081
Kartblad:	1220 II Vestnes
UTM (EUREF 89):	MQ 0540-0640
Høgde over havet:	200-500 m
Hovudnaturtype:	Skog, berg/rasmark
Naturtype:	Kalkskog (lågurtfurskog), rik edellauvskog, gammel lauvskog, sørvendt berg/rasmark
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	treslagskifte, spreing av innførte artar (hemlock)
Undersøkt/kjelder:	23.07.1997 (ÅS & JBJ), 13.11.1997 (GGa) (Jordal 1998)

Områdeskildring

Generelt: Skogpartiet under, på sørsida og på oversida av den store ura under Helsetnakken ned mot Skjeggstad vart undersøkt sørover til Skjeggstadsetrene. Nærast ura på sørsida var det ei brei stripe som hittil ikkje har vorte planta til med gran og som inntil vidare berre i liten grad har vorte invadert av sjølvforynga platanlønn.

Vegetasjon: Skogen her bestod delvis av lågurtfurskog rik på hassel. Nær Skjeggstadsetrene var det og noko blåbærskog. Trea var ikkje uvanleg gamle, men i øvre deler finst ein del eldre tre og litt daudt trevirke. I overkant av ura var det berre usamanhengande lauvskog i veksling med skredfar. Til dels var det dominans av høgstaudevegetasjon her.

Kulturpåverknad: Øvre deler av området er lite kulturpåverka. I nedre deler noko meir, m.a. granplantingar inntil lokaliteten ein stad.

Artsfunn: Av karplanter forekom myske vanleg og det vart gjort eit par funn av taggbregne. Andre artar som kan nemnast var klokkevintergrøn (mellom blåbærlyng nær Olasetra, den øvste av setrene i området), kratthumleblom, lundrapp, myskegras og skogsvinerot. Av lav forekom lungenever ganske vanleg, medan vanleg blåfiltlav, kystfiltlav og kystårenever var spreidd. Skrubbenever, grynfiltilav, puteglye, brun blæreglye og skorpelavane *Megalaria grossa* (som veks på osp) og *Buellia disciformis* (vaks på hassel, bestemt av H. Holien) var meir sparsame. Det fanst også litt av vrenge-artene (gryn-, glatt- og lodnevrenge). Karplantefloraen i overkant av ura verka ikkje spesielt rik, men skogvikke førekom nokså vanleg. I tillegg var det spreidde tre og ein liten bestand av alm. Lavfloraen var stort sett den same som på sørsida av ura, men noko mindre rik. På ei alm vart den noko kravfulle mosen skjermose (*Apometzgeria pubescens*) funnen. Litt nord i ura gjekk det ned enkelte skogparti mot den meir samanhengande skogen under. Her var det m.a. ei stripe med dominans av osp, til dels ganske grov og gammal. Her vart det gjort funn av kystmaure og av storpora ospekjuke (*Oxyporus corticola*) (ikkje sjeldan) på eit ospelæger. I tillegg vart grønspeitt høyrte her og dette bør være en høveleg leveplass for fleire spetteartar.

Verdsetting: Generelt utgjør utvilsamt desse skogpartia under Helsetnakken eit biologisk rikt og noko avvikande område for Vestnes. Både dei hasselrike furuskogspartia og den lauvskogsdominerte delen i og heilt inntil ura har derfor klår biologisk verdi, sjølv om det berre vart funne nokre få kravfulle indikatorarter her. Det er likevel eit visst potensiale for fleire slike artar, og fleire besøk vil opplagt auke talet på interessante artar. Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit variert skogområde med mange kvalitetar, men utan raudlisteartar.

Skjøtsel og omsyn

Både den hasselrike furuskogen og dei varmekjære lauvskogsområda nær urene har biologiske kvalitetar som gjer det ønskjeleg å la skogen stå utan å bli hogd. I skogbrukssamanheng er nok dei urete lauvskogane utan særleg verdi, medan furuskogen kanskje har større økonomisk interesse, sjølv om han er bratt og ligg relativt høgt.

82 Vikesetra (naturbeitemark)

Lokalitetsnummer: 1535-10082
Kartblad: 1220 II Vestnes
UTM (EUREF 89): MQ 064 431
Høgde over havet: 355 m
Hovudnaturtype: Kulturlandskap
Naturtype: Naturbeitemark
Prioritet: C (lokalt viktig)
Mulege truslar: opphøyr av hevd, attgroing
Undersøkt/kjelder: 04.09.2001, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Setervollen ligg i ei slakk nordvesthelling, omgjeven av bjørkeskog.

Vegetasjon: Vegetasjonen består av frisk fattigeng (G4) og sølvbunkeeng (G3) med myrtistel.

Kulturpåverknad: Området var i 2001 beita av hest og sau. Steingjerde nedst og mot nordaust. Ei gammel og to nyare hytter.

Artsfunn: Det vart funne m. a. aurikkelsvæve, blåkoll, bråtestorr, geitsvingel, harerug, kornstorr, loppestorr og lækjeveronika. Det vart berre funne vanlege artar av grasmarkssopp.

Verdsetting: Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at lokaliteten truleg ikkje tilfredsstillar kriteria til B (viktig) i DN (1999a).

Skjøtsel og omsyn

Det er registrert relativt små biologiske verdjar. Det største trugsmålet mot lokalitetar som denne er opphøyr av beitebruken. Naturtypen er generelt i attgroing, og beiting er i alle høve positivt for å oppretthalda bestandar av beitebetinga artar.

RAUDLISTEARTAR OG ANSVARSARTAR

Generelt

Med raudlisteartar meinest her artar som er oppført på den nasjonale raudlista (DN 1999b). Denne byggjer på eit sett av underlagsmateriale og fagrapportar, m. a. Frisvoll & Blom (1997) (mosar), Tønsberg m. fl. (1996)(lav), Bendiksen m. fl. (1998)(sopp) og Myklebust (1996)(fugl). Funn av raudlista planter, mosar, kransalgar, lav, sopp og sommarfugl er samanstillt for heile Møre og Romsdal pr. 16.03.2003 av Jordal & Gaarder i ein database på Internett (www.fm-mr.stat.no).

Følgjande kategoriar er nytta i raudlistene:

Ex	utdøydd
E	direkte truga
V	sårbar
R	sjeldan
DC	omsynskrevande
DM	bør overvakast
K	kategori ikkje fastsett (gjeld skorpelav)

For mange organismegrupper har ein ikkje oversikt over om det er kjent funn av raudlisteartar frå Vestnes. Dette gjeld t. d. dei fleste grupper av virvellause dyr, amfibiar, krypdyr. Det er heller ikkje kjent raudlista kransalgar. Med større innsats i felt ville nok mange fleire slike funn bli gjort.

Med *ansvarsartar* meinest artar der Noreg har eit særleg ansvar for å ta vare på bestandane, fordi vi har ein vesentleg del av totalbestandane samanlikna med andre land. Dette kan vera litt ulikt definert for dei ulike organismegruppene.

Funnoversikt

Tabell 7. Oversikt over funn av raudlisteartar i Vestnes av gruppene lav (L), mosar (M), planter (P), og sopp (S). Virveldyr går fram av kommunen sitt viltkart. Forkortingar for raudlistekategoriar er vist på førre sida. Det er gjort 69 funn inklusive gjenfunn. Forkortingar for observatørar: DH=Dag Holtan, GGa = Geir Gaarder, JBJ=John Bjarne Jordal, PL=Perry Gunnar Larsen.

Gr	Latinsk namn	Nynorsk namn	Kat.	Lokalitet	Dato	Finnar	UTM
L	<i>Fuscopannaria ignobilis</i>	skorpéfiltlav	DC	Gjelsten: Sollia	29.08.2002	BJJ	LQ 8633 4630
L	<i>Fuscopannaria ignobilis</i>	skorpéfiltlav	DC	Sollia	25.02.2003	DH	LQ 866 477
M	<i>Calypogeia suecica</i>	roteflak	DM	austsida av Nakken	04.10.2002	BJJ	MQ 0347 3794
M	<i>Calypogeia suecica</i>	roteflak	DM	nord for Barlindtjønna	28.08.2002	BJJ	LQ 982 475
M	<i>Scapania degenii</i>	ekorntvibladmose	DM	Kjellsbotn: S f. elven til lien	24.07.1931	Jørgensen, E.	MQ 01-02, 38
M	<i>Scapania degenii</i>	ekorntvibladmose	DM	nær Kjellsbotn	24.07.1931	Jørgensen, E.	MQ 01-02, 38-39
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Bakken	23.07.1951	Torill Weidemann	ukjent stadnamn
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Brastad	Ca 1970	A. Skogen	MQ 02 40-41
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Daugstad	Ca 1970	A. Skogen	MQ 04-05 38-39
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Kjersemdalen, ved løe	1960-talet	J. Kristiansen	MQ 00 30
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Skorgedalen: Ellingsgarden	06.07.2001	BJJ	LQ 971 384
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Skorgedalen: Ellingsgarden	06.08.2000	GGa	LQ 974 386
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Skorgedalen: Fremstdalen	10.07.2001	BJJ	LQ 9618 3804
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Skorgedalen: Fremstedal, nedafor vegen	06.07.2001	BJJ	LQ 961 378
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Skorgedalen: Helland	06.07.2001	BJJ	LQ 961 380
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Skorgedalen: Kjellbotn	11.07.2001	BJJ	MQ 015 393
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Skorgedalen: mellom Fremstedal og Fjellstova, bakkemyr ved vegen	27.07.1971	K. I. Flatberg	LQ 95, 36-37
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Skorgedalen: N for Helland (Fremstdalen)	06.07.2001	BJJ	LQ 962 380
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Skorgedalen: V for Ellingsgarden	06.07.2001	BJJ	LQ 967-965 381-383
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Skorgedalen: V for Ellingsgarden	05.07.2001	BJJ	LQ 964 380
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Skorgedalen: V for Ellingsgarden	05.07.2001	BJJ	LQ 964 381
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Skorgedalen: V for Ellingsgarden	16.07.1985	S. Singasaas	LQ 96 38
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Skorgedalen: V for Ellingsgarden, ved løe	06.07.2001	BJJ	LQ 969 383
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Skorgedalen: V for Ellingsgarden, vegkant	26.06.2002	BJJ	LQ 9695 3820
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Skorgedalen: Ved Bakkesetra	26.08.2000	GGa	LQ 965 383
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Skorgedalen: Ved Bakkesetra	31.07.1996	GGa	LQ 965 383
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Skorgedalen: ved Skorgeneset, reinventert med neg. resultat 06.07.2001, JBJ	ca. 1970	Anny Gjerde	MQ 0275 3989
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Skorgedalen: vest for Ellingsgarden	10.07.2001	BJJ	LQ 9675 3822

Tabell 7 forts.

Gr	Latinsk namn	Nynorsk namn	Kat.	Lokalitet	Dato	Finnar	UTM
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Tomra	13.07.1971	E. Fremstad & A. Skogen	LQ 93 40
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Tomrefjord: Frostad	02.07.2002	BJJ	LQ 9272 4065
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Tomrefjord: Klingrå	30.06.2002	BJJ	LQ 9257 3972
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Tomrefjordfjellet: Jostølen	11.07.2001	BJJ	LQ 902 374
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Tomrefjordfjellet: Jostølen v. Svarteløkvatnet, sørvendt	27.07.1995	Birgit Alice Seljeflot	LQ 902 372
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Tomrefjordfjellet: Jostølen v. Svarteløkvatnet, sørvendt	25.10.1999	GGa	LQ 903 374
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Tresfjord: Rypdal (ikkje attfunnen 2002, truleg utgått, JBJ)	1980-talet	Knut Romestrand	MQ 048 302
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Tresfjord: Sørsylte	00.06.1960	J. Kristiansen	MQ 035 342
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Tresfjorden: Sakselia	11.07.2001	BJJ	MQ 068 372-373
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Ørskogfjellet: ved Måseliva	1973-1975	J. Kristiansen	LQ 95 33
P	<i>Dryopteris expansa</i> var. <i>willeana</i>	bruntelg	DM	Frostadsetra	19.07.1927	Magnus Frostad	LQ 91 40
P	<i>Leucorchis albida</i> ssp. <i>albida</i>	kvitkurle	DC	Skorgedalen: Bakkesetra	06.07.2001	BJJ	LQ 958 378
P	<i>Leucorchis albida</i> ssp. <i>albida</i>	kvitkurle	DC	Tomrefjordfjellet: Jostølen	11.07.2001	BJJ	LQ 902 374
P	<i>Leucorchis albida</i> ssp. <i>albida</i>	kvitkurle	DC	Vestnes Sæteren [Frostadsetra]	01.08.1926	M. Frostad	LQ 897 375
S	<i>Agaricus macrosporus</i>	kjempejampinjong	R	Haggarden v. Gjermundnes	16.09.2001	PL	MQ 078 445
S	<i>Camarophyllopsis schulzeri</i>	gulbrun narrevokssopp	DC	Løvika: Kriken	19.09.1997	BJJ	MQ 033 361
S	<i>Ceriporiopsis aneirina</i>	ospekjuke	DC	Sollia	25.02.2003	DH	LQ 869 478
S	<i>Clavaria zollingeri</i>	fiolett greinkøllesopp	V	Løvika: Kriken	19.09.1997	BJJ	MQ 033 361
S	<i>Clavaria zollingeri</i>	fiolett greinkøllesopp	V	Sakselia	19.09.1997	BJJ	MQ 068 372
S	<i>Entoloma ameides</i>	grå duftraudskivesopp	R	Feøya	25.09.1997	GGa & JBJ	MQ 027 460
S	<i>Entoloma atrocoeruleum</i>	-	DC	Feøya	25.09.1997	GGa & JBJ	MQ 027 460
S	<i>Entoloma atrocoeruleum</i>	-	DC	Løvika: Kriken	26.09.1997	GGa & JBJ	MQ 033 361
S	<i>Entoloma caeruleopolitum</i>	glasblå raudskivesopp	DC	Tomrefjord: Klingrå	04.10.2002	BJJ	LQ 9257 3972
S	<i>Entoloma caesiocinctum</i>	-	DC	Løvika: Kriken	19.09.1997	BJJ	MQ 033 361
S	<i>Entoloma exile</i>	-	DC	Løvika: Kriken	19.09.1997	BJJ	MQ 033 361

Tabell 7 forts.

Gr	Latinsk namn	Nynorsk namn	Kat.	Lokalitet	Dato	Finnar	UTM
S	<i>Entoloma porphyrophaeum</i>	lillabrun raudskivesopp	DC	Sakselia	19.09.1997	JBJ	MQ 068 372
S	<i>Hygrocybe flavipes</i>	gulfovokssopp	DC	Rekdalssætra	25.09.1998	GGa	LQ 855 457
S	<i>Hygrocybe flavipes</i>	gulfovokssopp	DC	Sakselia	19.09.1997	JBJ	MQ 068 372
S	<i>Hygrocybe flavipes</i>	gulfovokssopp	DC	Skorgedalen: øst for Bøsetra	11.09.1997	JBJ	MQ 015 388
S	<i>Hygrocybe fornicata</i>	musserongvokssopp	DC	Ellingsætersætra	25.09.1998	DH	LQ 571 222
S	<i>Hygrocybe fornicata</i>	musserongvokssopp	DC	Ellingsætersætra	25.09.1999	GGa	LQ 875 426
S	<i>Hygrocybe glutinipes</i>	limvokssopp	V	Løvika: Kriken	19.09.1997	JBJ	MQ 033 361
S	<i>Hygrocybe ingrata</i>	raudnande lutvokssopp	V	Løvika: Kriken	19.09.1997	JBJ	MQ 033 361
S	<i>Hygrocybe ingrata</i>	raudnande lutvokssopp	V	Rekdalssætra	25.09.1998	GGa	LQ 855 457
S	<i>Hygrocybe ingrata</i>	raudnande lutvokssopp	V	Skorgedalen: Kjellbotn	29.08.2001	JBJ	MQ 015 393
S	<i>Hygrocybe phaeococcinea</i>	svartdogga vokssopp	DC	Rekdalssætra	25.09.1998	GGa	LQ 855 457
S	<i>Phellodon melaleucus</i>	svartkvit sølvpigg	DC	Haggarden	22.09.2002	PL	MQ 065 446
S	<i>Russula azurea</i>	drueblå kremle	DC	Haggarden	22.09.2002	PL	MQ 065 446
S	<i>Russula azurea</i>	drueblå kremle	DC	Haggarden v. Gjermundnes	16.09.2001	PL	MQ 078 445
S	<i>Russula turci</i>	jodoformkremle	R	Haggarden v. Gjermundnes	16.09.2001	PL	MQ 078 445
S	<i>Stropharia albonitens</i>	kvit kragesopp	DC	Løvika: Kriken	26.09.1997	GGa & JBJ	MQ 033 361

Sopp

Det er kjent godt over 7000 soppartar i Norge, av desse står no 763 på raudlista (Bendiksen m. fl. 1998, DN 1999b). I Vestnes er det kjent 19 raudlista soppartar, av desse 3 sårbare artar (kategori V), 3 sjeldan (R) og 13 i kategori omsynskrevande (DC) (tabell 7). Dei fleste av desse er knytt til kulturlandskapet.

Lav

Raudlisteartar

Det er kjent ein raudlista lavart frå Vestnes, nemleg skorpefiltlav *Fuscopannaria ignobilis* (DC) fra gammel lauvskog i Sollia.

Ansvarsartar

Tabell 8. Ansvarsartar av lav (DN1999b) i Vestnes. Ansv. er ansvarskategori: AF=fennoskandisk ansvarsart, AE=europisk ansvarsart. Berre ein av artane står på raudlista.

	Latinsk namn	Norsk namn
AF	<i>Collema fasciculare</i>	puteglye
AF	<i>Collema subflaccidum</i>	stiftglye
AF	<i>Degelia plumbea</i>	vanleg blåfiltlav
AF	<i>Fuscopannaria ignobilis</i>	skorpefiltlav (DC)
AE	<i>Lobaria amplissima</i>	sølvnever
AE	<i>Lobaria virens</i>	kystnever
AF	<i>Pannaria conoplea</i>	grynfiltlav
AF	<i>Pannaria rubiginosa</i>	kystfiltlav
AF	<i>Peltigera britannica</i>	kystgrønnever
AF	<i>Platismatia norvegica</i>	skrukkelav

Desse ansvarsartane tilhøyrrer lungeneversamfunnet og er stort sett knytt til trestammar og berg i eit fuktig lokalklima.

Mose

Det er kjent godt over 1000 moseartar i Norge, av desse står no 313 på raudlista (DN 1999b). Tabell 7 viser at berre dei to artane roteflak *Calypogeia suecica* og ekorntvibladmose *Scapania degenii* er kjent frå Vestnes (begge i kategori "bør overvakast", DM). Roteflak er knytt til roten ved i eit fuktig lokalklima. Ekorntvibladmose er knytt til rikmyr og rike sig i berg.

Planter

Det er i Møre og Romsdal kjent 26 planteartar som står på raudlista. I Vestnes er det kjent 3 raudlista planteartar (2 DC og 1 DM). To av desse (solblom og kvitkurle) er knytt til kulturlandskapet. Den tredje (bruntelg) er knytt til fuktig lauvskog. Kvitkurle er i tillegg til å stå på raudlista også omfatta av Cites-konvensjonen.

Fugl

Raudlisteartar

Opplysningar om hekkestader for lom, rovfugl og ugler er ikkje offentlege, og vert ikkje tekne med her.

Smålom

Arten er oppført som DC (hensynskrevande) på raudlista. Arten har hekka minst to stader i Vestnes, men er forsvunnen i alle fall på den eine.

Storlom

Arten er oppført som DC (hensynskrevande) på raudlista. Arten har hekka i Vestnes.

Teist

Arten står som DM (observasjonstrengande) på raudlista. Hekking er påvist i Vestnes (Gjershaug m.fl. 1994), og dette dreier seg om Feøya, som alt er omfatta av privat freding som egg- og dunvær. Teisten er sårbar for forstyrring, men på Feøya er det ferdsleforbod i hekketida.

Åkerrikse

Arten er oppført i røddlista som direkte truga (E), truleg den mest truga arten som er observert i Vestnes. Ifølge Jensås (1988) er arten observert i kommunen i 1973 og 1987. Etter denne tid skal arten ha vore observert, m.a. vart det nemnt ein observasjon i Tresfjorden i eit innringingsprogram i NRK Møre og Romsdal 07.04.2000.

Hønehauk

Arten er oppført som sårbar (V) i raudlista. Arten har hekka i Vestnes, men er truleg på retur i fylket som følgje av hogst av gammelskog.

Havørn

Arten er oppført som DC (hensynskrevande) på raudlista. Arten hekkar i Vestnes.

Kongeørn

Arten er oppført som sjeldan (R) i raudlista. Arten hekkar i Vestnes.

Hubro

Arten er oppført som sårbar (V) i raudlista. Arten har hekka i Vestnes, men er truleg på retur i fylket av fleire grunnar.

Kvitryggspett

Arten er oppført som sårbar (V) i raudlista. Arten er ikkje funne hekkande i Vestnes ifølgje Gjershaug m.fl. 1994. I 1988 vart det i Skorgedalen gjort observasjon av eit par i hekketida (Stenberg 2000), og under feltarbeid 13.11.97 vart det observert eit individ (Jordal 1998). I 2003 vart arten observert i Sollia. Ut frå habitatet kan det reknast som sannsynleg at arten hekkar i den gamle lauvskogen i fleire stader i kommunen.

Dvergspett

Arten er oppført som DC (hensynskrevande) på raudlista. Dvergspett har sannsynlegvis hekka i Vestnes (Gjershaug m.fl. 1994). Konkrete lokalitetar er ikkje kjent. Gammal lauvskog er generelt viktig for arten.

Gråspett

Arten er oppført som DC (hensynskrevande) på raudlista. 1-2 individ vart observert ved Eidhammer, Tresfjord 17.8.1982 (G. Gaarder), noko som kan vera ein indikasjon på hekking i området. Gammal lauvskog er generelt viktig for arten.

Ansvarsartar

Følgjande norske ansvarsartar av fugl hekkar sikkert eller sannsynleg i Vestnes (AE=europesk ansvarsart, AF=nordiske ansvarsartar)(DN 1999b):

bergirisk	AE
fjellrype	AE
furukorsnebb	AF
havørn	AE, AF
raudstilk	AE
skjærpiplerke	AE
svartbak	AE
åkerrikse	AF

Pattedyr

Raudlisteartar

Oter

Arten står som DM (observasjonstrengande) på raudlista. Oteren har truleg ein god bestand langs kystlinja i kommunen, og det er kjent minst 8-10 yngleområde.

Piggsvin

Arten står som DM (observasjonstrengande) på raudlista.

Dvergflaggermus

Arten står som DM (observasjonstrengande) på raudlista. Dvergflaggermus vart i 2002 påvist på matleiting to stader i Tresfjorden (28.08.2002, Tore C. Michaelsen & JBJ), begge stader langs kantskog av gråor langs elv: ved idrettsbanen/Ridderkroa, og like nedanfor møtet mellom Dalelva og Dalselva. Ynglekoloniar av denne arten bør derfor finnast i Tresfjorden einkvan stad. Flaggermusene er generelt sårbare av mangel på gode yngleområde. Ofte er det snakk om hus, og som leigetakarar er dei ikkje alltid populære.

Ansvarsartar

Oter og *nise* er norske ansvarsartar av pattedyr med førekomst i Vestnes.

OPPSUMMERING OG TILRÅDINGAR

Naturtypar som er uvanlege/truga

Følgjande naturtypar må seiast å vera uvanlege i kommunen og distriktet elles, samstundes som dei er i tilbakegang på grunn av menneskelege aktivitetar:

- Brakkvassområde med rik strand- og undervassvegetasjon (Flatevågen med Straumen)
- Elveosar med større strandenger (Tresfjorden)
- Holmar med større sjøfuglkoloniar (Feøya)
- Naturbeitemarker og natureng med stor artsrikdom (Feøya, Kriken i Løvika, Sakselia)
- Større gråor/heggeskogar langs elver (Skorgedalen, Dalselva/Dalelva)
- Gammalskog/kystfuruskog (Sollia, rundt Leirvåg fjellet/Åsfjellet, Helsetnakken)
- Almeskog (Kjersemdalen, Rypdal, Helsetnakken, Bjermelandsnakken)
- Barlindforekomst (Langvassdalen, Sollia, Tomrefjordfjellet)
- Større samanhengande myrområde med få inngrep (eks. Måslia)
- Intakt låglandsmyr/høgmyr (Øverås-Furland-Sørås)
- Rikmyr (Ørskogfjellet, Skorgedalen, Kjersemdalen)

I slike område bør derfor omsynet til det biologiske mangfaldet prioriterast i alt planleggingsarbeid.

Raudlisteartar

Dei fleste raudlisteartane som er kjent i Vestnes er anten knytt til tradisjonelt kulturlandskap (beitemarkssopp, engplanter, åkerrikse) eller gammal skog (fleire fugleartar, sopp- og moseartar). Nokre fugleartar er også knytt til myr og våtmark. Ved å skjotta dei avgrensa lokalitetane som tilrådd, vil ein og ta vare på dei aller fleste kjente førekomstane av raudlisteartar. Den største utfordringa er kanskje kulturlandskapet, som no er i sterk attgroing mange stader. Det kan bli vanskeleg å bevare bestandane av solblom, kvitkurle og beitemarkssoppar i framtida. Det er og ei utfordring å spara gammelskogsområda på lang sikt.

Kunnskapsstatus

Etter at denne undersøkinga er fullført, er kunnskapen om verdifulle naturområde i Vestnes heva vesentleg. Likevel har feltarbeidet vore avgrensa av rammene i prosjektet, og mykje står att. Ei av utfordringane går ut på å få meir fullstendig oversikt over totalareal og kvalitet av dei ulike naturtypane. Dette er eit langsiktig arbeid. Dei viktigaste manglane går fram av tabellen nedanfor. Det er særleg gammal skog som er for dårleg kartlagt.

Tabell 9. Status for kartleggingsarbeidet i ulike naturtypar, inklusive kartlegging av sårbare viltartar.

Hovudnaturtype	Kunnskapsstatus	Vidare arbeid
Havstrand/kyst	Middels	Dokumentera marint mangfald betre. Dette gjeld m.a. i Flatevågen. Få meir systematiske data for fuglefaunaen.
Kulturlandskap	Middels	Dokumentera meir av kantområda mot skog ved gardane (restområde av slåtteenger og naturbeitemark). Dokumentera fleire av seterlandskapa (fleire er ikkje oppsøkt). Få betre oversikt over raudlisteartane (solblom, kvitkurle, beitemarkssopp)
Myr	Middels	Dokumentera meir av dei intakte låglandsmyrene. Finna fleire rikmyrområde (mest sannsynleg i Kjersem dalen og på Ørskogfjellet). Få betre oversikt over fuglefaunaen.
Skog	Dårleg/middels	Det er behov for betre dokumentasjon av dei eldre skogane, både gammal furuskog og gammal lauvskog i lågareliggjande strok som finst spreidd over heile kommunen. Særleg dei klimatisk fuktige/oseaniske områda Tomrefjord-Rekdal har truleg mange fleire verdifulle lauvskogsområde. Best er truleg status for edellauvskog. Det er ønskeleg å få betre oversikt over raudlisteartar av m.a. kryptogamar og fugl.
Ferskvatn	Middels	Det er særleg aktuelt å få betre oversikt over fuglefaunaen.
Berg/rasmark	Dårleg	Berg og rasmarker er lite truga av fysiske inngrep og har ikkje vore prioriterte. Det kan finnast interessant flora og fuglefauna mange stader.
Fjell	Dårleg	Fjellområda er lite truga av fysiske inngrep og har ikkje vore prioriterte. Det finst truleg interessant flora spreidd i fjellområda.

Elles er kunnskapen om mange av organismegruppene svært dårleg. Dette gjeld m. a. mosar, sopp og virvellause dyr. Denne kunnskapen bør betrast i framtida.

Utfordringar i lokalforvaltninga

Det er eit håp at denne rapporten blir brukt i den lokale naturforvaltninga. Utfordringane knyter seg m. a. til følgjande punkt:

- informasjon om temaet internt i kommunen og eksternt i forhold til innbyggjarane, inklusive haldningsskapande arbeid
- rutinar for planlegging og saksframlegging som sikrar at innhaldet i rapporten vert brukt som beslutningsgrunnlag (database/kart bør vera operativt i kommunen sitt datasystem)
- innarbeiding av innhaldet i kommunens framtidige planverk
- innarbeiding av innhaldet i private arealbruksplanar (jordbruk, skogbruk)
- supplerings av resultatane i samsvar med tabell 9 om kunnskapsstatus ovanfor

LITTERATUR

Litteratur som berører Vestnes

Lista nedanfor er eit resultat av søk på kommunenamnet "Vestnes" i litteraturlitbasen for naturen i Møre og Romsdal (Jordal & Gaarder 2002), noko som gav 348 treff. Dette er dermed ei liste over litteratur som omhandlar eit eller anna forhold som har med naturen i Vestnes å gjera. Berre ein del av titlane er siterte i rapporten.

- Anonym, 1856: Om myrdyrking og anden nyrydning efter de erfaringer, som foretagendet paa Furland (Vestnæsmyren) har levert med hensyn til oberstltn. F. V. Eckensteens myr og frimarksbetenkning. Trondhjem.
- Aune, B. 1993: Årstider og vekstsesong 1:7 mill. Nasjonalatlas for Norge, kartblad 3.1.7. Statens kartverk.
- Aune, B. 1993: Månedstemperatur 1:7 mill. Nasjonalatlas for Norge, kartblad 3.1.6. Statens kartverk.
- Aune, E. I., 1969: Vegetasjon og flora i Hemne og Snillfjord, Sør-Trøndelag. Blyttia 27:194-202.
- Austigard, B., 1980: Ore som nyttevekst. Ei undersøking frå Romsdal. Romsdalsmuseet Årbok 1901: 29-40.
- Austigard, B., 1981: Utløer og høystakkar i Romsdal. Romsdalsmuseets Årbok 1981:22-47.
- Austigard, B., 1998: Østers på Moldeholmene. Romsdalsmuseet Årbok 1998: 158-167.
- Berg, R. Y., 1963: Disjunksjoner i Norges fjellflora og de teorier som er framsatt til forklaring av dem. Blyttia 21:133-177.
- Berge, D. & Molvær, J., 2000: Forslag til fremtidig organisering av regional vannovervåking i Møre og Romsdal. NIVA-rapport O-99208, E-20480, 30 s.
- Bevanger, K., 1993: Grevlingens status i Norge 1992. NINA Oppdragsmelding 197: 1-23.
- Bevanger, K. & Ålbu, Ø., 1986: Minken *Mustela vison* i Norge. Økoforsk utredning 1986:6: 1-73.
- Bevanger, K. & Ålbu, Ø., 1987: Distributional history and population development of the feral mink *Mustela vison* Schreber, 1777 in Norway. Meddelelser fra norsk viltforskning 3. serie nr. 18. 22 s.
- Beyer, I. & Jordal, J. B. 1995: Nasjonal registrering av verdfulle kulturlandskap. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernadv. rapport nr. 15-1995. 45 s.
- Beyer, M. & Ålbu, Ø. 1984: Haukugleinvasjonen 1983/84. Rallus 14: 82-85.
- Bjelland, T., 2001: Comparative studies of the distribution and ecology of some oceanic species in the genus *Leptogium* (Lecanorales, Ascomycotina) in Norway. Nova Hedwigia 72: 1-44.
- Bjørnbæk, G. 1993: Snø 1:7 mill. Nasjonalatlas for Norge, kartblad 3.1.4. Statens kartverk.
- Bjørlykke, H., 1940: Utsyn over Norges jord og jordsmonn. Med oversiktskarter av jordbunnsforholdene i Norge i to blader: Sør-Norge og Nord-Norge. 1:2 000 000. NGU skrifter nr. 156.
- Blikra, L. H. & Nesje, A., 1991: International association of sedimentologists 12th regional meeting, Bergen 1991. Quaternary glaciofluvial and glaciomarine deposits and post-glacial sedimentation related to steep mountain slopes and fjord margins, western Norway. Excursion guide 7.-11. june 1991. Universitetet i Bergen.
- Blytt, A., 1874: Norges Flora eller Beskrivelser over de i Norge vildtvoxende Karplanter tilligemed Angivelser af de geografiske Forholde, under hvilke de forekomme. 2. s. 387-855. Christiania.
- Blytt, A., 1876: Norges Flora eller Beskrivelser over de i Norge vildtvoxende Karplanter tilligemed Angivelser af de geografiske Forholde, under hvilke de forekomme. 3. s. 857-1348. Christiania.
- Blytt, M. N., 1861: Norges Flora eller Beskrivelser over de i Norge vildtvoxende Karplanter tilligemed Angivelser af de geografiske Forholde, under hvilke de forekomme. 1. Christiania. 386 s.
- Brettum, P., 1995: Vurdering av vannkvalitet i Solnørvassdraget 1994. Norsk institutt for vannforskning, NIVA. O-94147. LNR 3207. 36 s.
- Brovold, I., 1901: Topografisk-historisk Beskrivelse over Vestnæs Prestegjeld. 327 s. Faksimileutg. Hatlehols trykkeri, Brattvåg, 1977. Originalutg.: Romsdals budstikkens trykkeri, 1901.
- Brun, P. F., 1982: Undersøkelse av Flatevågen i Vestnes kommune. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, notat.
- Brun, P. F., 1985: Program for overvåking av fjordar og vassdrag i Møre og Romsdal 1984-88. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernadvdelinga, rapport 1-1985. 124 s.
- Brun, P. F., 1986: Overvåking av fjordar og vassdrag i Møre og Romsdal 1983-85. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, rapport 7/86. 91 s.
- Brun, P. F., 1990: Prøvetaking i Solnørvassdraget. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, notat.
- Brun, P. F., 1992: Overvåking av fjordar og vassdrag i Møre og Romsdal 1989-91. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, rapport 9/92. 92 s.
- Bruun, P. & Eide, O., 1999: Status for lakseførande vassdrag i Møre og Romsdal i 1998. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernadvdelinga, rapport 2-1999. 186 s.

- Bruun, P., Asplan Viak Sør A/S, Aspås, H., Eide, O. & Sættem, L. M., 1999: Kultiveringsplan for anadrom laksefisk og innlandsfisk i Møre og Romsdal. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernavdelinga, rapport 3-1999. 161 s.
- Bruun, P., Aspås, H. & Eide, O., 1995: Forslag til kultiveringsplan for ferskvannsfisk i Møre og Romsdal. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernavdelinga, rapport 8-1995. 156 s.
- Bruun, P., Aspås, H., Eide, O. & Sættem, L. M., 1999: Kultiveringsplan for ferskvannsfisk i Møre og Romsdal. Status og framtidig strategi. Høringsutkast, januar 1999. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernavdelinga, rapport 8-1995. 156 s.
- Bryhni, I., 1964: Fjellgrunnen i Romsdal. Molde og Romsdal turistforening 75 år (1889-1964). Molde. s. 28-39.
- Bryhni, I., 1977: Geologi med store kontraster. I: Møre og Romsdal, serien Bygd og by i Norge. s. 74-103.
- Braarud, T. & Klem, A., 1931: Hydrographical and chemical investigations in the coastal waters off Møre and in the Romsdalsfjord. Hvalrådets skrifter 1931:1-88.
- Bugge, C., 1934: Grønne Trondheimsskifer på øyene ved Molde. Norges geologiske tidsskrift XIV:167-175.
- Bugge-Høyer, R., 1926: Vernskogen i Møre. Tidsskr. skogbr. 34:558-564.
- Bundli, N., 1952: Forekomstene av barlind (*Taxus baccata*) i de indre østlandsbygdene. Hovedoppgave ved NLH. 69 s. Upubl.
- Bøe, R., 1987: Refleksjonsseismisk kartlegging i Midfjorden og Tomrefjorden, Møre og Romsdal. Norges Geologiske Undersøkelse, rapport 87.014.
- Børset A., Lucassen, U. & Strøm, A. M. 1990: Spørreundersøkelse blant jegere i Møre og Romsdal. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, miljøvernavdelinga. Rapport nr. 8-1990. 64 s. + vedlegg.
- Børset, A., 1995: Forvaltning av freda rovvilt i Møre og Romsdal 1991-94. Forvaltningstiltak, bestandsregistrering, førebyggjande tiltak, skadedokumentasjon og erstatningar. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernavdelinga, rapport nr. 10/1995. 45 s. + vedlegg.
- Børset, A., Lucassen, U. & Strøm, A. M., 1990: Spissbukkjakt. En forsøksordning med jakt på spissbuk av hjort, 1987 og 1988. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernavdelinga, rapport 4-1990. 10 s. + vedlegg.
- Coppins, B. J. & Tønsberg, T., 1988: *Lecidea roseotincta*, a new lichen species from Norway. Nord. J. Bot. 8:415-418.
- Dahl, B., 1892: Molde og Romsdalen. En reisehåndbok udg. af Molde og Romsdals turistforening. Kristiania. 1-319, kart.
- Dahl, E., Elven, R., Moen, A. & Skogen, A., 1986: Vegetasjonsregionkart over Norge 1: 1 500 000. Nasjonalatlas for Norge, Hovedtema 4: Vegetasjon og dyreliv, kartblad 4.1.1. Statens Kartverk.
- Deinboll, P. V., 1846: Om Jorddyrkningen i Romsdal Fogderie. Oeconomiske Samlinger. Udgivne af Romsdals Amts Landhuusholdnings-Selskab, no 21. s. 161-167.
- Deinboll, P. W., 1850: Om Vestnæsmyren i Romsdalen. Oeconomiske samlinger, tredje Aargang No 23.
- Det norske meteorologiske institutt, 1993: Nasjonalatlas for Norge. Hovedtema 3: Luft og vann. Kartblad 3.1.1. - 3.1.7. Statens kartverk.
- Direktoratet for naturforvaltning, 1994: Oversikt over norske vassdrag med anadrome laksefisk pr. 01.01.1994. Utskrift fra lakseregisteret.
- Direktoratet for naturforvaltning, 1995: Oversikt over norske vassdrag med laks, sjøaure og sjørøye pr. 1. Januar 1995. Utskrift fra lakseregisteret. DN-notat 1995-1.
- Direktoratet for naturforvaltning, 1996: Bestandssituasjonen i norske vassdrag med laks, sjøaure og sjørøye pr. 1. januar 1996. Utskrift fra lakseregistreret. 13 + 38 s.
- Dolmen, D., 1991: Ferskvannsbioologiske og hydrografiske undersøkelser av 20 vassdrag i Møre og Romsdal 1988 (Verneplan IV). Universitetet i Trondheim. Videnskapsmuseet. Rapport zool. ser. 1989-3.
- Eckblad, F.-E., 1962: Studies in the hypogaeal fungi of Norway II. Revision of the genus *Elaphomyces*. Nytt Mag. Bot. 9: 199-210.
- Eckblad, F.-E., 1981: Bidrag til Vestlandets soppflora II. Blyttia 39: 125-135.
- Eckblad, F.-E. & Gulden, G., 1974: Distribution of some Macromycetes in Norway. Norw. J. Bot. 21: 285-301.
- Eckblad, F.-E. & Torkelsen, A.-E., 1986: The genera *Rhytisma* and *Placuntium* in Norway. Agarica 7 (14): 60-73.
- Eide, O., 1987: Analyse av innsamlet materiale fra prøvafiske i Lauva, Vestnes kommune 1983. Prøvefiske 27.05.1983. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, notat, 3 s. + vedlegg.
- Eide, O., 1998: Undersøkelser vedr. lakseparasitten *Gyrodactylus salaris* i Møre og Romsdal 1997. Fangststatistikk for laks og aure 1970-1997. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernavdelinga, rapport 1-1998. 255 s.
- Eide, O., 2000: Status for lakseførande vassdrag i Møre og Romsdal i 1999. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernavdelinga, rapport 1-2000. 175 s.
- Eide, O., Bruun, P. & Haukebø, T., 1992: Undersøkelser vedrørende lakseparasitten *Gyrodactylus salaris* i Møre og Romsdal i 1988, 1989, 1990 og 1991. Del Romsdal. Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Rapport nr. 1-1992. 218 s.

- Eide, P. & Ottesen, J., 1997: Romsdal sett frå lufta. 93 s. + kart.
- Eikeland, J. I., 1993: Oppdrett av laks i opne merdanlegg - effektar av sikringssoner for laksefisk for å redusere skader på anadrom laksefisk. I: Sivertsen, A., Walsø, Ø. & Venås, W.: Fagseminar om lakselus og tiltaksstrategier. DN-notat 1993-3. 205 s.
- Ekker, M., 1990: Verneplan IV - vilt. Møre og Romsdal. Direktoratet for naturforvaltning. 11s.
- Elven, R. & Fremstad, E., 2000: Fremmede planter i Norge. Flerårige arter av slekten lupin *Lupinus* L. *Blyttia* 58:10-22.
- Elven, R. (red.), Lid, J. & Lid, D. T., 1994: Norsk flora. 6. utgåve. Det Norske Samlaget, Oslo. 1014 s.
- Fagerhaug, A., 1997: Kartlegging av miljøgifter i marine sedimenter i Møre og Romsdal. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernavingdelinga, rapport 4-1997. 26 s. + vedlegg.
- Fiske, P., 1985: Kvitryggspett *Dendrocopus leucotos* i Møre og Romsdal. *Rallus* 15: 76-82.
- Fjelddalen, J., 1963: Insect Species Recorded as New Pests on Cultivated Plants in Norway 1946-62. *Norsk Ent. Tidsskr.* 12: 129-.
- Flatberg, K. I., 1986: Taxonomy, morphovariation, distribution and ecology of the *Sphagnum imbricatum* complex with main reference to Norway. *Gunneria* 54:1-118.
- Folkestad, A. O., 1976: Generell del. Registrering av område som er av verdi for friluftsliv og naturvern i Møre og Romsdal. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernavingd. 57 s. + vedlegg.
- Folkestad, A. O., 1976: Vestnes kommune. Friluftsliv og naturvern i Møre og Romsdal, spesiell del: 14. Møre og Romsdal fylke. Plan- og utbyggingsavingdelinga.
- Folkestad, A. O., 1978: Fylkesvis oversikt over ornitologisk viktige våtmarksområder i Norge. Møre og Romsdal. Miljøverndepartementet, rapport. 13 s. + stort upaginert vedlegg.
- Folkestad, A. O., 1982: The effect of mink predation on some seabird species. I: Myrberget, S. (red.). Negative faktorer for sjøfugl. *Viltrapport* 21:42-49.
- Folkestad, A. O., 1983: Sjøfuglreservatplan for Møre og Romsdal. *Rallus* 13:121-123.
- Folkestad, A. O., 1986: Feøya i Vestnes. Sjøfuglholme med litt av kvart anna. *Rallus* 16:56-57.
- Folkestad, A. O., 1996: Registrering av hekkande sjøfugl i Møre og Romsdal 1994-95. Områda sør for Hustadvika - kommunane frå Vanylven til Fræna. *Norsk Ornitologisk forening afdeling Møre og Romsdal. Ornitologiske undersøkingar Møre og Romsdal. Rapport.* 130 s.
- Folkestad, A. O. & Loen, J., 1998: Hekkande sjøfugl i Møre og Romsdal - ein statusrapport. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernavingdelinga, rapport nr. 4-1998. 125 s.
- Folkestad, A. O. & Valde, K., 1985: Overvintrande sjøfugl i risikoområdet for oljeboring på Møre 1. Supplement til rapport om forundersøkingar av konsekvensar ved oljeboring på Møre 1. Natur- og miljøvern. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernavingdelinga, Rapport nr. 6 -1985. 50 s. + vedlegg.
- Folkestad, A. O. & Valde, K., 1985: Sjøfuglundersøkingar i Møre og Romsdal sommaren 1985. Delrapport i samband med konsekvensvurderingar ved oljeaktivitet på Møre 1. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernavingdelinga, Rapport nr. 9 -1985. 29 s. + vedlegg.
- Folkestad, A. O., Follestad, A. & Johansen, O., 1975: Ornitologisk stasjon Vigra. Årsrapport for 1974. *Rallus* 5:43-61.
- Follestad, A., 1981: Rapport fra LRSK. *Rallus* 11:14-16.
- Follestad, A., 1993: Sjøfuglkartverket. Dekningsgrad og alder på dataene i kystdata-basen. NINA Oppdragsmelding 237: 1-50.
- Follestad, A. & Ålbu, T., 1983: Atlasprosjektet. *Rallus* 13:40-85.
- Follestad, B. A., Larsen, E., Blikra, H., Longva, O., Anda, E., Sønstegaard, E. & Reite, A. Aa, 1994: Løsmassekart over Møre og Romsdal fylke. Beskrivelse. Kartvedlegg: Løsmassekart M 1:250 000. *Norges geologiske undersøking skrifter* 112. 52 s.
- Follestad, B. A., 1995: Møre og Romsdal fylke - kvartærgeologisk kart 1:250 000. *Norges geologiske undersøking.* 1 kart.
- Fremstad, E. & Kvenild, L., 1993: Fattig heivegetasjon i Norge; utbredelseskart. NINA Oppdragsmelding 188: 1-17.
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Møre og Romsdal Fylkeskommune, 1994: Fylkesdelplan for elveoslandskap i Møre og Romsdal. Møre og Romsdal fylkeskommune, nærings- og miljøavingdelinga. 1-31 + vedlegg.
